

Framtida i historielærebøker

Av

Daniel Torkelsen



Masteravhandling i Historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Det humanistiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

20.11.2018

Abstract

In this thesis I analyze three contemporary history textbooks from the Norwegian high school. With the goal of saying something about what future expectances they hold. The purpose is to visualize the future dimension of history. An important aspect of history didactics has been how the past, the present and the future affect each other. This thesis lean on the understanding that knowledge of the past shape what we can expect from the future, and aim to say something about how this is realized in history textbooks.

In order to clarify the past dimension in the books, I have benefited from the project *Fortalt fortid*. Both how they see the narrative as a fundamental way of understanding the past, and how they use the narrative as an analytical tool. I have also used, among others, the typology of Jörn Rüsen to discuss what function the narratives may have.

The main findings in this thesis is that the future in the textbooks are characterized by threats and uncertainty. The analyses also shows that putting the past into a framework of understanding, makes the past emerge as more relevant in the present, and points out a clearer direction for the future.

Føreord

Eg vil takke rettleiar Christian Sæle for tolmod, gode råd og nødvendig press. Eg vil og takke Hjørdis, Kåre, Jørgen, Marte, Arne Håkon og Alice for lesing og råd. Tusen takk.

Innholdsliste

1. INNLEIING	6
1.1. HISTORIEMEDVIT OG HISTORIEDIDAKTIKK.....	6
1.2. FRAMTID.....	8
1.3. FORTELJING.....	9
1.4. PROBLEMSTILLING.....	10
1.5. ARBEIDSSPØRSMÅL.....	11
1.5.1. <i>Tropar</i>	11
1.5.2. <i>Metode</i>	14
1.5. LÆREBØKENE OG LÆREPLANEN.....	15
1.5.1. <i>Framtidsforventningar i læreplanen</i>	16
2. PERSPEKTIVER	18
2.1. DEMOKRATIFORTELJING.....	18
2.1.1. <i>Dei demokratiske revolusjonane</i>	18
2.1.2. <i>Demokratiutvikling i Noreg i omtrent same periode</i>	21
2.1.3. <i>Europeisk kolonisering</i>	22
2.1.4. <i>Demokratiet blir målestokk</i>	23
2.1.5. <i>Mellomkrigstida i verdshistoria: demokratiet blir omringa</i>	23
2.1.6. <i>Noreg unngår ekstremismen</i>	24
2.1.7. <i>Andre verdskrig</i>	26
2.1.8. <i>Kald krig og kritikk mot USA</i>	27
2.1.9. <i>Kina i kontrast til Japan</i>	28
2.1.10. <i>Skjørt demokrati i Afrika</i>	29
2.1.11. <i>Midtausten</i>	31
2.1.12. <i>Demokratiforteljning eller ei forteljning om maktbalanse i endring?</i>	32
2.1.13. <i>Samandrag</i>	34
2.2. NOREG ETTER ANDRE VERDSKRIG.....	35
2.2.1. <i>Samandrag</i>	37
2.3. DEN ØKONOMISKE DIMENSJONEN.....	38
2.5. RELIGION.....	40
2.6. UTVIKLINGSTREKK FORFATTARANE SER I SAMTIDA.....	42
2.6.1. <i>Ekstremisme</i>	43
2.9. FRAMTIDSFORVENTNINGAR.....	44
3. TIDSLINJER	47
3.1. EI KRITISK FORTELJING OM DET ØKONOMISKE SYSTEMET.....	47
3.1.1. <i>Starten</i>	47
3.1.2. <i>Den tidlige industrialiseringa i Noreg</i>	50
3.1.3. <i>Kolonisering og økonomiske skilnader</i>	50

3.1.4. Demokratiutvikling i Noreg, i kontekst av sosiale skilnadar.....	51
3.1.5. Sosialismen.....	52
3.1.6. Økonomisk utvikling i Vesten etter andre verdskrig.....	53
3.1.7. Økonomisk vendepunkt i Noreg.....	55
3.1.8. Økonomisk utvikling i Afrika og Asia.....	56
3.1.9. Det økonomiske systemet som trussel mot klimaet.....	58
3.1.10. Klimaproblema er urettferdige.....	58
3.1.11. Global økonomi som grådig og ulovlig.....	59
3.1.12. Samandrag.....	60
3.2. DEMOKRATI.....	61
3.2.1. Ein uklar demokratisk front i Tidslinjer.....	62
3.2.2. Det norske demokratiet i mellomkrigstida.....	63
3.2.3. Demokratiet som tradisjon.....	64
3.2.4. Samandrag.....	64
3.3. NYE TRUSLAR.....	64
3.4. NOREG.....	66
3.4.1 Andre verdskrig.....	66
3.4.2. Etter andre verdskrig.....	68
3.5. FRAMTIDSFORVENTNINGAR.....	69
4. ALLE TIDERS HISTORIE.....	72
4.1. EIT MAKTPERSPEKTIV.....	73
4.1.1. Eit annleis demokrati.....	74
4.1.2. Dei demokratiske ideala under nyimperialismen.....	75
4.1.3. Kald krig og starten på NATO.....	77
4.1.4. Kald krig i Alle tiders historie i forhold til Tidslinjer:.....	78
4.1.5. NATO.....	79
4.1.6. Demokrati mot terror og NATOs mandat.....	80
4.2. FRAMTIDSFORVENTNINGAR.....	82
5. AVSLUTNING.....	85
5.1. FORTELJINGSOMGREPA OG ARBEIDSSPØRSMÅL.....	86
5.1.1. Arbeidsspørsmål.....	86
5.2. FORTELJINGANE OPP I MOT ARONSSON OG RÜSEN SINE TROPER.....	88
5.3. SAMTIDA I LÆREBØKENE.....	89
5.4. NOKRE AV FUNNA OPP I MOT LÆREPLANEN.....	90
LITTERATURLISTE.....	92

1. Innleiing

I denne oppgåva skal eg analysere tre historielærebøker. Målet for analysane er å kunne seie noko om kva framtidssforventningar bøkene legg opp til. Bakgrunnen for oppgåva er omgrepet historiemedvit som har stått sentralt innanfor historiedidaktikken. Historiemedvit er definert på ulike måtar, men dei fleste er einige om at det handlar om samanhengar mellom fortid, samtid og framtid. Historiedidaktikaren Jörn Rüsen har påpeika at historiemedvit er eit orienterande modus som tar utgangspunkt i samtida og inkluderer tolking av fortida og ei forventning om framtida.¹ Omgrepet har også fått innpass i skulesystemet. I dagens læreplan er omgrepet nemnd, og fleire av måla tek sikte på å sjå samanhengar mellom tidsdimensjonane.

1.1. Historiemedvit og historiedidaktikk

Ifølgje historiedidaktikaren Bernard Erik Jensen er historie *å leve i og med tid*.²

Utgangspunktet for Jensen sitt historieomgrep er historiemedvitsomgrepet. Sistnemnde kan definerast som ein mental aktivitet som knytt samanhengar mellom fortid, samtid og framtid slik at vi kan orientere oss i tid. I eit slikt perspektiv handlar ikkje historie berre om fortida, men og om samtida og framtida. Dette er utgangspunktet for denne oppgåva. Kunnskap om fortida er med på å skape eit erfaringsrom hos oss, som påverkar våre forventningar til framtida. Historielærebøker bidreg med kunnskap om fortida. Det er innanfor historiedidaktikken at dette synet på historie har utvikla seg. Her vil eg gjere kort reie for nokre trekk ved denne utviklinga.³

På 1960-talet var det ein gjennomgåande samfunnskritikk som inneheldt blant anna eit oppgjær med positivismen. Dette fekk konsekvensar for både vitskapsfag og skulefag. Det var med denne bakgrunnen at fagdidaktikkane oppstod. Dei skulle gjere reie for relevansen og funksjonen som deira respektive fag hadde i samfunnet. Dette skjedde også med historiefaget. Storbritannia og Vest-Tyskland vart sentrum for kvar sine historiedidaktiske retningar. Felles for dei var at brukarane av historie ikkje vart sett på som passive mottakarar av kunnskap, men aktive kunnskapssøkarar. På denne måten gjekk begge retningane i mot «påfyllingspedagogikken» som tidligare dominerte. Faget hadde ei eksistensiell krise i Storbritannia og var på eit tidspunkt valfag i skulen. For å snu trenden utvikla det seg ein

¹ Rüsen 2004: 66.

² Jensen 2004. Sidetal manglar i artikkelen.

³ Svein Olav Stugu har meir om dette i sin artikkel «Frå undervisningslære til teori om historiemedvit og historiekultur – nokre nyare utviklingslinjer i historiedidaktikken».

historiedidaktikk som fokuserte på kjeldekritikk og det å sjå samanhengar i historia, heller enn å pugge historiske fakta.⁴

På 70-talet i Vest-Tyskland fekk den historiedidaktiske utviklinga ein meir grunnleggjande karakter. Utdanningsinstitusjonar vart skulda for å vere ein del av eit autoritært system, som ifølgje kritikarane ikkje bidrog til å utdanne demokratiske borgarar i tråd med den demokratiske styringsmodellen som Vest-Tyskland merka seg med. Vidare vart historiefaget kritisert for å bere preg av positivismens tru på at det var mogleg med verdinøytrale og objektive sanningar om fortida, samtidig var dagsaktuelle samfunnsspørsmål etterspurd i faget.⁵

Innanfor den vest-tyske historiedidaktikken kom eit motsvar til kritikken mot det tyske skulesystemet via omgrepet historiemedvit. Omgrepet gav eit teoretisk grunnlag til historie som ein viktig del av allmenndanninga, ved at omgrepet dreia seg rundt menneskjer sin sjølvforståing og livsorientering.⁶ Det har blitt skriva fleire definisjonar av historiemedvit, men Karl Ernst Jeismann var tidlig ute og definerte det blant anna på denne måten: «Historiebevissthet [omfattar] sammenhengen mellom fortidsfortolkning, samtidsforståelse og fremtidsperspektiver».⁷ Sidan det ikkje berre er skulefaget som tilbyr grunnlaget for folk sine tolkingar av fortida, fatta historiedidaktikken interesse for historieformidling breitt i samfunnet. Omgrepet bidrog også til å gjere historiedidaktikken til ein eigen forskingsdisiplin.⁸ Fleire historiedidaktikkarar, deriblant Jensen, har nytta historieteoretikaren Reinhart Koselleck sin definisjon: «Historiebevissthet vedrører det saksforhold at i en levd nåtid er fortid nærværende og virksom som erindring og fremtid nærværende og virksom som forventning.» Koselleck har også bidrege med omgrepa «erfaringsrom» og «forventningshorisont», som er til stades samtidig i samtida.⁹

Utgangspunktet for denne oppgåva er at fortida og framtida er verksam i samtida, og at tidsdimensjonane påverkar kvarandre. Lærebøkene inneheld kunnskap om fortida som kan påverke kva ein som lesar kan forvente av framtida.

Det er gjort ein del forskning på historiemedvit både i skulen og i lærebøker. Ein del av dette har vore retta mot ungdommar, lærarar og lærarstudentar sitt historiemedvit.¹⁰ Det er og blitt undersøkt korleis historielærebøker legg opp til å utvikle historiemedvit. Mi oppgåve

⁴ Kvande og Naastad 2013: 31; Stugu 2000: 16.

⁵ Stugu 2000: 5. Sæle 2013: 17.

⁶ Stugu 2000: 6.

⁷ Kvande og Naastad 2013: 45.

⁸ Sæle 2013: 22.

⁹ Kvande og Naastad 2013: 22, 45; Ammert 2010: 18; Jensen 2004.

¹⁰ Knudsen 2006. Bøes 1996. Angevik og von Borries 1997. Paulssen 2011.

legg historiemedvit til grunn, men fokuserer primært på framtdimensjonen.¹¹ Halvdan Eikeland har skrivt ein artikkel om kor vidt læreplan og lærebøker er «framtdorientert» eller «fortidsfiksrt». Han tek føre seg Noreg under andre verdskrig i bøkene, og skriv om korleis lærebøkene legg opp til å knytte denne hendinga til samtida og framtida.¹² Han er meir oppteken av korleis dette skjer i lærebøkene, medan eg ynskjer å seie noko om kva denne framtida inneberer. Eg har ikkje ei tematisk avgrensing slik som Eikeland, og søker å sjå framtidshorizonten i sin heilheit i bøkene. Via forteljingsomgrepet ynskjer eg å finne det bøkene legg opp til at er viktig i fortida, og vurdere framtida ut frå dette.

1.2. Framtid

Klas-Göran Karlsson skriver at framtida si funksjon i historiemedvitet ikkje er underordna dei andre tidsdimensjonane, altså at det vi forventar oss påverkar vårt blikk mot fortida:

"Vad vi förväntar om det som ska komma påverkar också vårt sätt att minnas det som har varit."¹³ Peter Aronsson har ei liknande formulering: «uppfatningar om det förflutna är bundna till upplevda hot [truslar] och möligheter inför framtiden och utformas dialektiskt i relation till dessa.»¹⁴ Truslar og moglegheiter, farar og lengsler for framtida er avgjerande for kva deler av historiekulturen som blir aktivisert, skriver Aronsson. I ein modell viser han korleis han ser relasjonen mellom minner og forteljingar: «Minnelogikk» blir trigga av forventingshorizonten og aktiverer erfaringsrommet, mens «forteljingslogikk» blir trigga av erfaringsrommet og strekk seg mot forventningshorizonten. Vidare skriv han at «minnelogikken» ikkje er like teoretisk kartlagd som historiekulturen, og spør: «hur ser de framtdbruk ut som utifrån samtiden sätter i gång ett historiebruk?»¹⁵ Kjeldene for denne analysen er historiebøker og blir ein del av historiekulturen. Det er «forteljingslogikken» som er relevant for denne oppgåva.

Innanfor nyare historieteori har det vore ein debatt om kor vidt tida vi lever i no pregast av ei samtid som overskygger fortida og framtida. Det har vorte argumentert for at fortida blir dradd inn i samtida ved hjelp av ei utbreidd pliktkjensle om å minnast tidlegare generasjonar. Samtidig pregast framtida av usikkerheit meir enn moglegheiter, noko som medfører eit ynskje om å vidareføre samtida inn i framtida. Dette blir satt i kontrast til periodar av moderniteten då det fanst utstrakt framtdoptimisme i samfunnet. Ein

¹¹ Ammert 2010. Ask 2009.

¹² Eikeland 2013.

¹³ Karlsson 2009: 47.

¹⁴ Aronsson 2004: 70.

¹⁵ Ibid.: 71.

representant for dette synet er den franske historikaren François Hartog. Han argumenterer for at Sovjetunionens fall markerte eit skilje, frå tidsfortsaying prega av framtidsutopi, til å søke attende til tradisjonar, som han ser i forhold til framveksten av blant anna fundamentalistiske rørsler.¹⁶

1.3. Forteljing

Fortalt fortid, redigert av Heiret, Ryymin og Skålevåg, er eit historiografisk prosjekt som undersøkte norsk historieskriving ved hjelp av forteljing som analytisk reiskap. Kjeldene og formålet med denne analysen er annleis, men likevel trur eg at forteljingsomgrepet slik Heiret presenterer det, vil vere ein fruktbar inngang til å lese ut framtidsforventningar i lærebøkene. Her vil eg vise til nokre sentrale standpunkt som forfattarane har vektlagt i diskusjonen om forteljinga si posisjon og eigenskapar i formidlinga av historie.

Hayden White har brukt forteljingsomgrepet til å vise det fiktive aspektet ved historiske forteljingar.¹⁷ Eit sentralt poeng for han er at historikaren skapar samanhengane som kjeldene vart satt inn i. Slik får kjeldene meiningsinnhald og dermed blir historia konstruert av historikaren. Kjeldene seier ingenting om sin betydning i seg sjølv. Det er i form av forteljinga at kjeldene blir sett i samanheng, for å gjere fortida forståelig må vi fortelje om den.

Vidare kunne White bevise at historiske verk, på lik linje med skjønnlitteratur, kan plasserast inn i arketyriske forteljingar. White henta forteljingstypene sine frå litteraturvitskapen, og liknar noko anna enn sanningssøkande historiske tekstar: Romanse, tragedie, komedie og satire.¹⁸ Ved å vise korleis historikarar skreiv verka sine i tråd med desse litterære arketyriske forteljingane, vart skiljet mellom fiksjon og historie uklart, ifølgje White.

Paul Ricoeur har argumentert for ei anna oppfatning. Han såg forteljinga som grunnleggjande for den historiske erkjenninga, og at skiljet mellom fiksjon og historie går ved at dei historiske forteljingane søker å representere hendingar som faktisk har skjedd, medan fiksjon er slike forteljingar sin motsetting.¹⁹

Heiret viser også til Rüsen, som fokuserer på funksjonen til dei historiske forteljingane. Rüsen argumenterte for at White oversåg det fundamentale ved historie når han

¹⁶ Bangstad 2007: 30-33.

¹⁷ Heiret, Ryymin og Skålevåg 2013: 29.

¹⁸ Ibid.

¹⁹ Ibid.

avskreiv dei historiske forteljningane som «litteratur». Rüsen ser historie som ein sentral del av liva våre og eit reiskap til å orientere oss i tid. På same måte som vi orienterar oss i rommet, kan vi sjå kvar vi er ved å vite kvar vi kommer frå. Via historiemedvitet kan fortida syne oss kva som er særlege med den tida vi lever i. Rüsen skriv at ved hjelp av historiemedvitet blir fortida ein spegel som syner samtida: «Historical consiousness evokes the past as a mirror to experiences within which life in the present is reflected and its temporal features revealed», samtidig som fortida kan bidra til å lære om framtida: «History is the mirror of past actuality into which the present peers in order to learn something about its future.»²⁰

Forteljninga er også sentral for Rüsen. Han skriver at vi skaper forteljingar etter vårt behov for å orientere oss i tid.²¹ Gjennom omgrepet narrativ kompetanse forklarar Rüsen korleis orientering i tid blir kopla til forteljninga. Halvdan Eikeland har oversett omgrepet til norsk: «Gjennom fortelling og samtale bygd på historisk erindring, plasserer enkeltindivid og samfunnsgrupper seg selv i en tidssammenheng, og dermed langt utover grensene for egen levetid - i et forhold til fortid og framtid.»²² Narrativ kompetanse handlar om evna til å plasserer seg i ein tidssamanheng.

1.4. Problemstilling

Problemstilling for denne oppgåva er, *kva forventningar om framtida legg forteljningane i historielærebøker frå vidaregåande skule opp til?*

Framtidsdimensjonen har innanfor historiedidaktikken vorte omtalt som ein nærværande og verksam del av vår oppleving av tid. Kunnskap om fortida i lærebøkene kjem primært i form av forteljningar. Det blir dermed naturleg å analysere forteljningane for å seie noko om framtidforventningar. Rüsen skriver at gjennom å fortelje om fortida skapar vi samanhengar mellom tidsdimensjonane. Det er gjennom forteljninga at vi aktiverer historiemedvitet og orienterer oss i tid.²³

Oppgåva blir ikkje eit forsøk på å seie i kva grad eller korleis *historiemedvitsomgrepet* blir brukt i lærebøkene. Likevel vil dei samanhengane mellom tidsdimensjonane som finst i læreboka, vere viktige bidragsytarar til å skape framtidforventningar, men det kan også tenkast at motsett skjer. Om viktige fenomen ikkje blir knytt til andre hendingar i fortida, eller trer fram som lausrivne frå kontekst, vil dei tre fram som nye og unike for ei gitt tid.

²⁰ Rüsen 2004: 67; Carr 2006: 231.

²¹ Rüsen 1987: 88.

²² Eikeland 2013: 103.

²³ Rüsen 2004: 69.

1.5. Arbeidsspørsmål

I møte med lærebøkene vil eg nytte omgrepa *grunnforteljing*, *hovudforteljing* og *sideforteljing*. Desse er «opne» analysekategoriar som skal fyllast med innhald frå lærebøkene. I tillegg vil eg nytte tropar som har eit meiningsinnhald til å diskutere bøkene med. Desse vil eg nytte til å setje funna i perspektiv og vise til liknadar og skilnadar med bøkene.

Ei *grunnfortelling* er narrative rammer og fortellingsmønster som går igjen i ulike tekstar. Heiret nyttar nasjonen som eit døme på ei narrativ ramme for historieskrivinga på 1800-talet. Gjennom historieskrivinga i denne perioden fekk det norske folket identitet på kostnad av minoritetar. I mi analyse skal eg lese tre lærebøker, om det er trekk som går igjen er det mogleg å nytte omgrepet, men alle bøkene er likevel innafor same historiske praksis, og det kan tenkast at slike fortellingstrekk er spesifikke for læreboksjangeren.²⁴

Hovudforteljing er den eller dei meiningsbærande forteljingane i eit enkelt verk: det som knyter dei ulike delane i teksten saman, eller sagt på ein anna måte, teksten sin konfigurerande dimensjon. *Hovudforteljinga* er ein «sammenbindende idé, et perspektiv eller en synsmåte som preger utvelgeslen av de relevante forholdene som skal til for å fortelle den aktuelle historien.»²⁵ *Sideforteljingar* er forteljingar som med eit eige tema eller kronologi. Men som likevel byggjer opp under *hovudforteljinga* i eit verk.

For å finne *hovudforteljinga* skal i eit verk vil eg sjå etter kva aktørar, hendingar og fenomen som står i sentrum for dei historiske forteljingane. Relevante spørsmål vil vere: kva driv forteljinga vidare? Er det til dømes økonomi, nasjonar eller individ? Representerer dei ein større ide eller samanheng? Kva subjektposisjonar blir skrive fram? Offer – heltar? Det kan og vera nyttig å sjå etter kva rolle forfattarane får i bøkene. For eksempel om dei trer fram som advokatar for undertrykka grupper, eller faneberarar for verdsfred eller liknande.²⁶ Korleis lærebøkene deler inn periodane i stoffet kan også bli relevant.

1.5.1. Tropar

Peter Aronsson har skrive det han kallar *historiekulturens grunntroper*. Historiekultur definerer han på denne måten: "Historiekultur er kjelder, artefakter, ritual, vanar, og påstandar

²⁴ Heiret, Ryymin og Skålevåg 2013: 25.

²⁵ Ibid: 26.

²⁶ Ibid: 27.

med referansar til fortida som tilbyr handgripelige moglegheiter til å opprette relasjonen mellom fortid, samtid og framtid.²⁷ Til liks med Rösen er Aronsson sine tropar uttrykk for historiemedvit, dei er idealtypar for samanhengar mellom fortid, samtid og framtid. Tropane til Aronsson er interesserte i forhold til meiningsinnhaldet i ei forteljing. Han skriv at forma til eit uttrykk er ein viktig del av meiningsinnhaldet.²⁸ Rösen sine tropar er interessante i forhold til kva funksjonen forteljingar har. Desse tropane vil eg nytte der det er relevant i møte med dei forteljingane eg finner.

Aronsson si trope *det skjer intet nytt under solen* er eit uttrykk for ei kontinuerleg tidsoppfatning, ting endrar seg ikkje. Framtidsdimensjonen i denne tropen vil vere at det som har skjedd vil skje igjen, nokon ting kan vi vente skjer i framtida på same måte som det har skjedd i fortida. Aronsson viser til religiøse tekstar – det som har skjedd ein gong er heile tida nærværande. Eit anna døme er Thukydid som meinte at det som hadde skjedd i fortida kom til å inntreffe på same måte i framtida.²⁹

I tropen *historia gjentar seg ikkje – då er heilt annleis enn no*, er kontrasten mellom det gamle og det nye essensiell, det gamle blir brukt til å forme sølvforståinga til det nye. Aronsson skriver at dette kan vere ei grunnform som passer det moderne samfunnets sjølvforståing. Det er ikkje forandringa som er viktig her, men å identifisere vår eigen verden ved å skilje den frå fortida. Når kontrasten mellom samtid og fortid blir meiningsfull vil ikkje fortida ha særlig innverknad på framtida. Fenomen trer fram som nye og historisk kunnskap blir mindre relevant.

Forandring får sitt uttrykk i tropen *gullalder*. Det handlar om at alt var betre før, og at no gjeld det å komme tilbake til, eller opprette den gode tida på ny. Framtida vil truleg vere prega av truslar snarare enn moglegheiter i denne tropen.

Tropen *framsteget- fra mørket går vi mot lyset* legg til liks med førre trope utvikling til grunn, men med eit motesett forteikn. Ifølgje Aronsson henger desse to tropane ofte saman. Han nyttar moderniseringa av Sverige som døme, ei typisk framstilling er ein kombinasjon av tropane *framsteget* og *gullalder*. *Framsteget* handlar om at landet gjekk frå å vere fattig til rik, frå store skilandar til meir liknad i samfunnet. Samtidig med ei forteljing om at folk ikkje stiller opp på ideelt arbeid/dugnad etter at kommunane tok over deler av omsorga i samfunnet – det var betre før, folk tok meir vare på kvarandre.³⁰

²⁷ Aronsson 2004: 17(min oversettelse).

²⁸ Aronsson 2004: 78.

²⁹ Aronsson 2004: 79.

³⁰ Aronsson 2004: 81.

Keyser Nielsen bidrege med *u-modellen* utviklinga går frå at det først var gode tider, så intraff noko negativt, men at vi no er på veg mot gode tider att.³¹

Rüsen sin tropar

Rüsen sine tropar er fire ulike grunnleggjande måtar vi dannar samanhengar mellom tidsdimensjonane på. Som eg har vore inne på skriver Rüsen at historie har ein eksistensiell funksjon. Via historiemedvitet vårt kan vi plassere oss inn i ein tidsmessig kontekst, ved å aktualisere fortida i samtida, kan vi peike ut ein veg inn i framtida. Slik orienterer vi oss i tid. På denne måten kan vi og ta del i ein større samanheng som overgår vår eiga levetid. Dette kan ta brodden av det meiningslause med tilværet, skriver Rüsen.³² Dei fire tropane representerer fire ulike typiske tidssamanhengar, som vi kan sjå oss sjølv i forhold til.

Tradisjonelle forteljingar er ofte opphavsmyster, dei understreker kontinuitet i historia og trer dermed fram som evige. Heilt utan tradisjonar vil vi miste fotfestet skriv Rüsen. Slike forteljingar bidrar til å skape kulturell identitet eller legitimere praksisar, og gjer dette ved å vise til tradisjon.³³

Eksemplariske forteljingar konkretiserer abstrakte verdiar, regler eller prinsipp. Dei viser til våre evne til å generalisere. Eit prinsipp kan fungere til ulike tider og i ulike situasjonar. Slike historiske forteljingar legg opp til å lære av historia, forteljingane vil bli dømer til etterfølging eller avskrekking, og dermed legitimere regelen/prinsippet. Både *tradisjonelle-* og *eksemplariske* forteljingar viser til eit tidsperspektiv som er evig. Det har alltid vore slik (tradisjonen eller prinsippet/regelen) og kjem alltid til å vere slik. Framtidsforventninga vil dermed vere at det forteljingane dreier seg om gjentar seg. Funksjonen til *tradisjonsforteljingar* vil vere å oppmode til å ta vare på tradisjonen, det som går i mot tradisjonen blir ein trussel. *Eksemplariske forteljingar* vil ha ein meir kompleks funksjon. Framtidsforventninga vil ligge i kor vidt prinsippet eller regelen som konkretiserast i forteljinga, vil kunne skje i framtida, og om det er ønskeleg eller ikkje.

Kritiske forteljingar baserer seg på kritikk av tradisjonar, regler eller prinsipp. Desse forteljingane setter fokus på at ting ikkje alltid har vore som det er, og søker å erstatte ein eksisterande forteljing med ein ny. På grunn av at slike forteljingar søker å endre noko som har vore lenge, utan å skrive fram eit alternativ vil framtidsforventningane vere prega av usikkerheit. Det kontinuerlege og varige kan endrast, men til kva?

³¹ Ryymin 2017: 27.

³² Rüsen 1987: 88.

³³ Ibid.: 90.

I *utviklingsforteljingar* er forandringa meiningsbærande. Slike forteljingar vil ofte vise korleis fenomen har utvikla seg frå å vere ukjende livsformar til slik vi kjenner dei i dag. Rösen skriver at slike forteljingar inneheld eit tidsperspektiv der forandring blir det kontinuerlege. *Kritiske forteljingar* ser ikkje forandring som meiningsfull i seg sjølv, berre i den grad det kan endre på tingenes tilstand. Her blir det meiningsfulle å erstatte det etablerte, med noko nytt.³⁴ Framtidsdimensjonen i *utviklingsforteljingar* vil primært vere ei forventning om at vi og verda rundt oss vil forandre seg. Dette vil innebere eit større handlingsrom, sidan framtida vil vere noko anna enn fortida. Det gir også eit større ansvar til den enkelte. Ein må vurdere fortida og sjå kva framtid som er mogleg og ønskeleg. Sidan fenomen ikkje får eit tidsperspektiv som evig i slike forteljingar kan ein heller ikkje ta dei ynskjelege fenomena for gitt. Til dømes visst ein setter pris på dei demokratiske verdiane, må ein ta høgde for at dei vil endre seg, korleis ein hanskar med dei i dag vil ha innverknad for korleis dei blir i framtida. Når ein forklarar korleis eit fenomen har endra seg gjennom historia vil dette gi ein bestemt retning for framtida.

Ifølgje Rösen kan ein finne alle desse «typane» i alle historiske tekstar samtidig, men det er oftast ein av dei som dominerar.³⁵

Det er også relevant å sjå etter analogiar, altså samanhengar forfattarane opprettar i historia. Analogiar vil framheve visse deler av historia ved å påpeike noko gjentakande ved eit fenomen. Når noko gjentar seg i fortida vil det virke meir sannsynleg at det skal gjenta seg i framtida. På denne måten legg analogiar opp til å vi kan lære av historia.

1.4.2 Metode

Forteljingsomgrepa og tropane utgjer spørsmåla eg vil rette mot lærebøkene for å finne framtidforventingane i dei. Reint praktisk vil eg analysere ei bok først, deretter ta føre meg neste og samanlikne med den førre, og til slutt den siste og samanlikne med dei to andre. Eg vil etterstreve å lese bøkene på eit sjølvstendig grunnlag, men ei innvending mot denne framgangsmåten kan vere at lesinga av den første boka vil prege lesinga av dei andre. Dette vil vera eit problem uansett. Eit alternativ kunne vore å lese alle bøkene før ein byrja å samanlikne dei, med dette kunne ha gått på kostnad av kvar bok sin eigenart.

Analysane av bøkene er delt inn etter ulike framtidforventningar. Dei ulike framtidforventingane er i blant i nær relasjon til kvarandre, slik at det å dele dei opp kan tre

³⁴ Heiret, Ryymin og Skålevåg 2013: 28; Rösen 2004: 71-77.

³⁵ Heiret, Ryymin og Skålevåg. 2013: 28.

fram som noko oppstykk. På andre sida, skulle ein følgd forteljinga i læreboka måtte eg ha skrive om fleire framtidsforventningar samtidig, dette ville truleg ikkje bidrege til klargjering av funna, men heller motsett. Inndeling eg har valt er lettare å identifisere og diskutere konkrete fenomen som pregar framtida i dei ulike bøkene, sjølv om ei slik avveging kan gå på kostnad av flyten.

Det siste kapittelet i kvar bok vil bli viktig indikator for kva som vil vente i framtida. Bøkene avsluttast ved samtida. Avslutningane vil difor vere springbrettet inn i framtida. Å ta med resten av forteljingane vil likevel gi eit vurderingsgrunnlag for dei forventningane som trer fram mot slutten. Informasjon om kva som har endra seg, og kva som er kontinuerleg gjennom forteljinga vil prege dei fenomena som strekk seg inn i framtida.

Eg vil og ha eit auge med bileta i læreboka der dette kan bidra til meiningsinnhaldet i forteljingane. Det kan tenkast at bileta er med på å gjere forteljinga meir dramatisk, eller nyansert eller bekreftar hovudpoenga.

1.5. Lærebøkene og læreplanen

Som vist over er det tre historielærebøker som utgjer kjeldegrunnlaget for denne oppgåva. Innanfor sine forlag er desse dei siste utgivnadane som dekker pensumet for tredje vidaregåande. Det er *Perspektiver* frå Gyldendal, utkom i 2014. *Tidslinjer* frå H. Aschehoug & Co, kom ut i 2011 og til slutt *Alle tiders historie* frå Cappelen Damm, frå 2014. Alle bøkene er skriva innanfor den same læreplanen. Den utgava av *Alle tiders historie* som eg nyttar inneheld berre pensumet for Vg3, til skilnad frå *Perspektiver* og *Tidslinjer* som inneheld pensumet for vg2 i tillegg. Pensumet for vg3 er 1700-talet og fram til i dag. Det er denne perioden som ligg til grunn i denne oppgåva. Alle bøkene er inndelt i verdshistorie og noregshistorie.

Ei innvending mot å nytte *hovudforteljingsomgrepet* er at *Perspektiver* og *Tidslinjer* inkluderer pensumet frå vg2 og vg3. Når eg legg til grunn pensumet for vg3 vil eg dermed ikkje analysere heile bøkene. Eg trur ikkje det vil gå utover analysen, sidan dei to delane er meint til å lesast separat. *Alle tiders historie* kjem og i ei utgåve der den er inkludert med pensum for vg2. Så langt eg kan sjå er teksten i desse to utgåvene like.

Læreplanen inndeler historiefaget for tredje klasse til å vere perioden 1700-talet og fram til i dag. Når forfattarane setter punktum vil forteljinga indikere ein retning framover. Bøkene er tiltenkt elevar som er på eit stadium i livet kor mange vel ein utdanningsveg eller eit arbeid. Rösen skriver at viktige hendingar eller «borderline events», er situasjonar som kan

setje i gang historiemedvitet i oss.³⁶ Det å vere på veg ut av vidaregåande opplevast nok svært ulikt hos den enkelte, for dei fleste er det truleg ikkje svært dramatisk. Likevel står dei fleste i denne perioden ovan for nokre val som skal takast. Det kan vere behov for å orientere seg i tid. I så fall er det nærliggjande å spørje korleis samfunnet vårt er, kva som er spesifikt med det og i kva retning ting går. Bør ein søkje jobb i olja? Melde seg inn i Natur og ungdom? Bli med i politikken? Mange som lesar desse lærebøkene vil eg anta tenkjer litt på slike spørsmål.

Med omsyn til omfanget har eg landa på tre av dei nyaste bøkene på ligg på marknaden no. Eg vel dermed å ikkje nytte fortida til å spegle samtida, noko som kunne klargjort kva som var spesifikt med vår eiga tid. Men skulle ein gjort dette ville omfanget fort blitt for stort for denne oppgåva.

Eit særtrekk ved læreboksjangeren er at læreplanen kan vere eit konstituerande dokument. Det kjem fram i bøkene at forfattarane siktar mot å imøtekomme læreplanen: I *Tidslinjer*: «[boka] er skrevet med tanke på å hjelpe leseren til å nå den kompetansen læreplanen legger til grunn»,³⁷ læreplanmåla vert også skrive inn undervegs slik at lesaren kan følgje med på dei etter kvart. Det same gjeld *Alle tiders historie*: «Boka samkøyrer dei to hovuddelane i fagplanen parallelt [...]. Når dei to hovuddelane av læreplanen er knytte så tett saman, vil det vere enklare å få ei heilskapsforståing av historiefaget.»³⁸ *Perspektiver* har ei oversikt bak i boka der ein kan sjå kva kapittel som svarar til ulike kompetansemål.

1.5.1. Framtidsforventningar i læreplanen

Her vil eg gjere kort reie for nokre måtar læreplanen held seg til framtida på. I «Generelle del av læreplanen» er det særleg eit endringsperspektiv som stikk seg ut innleiingsvis. Endring blir eit vilkår for framtida og noko opplæringa skal ruste elvane til å møte:

«Opplæringa skal kvalifisere for produktiv innsats i dagens arbeidsliv, og gi grunnlag for seinare i livet å kunne gå inn i yrke som enno ikkje er skapte. Ho må utvikle dei evner som trengst for spesialiserte oppgåver, og gi ein generell kompetanse som er brei nok for ompesialisering seinare i livet. Opplæringa må både gi tilgjenge til dagens arbeids- og samfunnsliv og kompetanse til å meistre skiftande omgivnader og ei ukjend framtid.»³⁹

³⁶ Karlsson 2009: 51.

³⁷ Eliassen et al. 2011: 2.

³⁸ Heum et al. 2014: 3.

³⁹ Utdanningsdirektoratet 2015. *Generell del av læreplanen*.

Det blir forventa at arbeidslivet kjem til å vere annleis i framtida, og at dette kjem til å skje innanfor arbeidslivet til elevane. I dette perspektivet byr framtida på raske endringar som ein ikkje kan kontrollere, men som ein må førebu seg på.

I tillegg kjem det klart fram at opplæringa skal utdanne demokratiske norske borgarar: «Ho [opplæringa] må fremje demokrati, nasjonal identitet og internasjonalt medvit». ⁴⁰ Det blir ikkje argumentert for kvifor.

I læreplanen for faget konkretiserast nokre verdiar som faget skal framme:

Historiemedvit gir grunnlag for refleksjon over egne verdivalg. [...] Det skal fremme toleranse, gjensidig respekt og forståelse for menneskerettighetene. Historiefaget skal gi innsikt i demokratiets betydning for vårt samfunn, og bidra til bevissthet omkring globale utfordringer. Faget skal stimulere til engasjement og aktiv deltakelse i samfunnslivet ved å utvikle evnen til kritisk, analytisk og kreativ tenkning.» ⁴¹

Vil ein skrive om dette viss verdiane var sjølvsgate? Ein trenger vel ikkje å verne noko som ikkje er trua. Dermed kan ein augne ei forventning om at menneskerettane, respekt, toleranse og gjerne demokratiet vil komme under eit visst press.

Ifølgje føremålsparagrafen, skal faget bidra til personleg utvikling hos elevane:

«Historiefaget kan ha stor betydning for hvordan individet forstår og oppfatter seg selv og samfunnet, og for hvordan den enkelte skaper sin identitet og tilhørighet med andre. [...] Historisk innsikt kan bidra til å forstå egen samtid bedre, og til å forstå at en selv er del av en historisk prosess og skaper historie.» ⁴²

Dette liknar ei oppfatning av tid som ein kan finne i Rüsen sin *utviklingsforteljing*. Endringa blir meiningsfull, eller i det minste uunngåeleg. Identitet og tilhøyrse blir moglege å skape, og dermed moglege å endre. Å sjå individet som skapar av historie må også involvere at individet blir skapar av framtida

⁴⁰ Ibid.

⁴¹ Utdanningsdirektoratet 2009. *Læreplan i historie – fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram.*

⁴² Ibid.

2. Perspektiver

Demokratiet spelar ei sentral rolle i denne læreboka og får dermed mest å seie for framtidsforventningane. Demokratiet som ei frigjerande styreform blir sett opp i mot undertrykking som kjem i form av autoritære regimer og religion. Dette utgjer tyngdepunktet i denne boka. Den økonomiske dimensjonen får i blant spele ei nøkkelrolle. Den blir skildra som føresetnad for demokratiet, som eit sjølvstendig mål for suksess og som ein trussel mot politisk stabilitet ved nedgangstider. Det er fleire fenomen forfattarane tek opp som påverkar framtidsbiletet i det siste kapittelet, som klima, globalisering og terror.

2.1. Demokratiforteljning

Demokratiet får ein sentral plass i læreboka, både på eit moralsk nivå og på eit realpolitisk nivå. Det moralske elementet ved demokratiforteljninga blir realisert ved at demokratiske verdiar blir målestokk for historiske hendingar, som ein måte å vurdere om noko er bra eller dårleg på. Ei slik framstilling kan sjåast i samanheng med Rūsen sin *eksemplariske forteljningar*. Dei demokratiske verdiane trer fram som evige, men det er ikkje ein lang tradisjon det blir vist til, heller at demokratiet stadig blir spegla opp mot undertrykkande styreformar som einevelde, kommunisme og fascisme. Demokratiet blir det einaste gode alternativet i framstillinga. Verdiane blir og brukt til å kritisere demokratiske land som USA. På denne måten blir dei løyste frå spesifikke land og får ein universell karakter.

Til orientering kan ein seie at lesaren av denne boka blir utstyrt med eit moralsk og eit realpolitisk kompass. Det moralske ligg i ein visjon om ei fredeleg verd basert på demokratiske ideal. Demokratiet representerer fridom som motsetnad til undertrykking, samtidig blir økonomi ved fleire anledningar skildra som ein føresetnad for eit fungerande demokrati. Det moralske kompasset viser om noko er godt eller vondt, medan det realpolitiske kompasset syner kva som er mogeleg eller sannsynleg.

Mot slutten av læreboka trer framtidsvisjonen fram som mindre sannsynleg. Dette skjer blant anna på grunn eit Kina blir skildra som ein autoritær utfordrar til USA.

2.1.1. Dei demokratiske revolusjonane

Pensumet for vg3 er nyare historie og startar i *Perspektiver* med Kapittel 8. Periodeinndelinga understreker betydninga av det som skjedde på 1700-talet for utviklinga av samfunnet vårt. Kapittelet introduserer starten på det moderne samfunnet gjennom den franske, den amerikanske og den industrielle revolusjonen. Ved å sidestille desse revolusjonane blir både

omfanget av endringane vektlagd, samtidig som Vest-Europa og USA blir knytt saman i eit fellesskap. Noko heilt nytt er i emning:

«Moderniseringen var synlig innenfor alle felt av samfunnet. Nye tanker og ideer om religion, vitenskap, samfunnsorden og politikk vokste fram. Store økonomiske og sosiale endringer ble fulgt av omfattende politiske endringer, ikke bare for den enkelte mann og kvinne, men også for de europeiske statene og i Amerika.»⁴³

Det demokratiske elementet skil seg ut ved at det blir trekt linjer fram til i dag, samtidig blir det kontinuerlege ved verdiane vektlagd: «Opplysningsfilosofene argumenterte for maktfordeling, yringsfrihet, religionsfrihet, tro på like rettigheter og respekt for folkets mening. Dette er viktige prinsipper i et moderne demokrati, men på 1700-tallet var slike ideer revolusjonære.»⁴⁴ På denne måten trer verdiane fram som urørte av dei omlag 300 siste åra. Forfattarane markerer eit tydeleg skilje mellom det nye og det gamle styresettet. Det demokratiske blir knytt til det moderne og sett i motsetnad til eineveldet, skildra som eit autoritært regime styrt av elitar. Slik vert det tidlige USA omtala:

«Den nye staten USA skilte seg frå de gamle statene i Europa på mange områder: Den hadde ingen adel og ingen grupper i befolkningen med arvelige privilegier. Folket hadde religionsfrihet, og det var ingen begrensninger i trykkefriheten. Mens Europa var styrt av monarker som hadde fått sin posisjon ved arv, ble de som styrte USA, valgt av befolkningen. Den nye staten fremstod dermed som et forbilde for en opplyst befolkning i Europa.»⁴⁵

I *Perspektiver* nemner forfattarane avgrensingane i demokratiet, men prosjektet verkar likevel å vere i tråd med ideane bak: «Et flertall av den mannlige befolkningen fikk stemmerett. Med den amerikanske grunnloven ble altså både Montesquieus maktfordelingsprinsipp og Rousseaus teori om allmennviljen satt ut i praksis.»⁴⁶ Noko meir utfyllande om demokratiet sine avgrensingar kjem i omtalen av det franske revolusjonen, etter ei forklaring på menneskerettane som vart kunngjorde i 1789 som universalistiske:

«Når det gjaldt de politiske rettighetene mente man, [...] at det måtte være visse begrensninger: Stemmeretten ble forbeholdt de såkalte aktive borgere, de som betalte en viss mengde skatt. Dette tilsvarte om lag 75 % av den mannlige befolkningen. Kvinner kunne verken få stemmerett eller stille til valg. Dessuten var

⁴³ Madsen et al.: 212.

⁴⁴ Ibid.: 215.

⁴⁵ Ibid.: 218.

⁴⁶ Ibid.: 219.

det fortsatt noen som ikke engang hadde rett til frihet: de afrikanske slavene som arbeidet for franske plantasjeiere i Vestindia.»⁴⁷

Dei demokratiske ideala får likevel ei særstilling i denne historia. Den franske revolusjonen vert presentert slik:

«Opprettelsen av republikken ble fulgt av en svært voldelig tid, terroren. [...] bortimot 17000 motstandere av revolusjonen [ble] dømt til døden. Enda flere henrettet uten lov og dom [...]. Hvor var det blitt av ideene som rådet ved starten av revolusjonen? [...] tanken om menneskenes likeverd og om folks rett til frihet og sikkerhet? Hva med retten til å gjøre motstand mot undertrykking?»⁴⁸

Dei historiske aktørane som stod bak revolusjonen, blir i sitatet over kritiserte for å gå vekk frå det demokratiske prosjektet. Ein kan identifisere to motstridande krefter som blir skilt frå kvarandre. Det moralske er tydeleg til stades. Den franske revolusjonen blir utsett for eit kritisk blikk, samtidig som den gir dei revolusjonære (demokratiske) ideane stor kraft. Ideane blir kontrastert mot eit brutalt styre, og blir det gode alternativet. Dette kan sjåast i samanheng med Rūsen sin *eksemplariske forteljing*. Det er ikkje tradisjonen til dei demokratiske ideane det blir vist til, men dei trer fram som det gode alternativet til undertrykkinga som skjedde i samtida.

Når forfattarane peikar på korleis «man mente at» det tidlige demokratiet skulle vere avgrensa, er dette med på å stadfeste dei demokratiske ideala til vår samtid. Gjennom å påpeike at til dømes kvinner ikkje hadde stemmerett, blir det oppretta ein kontrast mellom fortida og samtida som identifiserer vår eiga tid sitt ideal om stemmerett for kvinner. I Aronsson si trope *historia forandrar seg ikkje*, skildrar han nettopp kontrasten mellom fortid og notid som meiningsbærande. Sitatet over kan lesast som eit uttrykk for dette. Det er ikkje utviklinga til demokratiet som står i fokus, men skilnaden mellom vår tids eige demokrati og demokratiet under revolusjonen. Resultatet er at dei demokratiske verdiane trer fram som evige, samtidig som det tidlige demokratiet blir skildra som annleis enn vårt. Det er ikkje nødvendigvis ein motsetnad. Det verkar å vere vår samtid sine demokratiske verdiar som blir «evige». Dette skjer nettopp når dei fell saman med det som har skjedd i fortida. Når vår samtid sine demokratiske ideal ikkje fell saman med slik demokratiet såg ut i fortida, blir det danna ein kontrast som gjer at fortida ser framand ut.

Som eg skal komme meir inn på seinare, blir skiljet mellom demokrati og undertrykking polarisert ved fleire høve i denne boka. Den demokratiske styreforma blir

⁴⁷ Ibid.: 220.

⁴⁸ Ibid.: 222.

presentert som frigjerande, mot autoritære regimer som er undetrykkande. Fortsetjinga etter sitatet over kan tene som døme på samspelet mellom det realpolitiske og det moralske:

«De revolusjonære var overbevist om at republikken var det eneste riktige målet, et mål de mente var felles for alle rettenkende mennesker. I arbeidet med å sikre republikken ble altså terror og undertrykking oppfattet som legitime midler. De radikales terrorvelde spredte frykt blant mer moderate revolusjonære.»⁴⁹

Dei demokratiske verdiane består sjølv om historia tek ei anna retning, noko som gjer at verdiane får eit utopisk trekk, dei er til stades sjølv om dei ikkje blir realiserte. I dette tilfellet er det undetrykkande ei generell og gjerne meir abstrakt styreform, representert ved eineveldet i Europa på 1700- og 1800-talet, og terrorveldet etter revolusjonen, men seinare får den undetrykkande trusselen eit tydelegare andlet.

2.1.2. Demokratiutvikling i Noreg i omtrent same periode

Noregshistoria i denne perioden byrjar på ganske lik måte som verdshistoria, med kapitlet «Nasjonsbygging og vekst». Sjølvstende og demokrati blir ein kontrast til eineveldet, og desse to verdiane dannar det organiserande prinsippet i kapitlet: «Utviklingen fra å være underlagt en utenlandsk, eneveldig konge til å bli en selvstendig nasjon med allmenn stemmerett foregikk gjennom flere etapper.»⁵⁰

Samfunnsengasjementet får spele ei nøkkelrolle når det kjem til demokratiseringsprosessen på 1800-talet:

«Vi kan fort få inntrykk av at norsk offentlighet på 1800-tallet dreide seg om maktkampen mellom styringsorganer. I realiteten reflekterte de politiske hendelsene endringer som skjedde ellers i samfunnet. Folks engasjement for hvordan samfunnet burde være, økte.»⁵¹

Mesteparten av æra går altså til det norske folket.

«Fra 1840-årene hadde det vokst fram en ny type offentlighet som viser at både menn og kvinner ble mer aktive deltakere i samfunnet. Folkelig engasjement førte til opprettelsen av en rekke foreninger med ulike formål. [...] Gjennom organisasjonene fikk den gjengse nordmann en mulighet til å øve innflytelse på samfunnet. [...] [D]e utgjorde en arena der nye grupper kunne få erfaring og makt ved å delta i diskusjoner, på møter og i styrer.»⁵²

⁴⁹ Ibid.

⁵⁰ Ibid.: 240.

⁵¹ Ibid.: 248.

⁵² Madsen et al. 2014: 256.

2.1.3. Europeisk kolonisering

I kapitlet «Kampen om verden, 1870-1914» blir europeisk kolonisering i Afrika og Asia sett under lupa. Det er rivaliseringa mellom dei europeiske statane som i stor grad driv forteljinga. Dei demokratiske verdiane blir ikkje vektlagde direkte, men indirekte kan ein augne dei gjennom korleis dei historiske aktørane blir vurderte: «Hensynet til afrikanerne, som allerede bodde i de områdene europeerne ville legge under seg, var mindre viktig. Til tross for at koloniseringen åpenbart kom til å ha stor innvirkning på afrikanernes liv, var ingen representanter fra Afrika til stede på Berlinkonferansen.»⁵³ Læreboka gir dei europeiske elitane likevel noko honnør: «En viss bekymring for afrikanernes levesett var det likevel [...] avtalen inneholdt nemlig [...] punkter som dreide seg om å spre sivilisasjon hos afrikanerne, sørge for moralsk opprustning og avskaffe slavehandelen.»⁵⁴

Sosialdarwinisme blir eit perspektiv å sjå dåtida gjennom, og som gjer koloniseringa forståeleg. Samtidig tar forfattarane avstand frå ideen: «Mens europeerne var siviliserte og velutviklede, var afrikanerne og asiatene usiviliserte, barbariske og farlige og hadde behov for ordentlig (altså europeisk) lederskap».⁵⁵ Sitatet er påfallande ironisk, eg les denne setninga som at europerane var arrogante når dei ønskte å spreie sin sivilisasjon, men setninga kan like godt lesast motsett, at andre område i verda hadde behov for europeisk leiing. Ironien falmar noko i det demokratiet blir sett på som løysinga både i Afrika og særlig i Midtausten seinare i boka. I lys av dette blir sosialdarwinismen feil ideal å spreie.

Kolonitida var dominert av elitestyrte statar med eit stort maktbehov og lite omsyn til dei demokratiske ideala. Forfattarane dannar eit bilete av dei europeiske statane som omsynslause og grådige, drive av konkurranse og økonomiske motiv, der det humane trekket deira var det sjølvpålagte ansvaret for å hjelpe dei som var «mindre utvikla»:

«Hva var årsakene til kappløpet? I løpet av noen få år i 1870-årene vokste europeiske staters appetitt på kolonier til å bli så stor at det førte til en intens rivalisering mellom dem [...]. Vi skal se nærmere på de tre viktigste forklaringene: - Rivalisering [...] – Økonomiske motiver: tilgang til markeder og råvarer – ønsket om å sivilisere folk som ble oppfattet som mindre utviklet.»⁵⁶

⁵³ Ibid.: 268.

⁵⁴ Ibid. Det er her snakk om Berlinkonferansen i 1884.

⁵⁵ Ibid.

⁵⁶ Ibid.

2.1.4. Demokratiet blir målestokk

Den europeiske rivaliseringa kulminerer i kapittelet om første verdenskrig: «Bakgrunnen for krigen var konflikter mellom de europeiske stormaktene.»⁵⁷ Fokuset er i hovudsak på det øvste politiske nivået som i førre kapittel om kolonitida. Sjølv om dei demokratiske ideala er i skuggen av den politiske forteljinga, dukkar skiljet mellom det demokratiske og det undertrykkande styresettet opp. Forfattarane går systematisk gjennom sentrale aktørar og tar temperaturen på det indre konfliktnivået i landa. Målestokken reflekterer skiljet mellom demokrati og undertrykking, og støtter dermed opp under demokratiet som frigjerande og som motsetnad til undertrykking. I Tyskland: «styresettet [gjorde] at mye av makten fremdeles lå hos den gamle eliten. De følte imidlertid at deres makt var truet, særlig av sosialdemokratene». Russland: «[...] hadde et autoritært og undertrykkende regime. Befolkningen hadde mye dårligere levestandard enn ellers i Europa.» Frankrike og Storbritannia: «[...] var de mest demokratiske landene, men [...] store deler av arbeiderklassen følte at de ble undertrykt».⁵⁸ På slutten av kapittelet skriv forfattarane: «I tiden etter første verdenskrig forsøkte de fleste land å unngå nye katastrofer ved å innføre demokratiske grunnlover der hele befolkningen skulle få innflytelse på viktige beslutninger. Men de nye demokratiene skulle vise seg å være skjøre.»⁵⁹

2.1.5. Mellomkrigstida i verdshistoria: demokratiet blir omringa

Mellomkrigstida blir omtala i kapittelet «Ved et veiskille 1919-1939». Demokratiet mot autoritære regimer blir dreingspunktet. Sistenemnde er ikkje lenger einevelde, men har fått to nye andlet: «Tiden etter første verdenskrig var preget av optimisme og tro på demokratiet [...] de demokratiske løsningene ble utfordret av kommunismen i Sovjetunionen og senere fascistiske ideologier [...]»⁶⁰ Fleire av overskriftene i kapittelet speglar denne konflikten: «Mellom to kriger – demokratiet utfordres», «Utfordring fra venstre: kommunismen i Sovjetunionen», «Fred, demokrati og samarbeid i 1920- og 1930-årene» og «Utfordring fra høyre: fascistiske og nazistiske strømninger». Det blir måla eit klart bilete av utfordrarane til demokratiet som brutale alternativ. Til dømes under overskrifta «Utfordring fra venstre: kommunismen i Sovjetunionen» får vi innblikk i den russiske revolusjonen, der avsnittet endar med ei skildring av Sovjet under Stalin:

⁵⁷ Ibid.: 282.

⁵⁸ Ibid.: 288.

⁵⁹ Ibid.: 299.

⁶⁰ Ibid.: 302.

«Noen flyttet frivillig til byene [...] andre ble henrettet eller sendt på tvangsarbeid. [...] Tusenvis av fangeleirer ble [...] opprettet i GULag-systemet. [...] Myndighetene hadde sikret seg korn for å forsyne byene og til og med eksportert korn ut av landet, samtidig som det var sult på landsbygda. Mellom fem og seks millioner mennesker omkom i hungerkatastrofen.»⁶¹

I omtalen av Weimarrepublikken får vi derimot eit innblikk i demokratiets potensiale, som blir ståande i skarp kontrast til fascismen og kommunismen:

«Weimarrepublikken hadde sin glansperiode mellom 1925 og 1930. Tyskland hadde godt utbygde velferdsordninger og en høyt utdannet befolkning. Landet var også et spennende kultursentrum og hadde høyteknologisk industri. Selv i den mest framgangsrike perioden fantes det likevel faresignaler.»⁶²

Ved å nytte positivt ladde ord som «framgangsrik», «glansperiode» og «spennende» i skildringa av Weimarrepublikken, vert det skapt det eit inntrykk av at dette var eit lovande og bra prosjekt, det inkluderte både demokratisk grunnlov og stemmerett for kvinner.⁶³ Avsnittet om Weimarrepublikken kjem etter skildringa av fascismen i Italia, og før forteljinga om nazismen som spreiar seg i Tyskland. Weimarrepublikken står slik sett fram som eit unntak frå ei farleg utvikling i denne perioden. Det blir også poengtert at dette var «[...] Tysklands første virkelige demokratiske regjering».⁶⁴ Demokratiet blir framstilt i dette kapittelet som ein gylden middelveg mellom ekstreme ytterpunkt. Som eg skal komme inn på seinare, blir også Noreg utsett for desse kreftene, men landet kjem trygt gjennom utfordringane. Elles i Europa klarar ikkje landa denne balansegangen.

2.1.6. Noreg unngår ekstremismen

Kapittel 13 «Fra selvstendighet til krig og kriser» omhandlar perioden frå 1900-talet og fram til andre verdskrig. På same måte som i verdshistoria blir demokratiet utfordra frå høgre og venstre. Økonomisk nedgang blir knytt til framvekst av ekstreme krefter på begge sider av den politiske skalaen: «Fattigdom, konflikter og kriser tæret på folks tålmodighet. Ekstreme tanker fikk fotfeste ytterst på begge sider i det politiske landskapet.»⁶⁵ Samanlikna med den vestlege forteljinga blir utfordringane mot det demokratiske i større grad omtala som ekstremisme: «Mellomkrigstiden var også ekstremismens tidsalder. [...] Arbeiderne og

⁶¹ Ibid.: 308.

⁶² Ibid.: 317.

⁶³ Ibid.

⁶⁴ Ibid.

⁶⁵ Ibid.: 336.

Arbeiderpartiet snakket om en revolusjon for å nedkjempe borgerskapets makt over økonomien.»⁶⁶ Og: «Også på høyresiden i det norske samfunnet fant ekstremismen veien. [...] noen ville bekjempe arbeiderbevegelsen. Andre var motstander av demokratiske rettigheter og likhetsidealer.»⁶⁷ Det ekstreme blir sett i opposisjon til demokratiet. I den norske forteljinga er det primært ekstremisme som har vore ein reell trussel mot demokratiet.

Forfattarane reflekterer rundt kvifor det ikkje vart revolusjon i Noreg, og konklusjonen deira er todelt. På den eine sida slo staten ned opprør på eit tidlig tidspunkt, og på den andre sida ble «radikaliseringssvølgen dempet ved at nettopp staten innførte reformer som arbeiderne lenge hadde ønsket. [...] Folk fikk se at det var mulig å få resultater gjennom det demokratiske systemet. En annen sentral grunn var innføringen av en mer rettferdig valgordning i Norge.»⁶⁸

Eit politisk kompromiss gjorde at Noreg kom seg gjennom ei vanskeleg tid etter krakket i 1929. Løysninga kom i form av kriseforliket. Dette var eit resultat av samarbeid mellom to i utgangspunktet bitre politiske motstandarar, Arbeiderpartiet og Bondepartiet. Det er med andre ord evna til kompromiss som gjorde at Noreg ikkje vart kasta ut i dei same ekstreme tilstandane som ein såg i Europa i same perioden.⁶⁹ I bakgrunnen kan ein også augne eit nikk mot statleg innverknad i økonomien (dette kjem tydelegare fram i kapittel 17):⁷⁰

«Nå skulle staten være mer aktiv og stimulerende. Penger skulle brukes for å få fart i arbeidsmarkedet igjen. Prisene på jordbruksvarer økte, og ny industri ble etablert, mens velferdsordninger ble innført. Selv om de to partiene ikke var enig i alt, besto forliket mellom Ap og Bondepartiet gjennom resten av tiåret. De gjennomførte en rekke ordninger som begrenset markedskreftene. Økt kjøpekraft ga økt etterspørsel og arbeid til flere.»⁷¹

Hovudårsaka til at demokratiet haldt skansen i Noreg i mellomkrigstida blir i stor grad tillagt politikarane sin evne til kompromiss. Men alt ansvaret blir ikkje plassert hos dei nasjonale styresmaktene, i tillegg til gode val var dei heldige med at internasjonal økonomi snudde: «Samtidig [med kriseforliket] var den internasjonale krisen i ferd med å gå over, og norsk eksport begynte gradvis å tjene penger igjen. Det lysnet.»⁷² Her blir ansvaret delvis teke vekk

⁶⁶ Ibid.

⁶⁷ Ibid.: 341.

⁶⁸ Ibid.: 337.

⁶⁹ Ibid.: 340.

⁷⁰ Før kriseforliket kom på plass blir den borgarlege løysinga på det økonomiske problemet omtala slik: «Det ble fremmet krav om krisetiltak, men den borgerlige regjeringen gjorde det motsatte og holdt statsutgiftene nede.»
ibid.: 340.

⁷¹ Ibid.

⁷² Ibid.

frå nasjonal kontroll og plassert i tilstanden til internasjonal økonomi. Dette perspektivet kjem likevel i bakgrunnen av kva norske politikarar fekk til. Forfattarane vektlegg Arbeiderpartiet sin politikk i perioden, som leia an i ei god retning for Noreg. Gjennom Hovudavtalen klarde dei skapa «ro i arbeidslivet»:

«Ap presset på for at LO skulle inngå den såkalte Hovedavtalen med NAF. Dette ble starten på et sett med spilleregler som fortsatt fungerer – i revidert form – som en slags «arbeidslivets grunnlov». [...] Ut av konflikter og klassekamp var det dermed kommet et ordnet og mer moderne arbeidsliv.»⁷³

2.1.7. Andre verdskrig

Under andre verdskrig i verdshistoria blir dei demokratiske landa slått ring rundt som vestlege, satt opp i mot nazistane: «Selv om vestlige politiske ledere ikke ønsket krig, evnet de ikke å få stanset Hitler før det var for sent.»⁷⁴

Ein gjerne viktigare funksjon i denne samanhengen er korleis denne krigen blir skildra som absolutt katastrofe både for sivilbefolkning, jødane og dei militære. Forfattarane gjer drapstalla levande for lesaren:

«Fra 1941-1945 døde mer enn 30 millioner russere. Det er mer enn seks ganger så mange mennesker som det bor i Norge i dag. Byen ble ikke inntatt, men de tyske styrkene startet en beleiring som varte i flere år og førte til at én million av byens innbyggere døde av sult og mangelsykdommer en milion mennesker tilsvarer nesten det dobbelte av Oslos befolkning.»⁷⁵

Alvoret av krigen blir understreka. Dette blir sjølve dømet på kor gale det kan gå.

Økonomiske nedgangstider og politiske uro blir i dette perspektivet svært farlige.

I kapittelet om andre verdskrig i Noreg tek forfattarane ei diplomatisk rolle overfor fortida. Ulike sider ved krigen blir problematisert. Til dømes er det tatt med ei skildring der motstandsørsla ville drepe sjefen for statspolitiet Karl A. Marthinsen, sjølv om dei frykta represaliar. Drapet resulterte i at 28 nordmenn involvert i motstandsørsla vart drepne.⁷⁶ På denne måten legg forfattarane opp til refleksjon rundt kor vidt dette var verd det. Nazistane får også tildelt eit menneskeleg andlet i i denne framstillinga:

«Flertallet av de tyske soldatene som ble sendt til Norge, var vanlige vernepliktige. [...] Jo lenger de tyske soldatene oppholdt seg i Norge og i forskjellige

⁷³ Ibid.: 340.

⁷⁴ Ibid.: 344.

⁷⁵ Ibid.: 352.

⁷⁶ Ibid.: 377.

lokalsamfunn, desto større forståelse viste de overfor lokalbefolkningen. Vennskap oppsto. Kjærlighetsforhold også. Mange nordmenn opplevde at det var mennesker de hadde med å gjøre, ikke bare en fiende.»⁷⁷

Når motstandsørsla ikkje berre blir skildra som heltar, og nazistane ikkje berre som fiendar, nyanserer dette ei enkel framstilling av dei vonde nazistane mot dei gode nordmennene. Biletet blir meir komplekst og fordrar til refleksjon hos lesaren. Forfattarane verkar å gå fram som gode eksempel til etterfølging. I læreplanen står det at faget skal bidra til å fremme blant anna gjensidig respekt og toleranse.⁷⁸ Framstillinga verkar å oppmode til å sjå tyskarane si side av saken og forfattarane trer fram som storsinna og diplomatiske.

Jødeforfølginga blir tatt opp, og forfattarane poengterer at nordmenn var delaktige i denne, dette avsnittet ender med ein offentleg unnskyldning frå Jens Stoltenberg i 2012: «Dette er første gang det kommer en offisiell beklagelse fra høysete hold i Norge.»⁷⁹

2.1.8. Kald krig og kritikk mot USA

Kapittelet om den kalde krigen er inndelt etter SPØKT-skjemaet.⁸⁰ Det gjer at verda på denne tida blir delt mellom aust og vest innanfor dei ulike kategoriane skjemaet har. I hovudsak settast det vestlige, med USA i spissen, opp mot det austlege, leia av Sovjetunionen. Førstnemnde er demokratiske og velstående, medan sistnemnde blir skildra som autoritære styresett som går på kostnad av livskvalitet for vanlege folk og rettar som trykkefridom.

Eit slikt svart/kvitt bilete blir nyansert ved fleire høve med kritikk mot USA: «I kampen mot kommunismen framstilte USA seg som beskytter av den «frie verden». Det er derfor et paradoks at store grupper i det amerikanske samfunnet ble systematisk diskriminert og undertrykt.»⁸¹ Det ser likevel ut til at USA tok eit oppgjær med denne dobbeltheita: «For mange ble Barack Obamas innsettelse som president i 2009 en endelig seier i denne lange kampen for likhet».⁸² Sjølv om det er ein vestleg demokratisk aktør som blir satt under lupa, tek forfattarane sida til dei undertrykte. Paradokset som blir omtala, liknar måten forfattarane skildrar den franske revolusjonen på, dei demokratiske verdiane vert tydeleg skilte frå aktørane som har utropt seg som berarar av dei. På denne måten blir forfattarane sitjande med

⁷⁷ Ibid.: 379.

⁷⁸ Utdanningsdirektoratet 2009. *Læreplan i historie – fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram.*

⁷⁹ Ibid.: 382.

⁸⁰ Ibid.: 18. SPØKT-skjemaet blir introdusert som eit verktøy i byrjinga av læreboka. Skjemaet inndeler i fem kategoriar: sosiale -, politiske -, økonomiske -, kulturelle – og teknologiske forhold ved hendingar. Dette er ifølgje læreboka eit verktøy for å kunne handtere breidda av faktorar som påverkar eit fenomen, på denne måten får ein «en helhetlig framstilling».

⁸¹ Ibid.: 398.

⁸² Ibid.

standarden for kva som er demokratisk, og kan nytte den mot både demokratiske og ikkje demokratiske aktørar. Demokratiet lever ikkje heilt trygt i Vesten heller.

USA blir ein sentral del av historia etter andre verdskrig. Latin-Amerika på 50-talet blir ein skamplett på forteljinga om USA. Sjølv om det blir knytt uro til at USA er på veg nedover til fordel for Kina seinare i boka, er det altså ikkje eit glansbilete av landet som blir presentert. Forfattarane ramsar opp ulike ugjerningar: «I Guatemala hjalp CIA til med å styrte presidenten [...] konsekvensene av kuppet ble langvarig uro og at et undertrykkende og udemokratisk regime fikk makten i landet. I Brasil hjalp USA et brutalt militærregime til makten. [...] en av dem som hadde USAs støtte, var den korrupte og brutale diktatoren Fulgencio Batista på Cuba. Det amerikanske utenriksdepartementet begrunnet det slik: «He may be a son-of-a-bitch, but at least he is our son-of-a-bitch.»»⁸³

2.1.9. Kina i kontrast til Japan

Perioden som har vore gjennomgått for vestlege land ovanfor, altså ca. 1700-talet og fram til ca. 1990 blir også gjennomgått for Kina og Japan i kapittelet «Kina og Japan i moderne tid». Denne forteljinga handlar om to land med ganske likt utgangspunkt, og med ei liknande økonomisk utvikling, men som tek ulike ideologiske retningar, og endar svært ulikt opp. Kapittelet er inndelt i to periodar, begge landa blir gjennomgått innanfor kvar periode. Dette legg opp til samanlikning mellom dei.

At Kina og Japan får eit eige kapittel i læreboka, er ikkje sjølvsagt. I lys av forteljinga om demokrati er det nærliggjande å tolke dette valet med at Kina representerer ein utfordrar til USA sin maktdominans i denne boka. Japan blir gjennom samanlikninga (som det openlyst blir lagt opp til) ein ideologisk motsetnad til eit autoritært Kina og eit fungerande demokratisk land utanfor Vesten. Kontrasten mellom Japan og Kina er med på å underbygge demokratiet sitt frigjerande potensiale og understreke Kinas autoritære og undertrykkande styresett: «Kina er fortsatt en totalitær ettpartistat. Det er ikke frie valg eller ytringsfrihet»⁸⁴ og «Japan ble i etterkrigsperioden et parlamentarisk demokrati med flerpartisystem.»⁸⁵

Både Kina og Japan startar som isolerte og tradisjonsbundne land med keisardømer, og begge endar som store globale aktørar. Kina blir omtalt som «verdens nest største

⁸³ Ibid.: 401.

⁸⁴ Ibid.: 468.

⁸⁵ Ibid.: 470.

økonomi» og Japan som «en økonomisk stormakt med teknologisk avansert industri». ⁸⁶ Det er påfallande korleis forfattarane rosar Japan:

«Det er mange særtrekk ved Japan. Hæren er minimal. Landet har verdens høyeste levealder. På grunn av den økonomiske veksten har det vært lite fattigdom og arbeidsledighet. Det er også lite kriminalitet og narkotikamisbruk. Drapsratene er lave. Det er 100 prosent lese – og skrivekunnskap, og landet har kanskje verdens best utdannede befolkning.»⁸⁷

Det blir også lagt vekt på ei positiv utvikling hos Kina, men den er knytt til økonomisk framgang samtidig som dei fell gjennom på det demokratiske:

«Aldri i historien har så mange mennesker blitt løftet ut av fattigdom som i Kina mellom 1970-2000. Alle har fått skolegang og et enkelt helsetilbud. Myndighetene utbedret veiene og jernbanenettet. Ved Berlinmurens fall og demokratibølgen som deretter slo over verden, ble det arrangert en fredelig demonstrasjon på Den himmelske freds plass [...]. Den ble brutalt slått ned, og antakeligvis ble rundt 1000 mennesker drept.»⁸⁸

Sentralt i forteljinga om Kina og Japan ligg overgangen begge landa gjennomgjekk, frå å vere isolerte til å opne seg mot Vesten. Der Japan valde handel og deretter moderniserte landet etter vestleg førebilete, vart Kina tvungen til å opne seg gjennom opiumskrigane. Kina fekk seinare ein revolusjon som munna ut i Mao sine samfunnsomveltingar. Sivilbefolkninga måtte lide for dette. Kina etter Mao blir omtala som «sosialisme med kinesiske trekk» der overgangen frå planøkonomi til marknadsøkonomi står sentralt for utviklinga som fører fram til den økonomiske maktposisjonen.⁸⁹

Både Kina og Japan blir to suksesshistorier i eit økonomisk perspektiv, men Japan liknar eit vestleg demokrati, medan Kina blir eit framand autoritært regimre. Kina sin økonomiske suksess kvalifiserer som utfordrar til USA sin maktdominans på verdsbasis. Japan blir ein suksesshistorie for demokratiet utanfor Europa og USA. Den vestlege oppskrifta fungerer også utanfor vesten.

2.1.10. Skjørt demokrati i Afrika

Når forfattarane skriv om Afrika og Asia i kapittelet «Gamle kolonier – nye stater», vert vestlege overgrep ein viktig del av forteljinga. På introduksjonssidene blir merksemda retta

⁸⁶ Ibid.: 454.

⁸⁷ Ibid.

⁸⁸ Ibid.: 468.

⁸⁹ Ibid.: 458, 461, 466-468.

mot ein svart mann som sit på armlenet heilt ytst på ein elles tom benk skilta med «europeans» og «blankes». I bakgrunnen ser vi bilete av nokre svarte arbeidarar som grev med spadar. På andre sida er det eit portrett av Ghandi og eit av Nelson Mandela.⁹⁰ Det er frigjeringsheltar og undertrykking som er tema. Kapittelet dreiar seg også om tilstanden til kontinenta etter sjølvstende frå kolonimaktene. Ghana blir brukt som døme på frigjeringa, det såg i ein kort periode lyst ut:

«Frigjøringsbølgen i 1960-årene kom i en periode med optimisme og økonomisk vekst. Afrikanske land tjente godt på at råvareprisene var høye. Mange land satset på utdanning og helse. [...] Mange afrikanere hadde store forventninger til selvstendigheten. De politiske lederne fremstilte det ofte som om alle landets problemer ville forsvinne om kolonistyret ble borte.»⁹¹

Men perioden skulle vise seg å vere kortvarig, og læreboka konstaterer at «[d]emokratiet var skjørt i Afrika.»⁹² Forfattarane ser fleire årsakar til dette, som speglast i overskriftene: «Korrupsjon», «Brutale ledere» og «Økonomisk kollaps». Deretter kjem overskrifta: «Hvorfor er Afrika fattig?». Forfattarane legg fram to alternative svar, det eine legg skulda på den rike delen av verda, det andre legg skulda på afrikansk kultur.

Demokratiet fungerer ikkje alltid ifølgje *Perspektiver*, noko Nigeria blir eit døme på. Forfattarane formulerer årsaka til dette på ein måte som gjer det forståeleg at dette verkeleg er eit unntak frå regelen: «I Nigeria flammert kriminalitet og etniske konflikter opp i slutten av 1990-årene under et demokratisk styre. Nigeria har rundt 250 ulike etniske grupper og det er sterke spenninger mellom muslimer som bor i nord, og kristne som bor i sør.»⁹³

I avsnittet «1990 – kontrastenes tiår» blir to ulike hendingar sidestilte. Den eine er slutten på Apartheid: «I april 1994 gikk svarte og hvite sammen til valgurnene [...]. Valget gikk fredelig for seg og symboliserte den gode demokratiske utviklingen i Afrika.»⁹⁴ Den andre er folkemordet i Rwanda. Kontrasten er slåande. Slik avsnittet er sett opp, verkar folkemord å vere stikk i strid med demokrati. Det kan tenkast at meininga bak avsnittet er å vise at utviklinga på kontinentet hadde eit svært breitt spenn på 90-talet. Men funksjonen det får, er å understreke demokratiet som noko godt. Lidinga gjer dei demokratiske verdiane desto meir trengd.

⁹⁰ Ibid.: 472-473.

⁹¹ Ibid.: 485.

⁹² Ibid.: 485.

⁹³ Ibid.: 493.

⁹⁴ Ibid.: 489.

Mot slutten av kapittelet spør forfattarane «Grunn til optimisme?». Deretter skriv dei ei lita forteljing om Botswana. Det kjem fram at optimisme eksisterer der det er demokrati og økonomisk stabilitet. Forfattarane forklarar at landet hadde eit svært dårleg utgangspunkt. Det var eit av dei fattigaste landa på kontinentet då det vart sjølvstendig, i tillegg råka hiv/aids-epidemien befolkninga særleg hardt. Det blir ikkje skrivne kvifor det gjekk bra, men målet på suksess blir tydeleg: «[...] landet har hatt en jevn, sterk økonomisk vekst og stabilt demokratisk styre. I dag er det et av de rikeste på kontinentet.»⁹⁵ Illustrasjonen i den blå boksen er eit bilete av eit vegkryss ved ein Shell-bensinstasjon. Det einaste som kan gi assosiasjonar til noko ikkje-vestleg, er at menneska på biletet er svarte; to damer som kryssar vegen og ein mann i bakgrunnen.⁹⁶ Biletet kunne like godt vore tatt kor som helst i Europa eller USA. Det vestlige blir ein målestokk for suksess.

2.1.11. Midtausten

Kapittelet som tar føre seg Midtausten sin historie fram til ca. 1990-talet opnar slik:

«I Midtøsten ble de tre verdensreligionene jødedom, islam og kristendom til. Det gjør at mange har et spesielt forhold til regionen. Konfliktene i området – spesielt konflikten mellom israelere og palestinere – har i høy grad engasjert verdenssamfunnet gjennom mange år. Men ingen har så langt klart å finne en løsning. Mange mener at fred og demokrati i Midtøsten må til for at hele verden skal være trygg og stabil. Hva er bakgrunnen for konfliktene i Midtøsten?»⁹⁷

Kapittelet skal altså forklare den historiske dimensjonen til pågåande konflikhtar. Relevansen til konfliktane ligg i «høyt engasjement frå verdssamfunnet», og at regionen blir utpeikt som eit nøkkelområde for «fred og stabilitet i heile verda». Ut frå sitatet er løysinga på dette problemet fred og demokrati.

Men problema i regionen er framstilte som fastlåst. I slutten av kapittelet kjem overskrifta «Hva nå?» og byrjar slik: «Det er for tiden lite håp om fred mellom israelere og palestinere.»⁹⁸ Denne konflikten er den einaste i kapittelet som ikkje blir avslutta og er framleis dagsaktuell. Viss ein skal ta innleiinga til forfattarane på alvor, er det ikkje mykje von om fred og stabilitet i verda. Dette skuldast at denne fastlåste konflikten. Forfattarane reflekterer ikkje rundt kvifor denne konflikten skal bere verdsfreden på sine skuldrer. Dei set

⁹⁵ Ibid.: 494.

⁹⁶ Ibid.

⁹⁷ Ibid.: 496.

⁹⁸ Ibid.: 518.

det likevel på dagsorden og Midtausten trer fram som svært viktig på grunn av det store konfliktpotensialet som finst der.

2.1.12. Demokratiforteljing eller ei forteljing om maktbalanse i endring?

«Mot en ny verdensorden?» er det siste kapittelet i boka og blir introdusert på denne måten:

«I dette siste kapittelet tar vi for oss utviklingen fra ca 1990 og fram til i dag. Den kalde krigen er over, makt forskyves frå nord og vest til sør og øst, og Kina seiler opp som verdens nest mektigste land. Internett og mobil skaper nye kommunikasjonsformer og knytter verden tettere sammen enn noen gang før. Kampen mot terror står høyt på den politiske dagsorden. Mange land reiser seg fra fattigdom, men klimautfordringene framstår som en trussel mot sikkerhet og stabilitet. 22. juli 2011 utsettes Norge for et av de største sjokk landet har opplevd i fredstid noen gang.»⁹⁹

Ved sida av denne introduksjonsteksten er det eit verdskart som visar BNP og GINI-indeksen til eit utval land utan at tala blir datert. Det er særlig dei økonomiske forskjellane i verda som trer fram gjennom dette grepet. Europa kjem best ut, etterfølgt av Nord-Amerika og Australia. Når BNP blir forklart, står det at det vanlegvis «kobles [...] sammen med et høyt velferdsnivå.»¹⁰⁰ Under er det ein bildekollasj som viser eit fly på veg inn i World Trade Center, nokre figurar som kan symbolisere internettkommunikasjon, og ei kvinne med skaut som ropar med heva arm. Samla sett er det sinne og terror, samt økonomiske forskjellar som pregar sidene.

Tittelen «Mot en ny verdensorden?» indikerer at noko nytt er i emning. Det er nærliggjande å lesa dette i relasjon til sidene som tar føre seg maktforskyvinga i verda. Etter slutten på den kalde krigen har USA dominert åleine i ein periode, og ifølgje forfattarane kan det sjå ut som at dette er i ferd med å endre seg. Men forteljinga er ikkje eintydig, noko spørsmålsteiknet i tittelen underbygger.

I teksten finst klare teikn på svakheit frå USA som den dominerande makta i verden, samtidig som nye utfordrarar kjem til, særlig i form av Kina. «Trass i overlegen militær slagkraft viste krigene i Afghanistan og Irak hvor vanskelig det er for USA å vinne over selvmordsaktivister og geriljakrigere.»¹⁰¹ I dette sitatet endrar forfattarane tempus frå preteritum til presens. Invasjonane blir nytta til å seie noko om USA sin militære status i dag. Vidare:

⁹⁹ Ibid.: 520.

¹⁰⁰ Ibid.

¹⁰¹ Ibid. 536.

«USAs og Europas andel av verdensøkonomien er mindre enn før. Mange vestlige industriland sliter med aldrende befolkning. USA og den vestlige verdens relative tilbakegang vil fortsette, ifølge analyser frå Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) og Verdensbanken. [...] Tilbakegangen skyldes altså at andre land har hatt så mye sterkere vekst. Etter en lang periode med Vestens framgang er det mest markante globale utviklingstrekket på 2000-tallet blitt kalt «Restens framgang». [...] Kina er blitt en storinvestor i Afrika og finansierer utviklingsprosjekter i stor stil. I internasjonal politikk er Kina opptatt av stabile og forutsigbare forhold, men rundt 2010 hersket det like fullt usikkerhet om landets ledere vil prøve å omsette økt økonomisk tyngde i sterkere politisk innflytelse. Spørsmålet om hvilken støtte det styrende kommunistpartiet har i egen befolkning, øker usikkerheten.»¹⁰²

Det ser ut til at Kina er ein sentral del av den nye verdsordenen. Det kjem klart fram at USA sin posisjon er trua. Ved fleire høve i læreboka blir det danna eit bilete av Kina som den store utfordraren til USA. Sjølv om det stort sett er innanfor den økonomiske sfæren at Kina utfordrar, er forfattarane klare på at landet har eit totalitært styre, og dermed blir biletet av Kina som det neste store urovekkande. I kapittelet om Kina og Japan blir Kina introdusert med eit sitat av Napoleon Bonaparte: «Kina er en sovende kjempe. La henne sove, for når hun våkner, vil hun ryste verden.»¹⁰³ I seg sjølv kan dette sjåast på som ein kuriositet, men i samanheng med at landet blir framstilt som ein reell utfordrar, kan dette sitatet underbygge uro. Same kapittel blir introdusert slik: «I dag har folkerepublikken Kina verdens nest største økonomi og ser ut til å ha gjenvunnet sin gamle maktposisjon.»¹⁰⁴ Under overskrifta «Ny supermakt?» heiter det: «Kina er fortsatt en totalitær ettpartistat. Det er ikke frie valg eller ytringsfrihet. Men den formidable økonomiske veksten har dempet kravet om demokratiske reformer.»¹⁰⁵ Kva forfattarane meiner med å omsette den økonomiske framgangen til «økt politisk tyngde» er ikkje godt å seie, men det verkar truande.

Som eg har vore inne på, har demokratiet blitt kontrastert mot undertrykkande og autoritære regimer tidlegare i forteljinga, særleg under revolusjonane og i mellomkrigstida. Slik forfattarane skildrar Kina, blir landet det siste i ei rekke som har eit undertrykkande styresett og som har vore i konflikt med demokratiet. Dette medverkar til å auke det truande aspektet ved Kina som ei ny stormakt, og landet kan minne om europeiske kolonimakter: «I

¹⁰² Ibid.: 536, 537.

¹⁰³ Ibid.: 457.

¹⁰⁴ Ibid.: 454.

¹⁰⁵ Ibid.: 468.

2010 ble det afrikanske kontinentet viktigare enn USA som handelspartner. På denne måten har Kina overtatt for Vestens tidlegare dominans i Afrika.»¹⁰⁶ Kina og Vesten blir trekte inn i ein konkurranse om dominans i Afrika, som var Vesten sitt domene under kolonitida. Dette impliserer eit spørsmål om Kina er ei ny kolonimakt, utan at eit svar kjem tydeleg fram. Samla sett verkar Kina å vere ein udemokratisk utfordrar i sterk vekst.

Det er likevel ikkje berre Kina som utfordrar USA. Under overskrifta «Maktforhold i endring» er det vigd to sider til BRIKS-landa (Brasil, Russland, India, Kina og Sør-Afrika), der det kjem fram at fellesnemnaren mellom desse landa er at den økonomiske veksten har gått «langt raskere enn antatt», og at dei jobbar for «en multipolar verdensorden». Dei samlande interessene deira er blant anna å svekke dollaren, ifølgje forfattarane.¹⁰⁷ Sjølv om det igjen blir lagt vekt på Kina som «verdens mektigste etter USA», opnar læreboka for andre idear rundt maktsentrum, nemleg «nonpolaritet» som forfattarane forklarar med at makt ikkje blir sentrert rundt eit knippe statar, men at mange ulike institusjonar har gjort krav på makt den siste tida. Nokre døme som blir brukt, er internasjonale organisasjonar som FN, EU, Google, CNN, Al Jazeera og Greenpeace.¹⁰⁸ Dette om nonpolaritet står likevel i ein eigen boks (ved sida av brødteksten med anna bakgrunnsfarge) og er skriva som ein ide til ettertanke. Ein kan tolke dette som ein nyanserande faktor til det enkle biletet av Kina mot USA. Men sidan forfattarane skildrar den historiske utviklinga etter 1990 slik som vist over, er det likevel god grunn til at det enkle biletet av Kina mot USA, får prege framtidssforventningane.

2.1.13. Samandrag

Eit gjennomgåande trekk ved verdshistoria er ei polarisering mellom det demokratiske og det autoritære. Sistnemnde blir alternativet til det demokratiske, eit demokratisk styre blir ei frigjerande samfunnsform, og det autoritære blir undertrykkande. Denne konflikten kjem fram allereie ved den franske og den amerikanske revolusjonen. I mellomkrigstida er konflikten på sitt tydelegaste, då den viser seg i overskriftene, deretter kan ein augne det same i skildringa av den kalde krigen, og til slutt, etter Sovjetunionens fall, møter demokratiet ein ny antagonist i det autoritære Kina. Sjølv om forfattarane peikar på at USA har eit økonomisk og militært overtak på resten av verda per dags dato, er dette likevel i endring.

¹⁰⁶ Ibid.: 469.

¹⁰⁷ Ibid.: 526.

¹⁰⁸ Ibid.: 527.

Sjølv om det blir retta kritikk mot USA, mister denne kraft i møte med eit ikkje-demokratisk land som potensielt kan dominere verda i framtida. USA blir derimot ein sårt trengt aktør som kan verne den demokratiske verda mot autoritære utfordrarar. I denne delen av forteljinga er det dei demokratiske landa som er trua, snarare enn dei demokratiske verdiane. Det moralske aspektet ved demokratiet er med på å underbyggje behovet for å beskytte dei demokratiske landa.

2.2. Noreg etter andre verdskrig

I tida etter andre verdskrig står økonomisk og politisk utvikling sentralt. Det Noreg står for fram som eit modell demokrati i etterkrigsåra. Mot skildrar forfattarane kor annleis samtida er i forhold til fortida. korleis den siste tida ny og utan sidestykke.

Forteljinga startar med både politisk og økonomisk suksess: «I korthet kan vi si at samfunnet gikk fra fattigdom til forbrukersamfunn.»¹⁰⁹ Og vidare: «Velstanden økte for folk flest. Arbeiderbevegelsens frigjøringsprosjekt fra nød var i ferd med å bli virkeliggjort.»¹¹⁰

Den økonomiske suksessen blir akkompagnert av ei politisk suksesshistorie frå 1945 og fram til 1961 under Arbeiderpartiet. Igjen får det politiske kompromisset ei sentral rolle, godt hjulpet av eit einsretta verdifellesskap: «Et typisk trekk ved norsk politikk etter 1945 var enigheten om løsninger på problemer gjennom bred debatt, kompromisser og forlik. Det var også et grunnleggende verdifellesskap i Norge, hvor målet var sosiale rettigheter og utjevning i samfunnet.»¹¹¹

Sosialdemokratiet trer fram som oppskrifta på politisk styring: «Samfunnsendringer skjedde etter debatt og reformer, ikke etter brå omveltninger. For eksempel ble modellen for blandingsøkonomi til etter gradvis tilnærminger og forhandlinger.»¹¹² Blandingsøkonomi blir tidlegare fremma som ein av suksessfaktorane for den økonomiske veksten i Noreg og Vesten generelt i perioden 1945 - 1973. Vidare: «Norske historikere har kalt perioden for «sosialdemokratiets tidsalder». Sosialdemokrater mener at økonomiske og sosiale forbedringer må innføres gradvis, gjennom reformer.»¹¹³ Dette blir ei «teoretisk» utsegn om det forfattarane nettopp viste i praksis.

Forfattarane skriv innleiingsvis til kapittelet om Noreg etter andre verdskrig at: «Dette kapittelet handler om hvordan den norske velferdsstaten ble til, og om utviklingen som har

¹⁰⁹ Ibid.: 433.

¹¹⁰ Ibid.: 434.

¹¹¹ Ibid.

¹¹² ibid

¹¹³ Ibid.

ført til at Norge i dag er et av verdens rikeste land.»¹¹⁴ Dette blir vidare utbrodert i eit eige avsnitt kor rikdomen blir knytt til økonomisk fordeling gjennom velferdsstaten og korleis «vi» har ivaretatt oljefondet.¹¹⁵

Trass i at Noreg er eitt av dei rikaste landa i verda, var det ei ideologisk dreining rundt 80-talet, som blir omtala med noko skepsis av forfattarane: «Et stykke på vei innebar Høyre-regjeringer et systemskifte. Økonomi og politikk ble gjenstand for en nyordning gjennom liberalisering, avregulering og privatisering.»¹¹⁶ Konsekvensane av denne blir ikkje kommentert direkte, men berre i kraft av å vere ei endring, kjem den nye retninga i dårlig lys med tanke på kor godt Noreg klarte seg i mellom- og etterkrigstida. Forfattarane påpeiker indirekte nokre negative konsekvensar av ideologiskiftet: «Kredittmarkedet ble også avregulert [...] [b]ankene innvilget folk lån og kreditt uten sikkerhet. [...] Økt forbruk finansiert av lån førte til den største finanskrisa i Norge siden 1930-årene.»¹¹⁷ Forfattarane avsluttar avsnittet med at arbeidsløysa auka fram til 1992, og at folk frykta for å miste jobbane sine. Deretter hoppar dei til eit anna tema. Det er enkelt å sjå denne nedgangen i norsk økonomi i samanheng med den økonomiske og politiske retningsendringa. Forfattarane trer fram som skeptiske til «høgrebølga», men dette blir ikkje sett i samanheng med at Noreg innleiingsvis blir skildra som verdas rikaste land. Mot slutten av kapitlet, altså etter avsnittet om «høgrebølga», ser forfattarane positivt på norsk økonomi via arbeidsmarknaden:

«I Norge er også en svært stor andel av den voksne befolkningen sysselsatt. [...] Den største endringen fra 1945 til i dag er den store nedgangen i antall sysselsatte i landbruket. Det skiller oss mest av alt fra fortidens mennesker. I løpet av de siste tiårene er bildet totalt forandret. Antall jobber i landbruk og industri har gått kraftig ned [...]. På noen områder er Norge ledende. Det gjelder produksjon av utstyr som krever høy kompetanse og teknologi, særlig leverandørindustri til oljebransjen og våpenproduksjon.»¹¹⁸

Det blir lagt vekt på kor store endringar som har skjedd på kort tid. I tillegg er det eit klart uttrykk for tidsforståing som ein også finn i Aronsson si trope *historia gjentar seg ikkje – då er heilt annleis enn no*. Det er kontrasten som er viktig, ikkje endringa. Historie blir brukt til å identifisere eiga samtid ved å vise til skilnadar før og no. Det betyr også implisitt at ein ikkje kan lære noko særleg av historia. På denne måten mister kunnskap om fortida tyngde som

¹¹⁴ Ibid.: 424.

¹¹⁵ Ibid.: 446.

¹¹⁶ Ibid.: 449.

¹¹⁷ Ibid.

¹¹⁸ Ibid.

orienterende verktøy i notida. Måten forfattarane kommenterer økonomien på er forvirrende, høgrebølga kjem inn og markerer ei retningsendring, frå den gode etterkrigsøkonomien, til finanskrisa. Ved neste høve skriv forfattarane at arbeidsmarknaden i Noreg er god og at landet er leiande innanfor olje- og våpenindustri. Var høgrebølga til sjuande og sist positiv for norsk økonomi? Skjedde det noko i mellomtida som gjore at vi nærma oss etterkrigstida sine økonomiske ideal? Temaet er langt frå politisk nøytralt, og det kan vere grunnen til at forfattarane ikkje kommenterer. Konsekvensen blir at forteljninga peiker i ulike retningar. I eit framtidsperspektiv kan det sjå lovande ut akkurat no.

Noreg har i forhold til verdshistoria komme godt ut av det. Det blir også teke opp kritikkverdige sider ved den norske historia. Det kjem klart fram når forfattarane skriv om ei utvikling i samfunnet der Noreg går frå eit «homogent samfunn» på 1950- og 60-talet, til å bli eit fleirkulturelt samfunn utover 1970- og 80-talet. Ulike aspektar av dei tilstandane blir problematiserte. Det homogene samfunnet blir på eine sida framstilt som trygt og samlande, men gjeikk samtidig hardt utover dei som ikkje passa inn. Romfolk, samer, kvener og gutar med åtferdsproblem, blir døme på dette.¹¹⁹ Undertrykkinga er likevel noko som norske myndigheiter tek eit oppgjer med: «Etter 1945 ble *assimileringspolitikken* gradvis lagt vekk, og samenes egenart ble i større grad akseptert [...] Den norske staten og kirken har i ettertid gitt romfolket offentlige unnskyldninger for behandlingen.»¹²⁰ Det kjem også fram at Noreg tok oppgjer med jødeforfølgninga som særleg politiet var delaktig i.¹²¹

2.2.1. Samandrag

Forteljninga om Noreg er i hovudsak ei positiv utvikling frå start til slutt og trer fram som eit eksempel til etterfølging. I kapittelet om perioden fram til andre verdskrig går landet grovt sett gjennom dei same prosessane som Vesten, industrialisering, nasjonalisme og demokrati, der sistenemnde får organisere kapittelet. Forfattarane tek Noreg igjennom ein fredeleg og vellykka demokratiseringsprosess og gir folket mykje av æra. Som i verdshistoria blir demokratiet i den norske forteljninga utfordra frå både høgre og venstre, men landet kjem gjennom perioden med demokratiet intakt, i motsetnad til fleire land i Europa. Andre verdskrig vart unntakstilstand i ei stort sett samanhengande utvikling, frå å vere underlagd Danmark, via demokrati og sjølvstende, til å verte eitt av verdas rikaste land.

¹¹⁹ Ibid.: 439.

¹²⁰ Ibid.: 439.

¹²¹ Ibid.: 382.

Dei mørke delane av norsk fortid som jødeforfølgning under andre verdskrig og undertrykking av etniske minoritetar, blir teke eit oppgjær med undervegs. I eit framtidsperspektiv får desse skuggesidene funksjon som åtvaring: Vi må hugse overgrepa for å unngå dei i framtida. Noreg som nasjon trer likevel fram som reinvaska. Den undertrykkinga forfattarane set på dagsorden, er tilbakelagte kapittel.

2.3. Den økonomiske dimensjonen

Den økonomiske dimensjonen spelar til tider ei sentral rolle i læreboka. Som nemnt blir det eit mål for suksess spesielt i kapittelet om Kina og Japan og i skildringa av Afrika, men viktigare for framtida er at økonomiske nedgangstider blir svært farlege. Det skapar politisk uro og kan gi grobotn for ekstreme krefter i eit samfunn.

Mellomkrigstida er det fremste dømet på dette. Depresjonen gav grobotn til både fascismen og kommunismen og var dermed ein viktig årsak for andre verdskrig: «Tiden før første verdenskrig var preget av optimisme og tro på demokratiet. [...] Optimismen ble imidlertid knust av en økonomisk krise som rammet hele verden.»¹²² Dette blir ei sentral årsak til at demokratiet vart utfordra i mellomkrigstida: «Krisen [krakket] gjorde at mange mistet troen på den økonomiske liberalismen. [...] Noen tvilte også på det parlamentariske demokratiets evne til å løse slike store problemer».¹²³ Forfattarane viser at dei ekstreme rørsleane i Russland, Tyskland og Italia i denne perioden utnytta vanskelege økonomiske forhold. Russland blir sårbare for revolusjon: «Russland [var] et fattig bondeland. De fleste var analfabeter. Noen få godseiere eide mesteparten av jorda.»¹²⁴ Noko av det same kan ein sjå på andre sida av den politiske skalaen: Fascistane i Italia såg mot «arbeiderklassen og fattige bønder» og «i Tyskland hjalp krisen [krakket] Adolf Hitler til makten», samt i Japan førde «Depresjonen i 1929 [...] til at den ekstreme nasjonalismen fikk økt tilslutning.»¹²⁵

Under den arabiske våren blir også økonomiske nedgangstider ein viktig faktor som skapar politisk uro, men her manglar også demokrati: «Økonomisk stagnasjon og politisk undertykking hadde preget hele den arabiske verden i flere tiår. Frie valg eksisterte knapt, ytringfriheten var under sterkt press. På toppen satt en rik og ofte gjennomkorrupt elite, mens det store flertallet slet med å finne arbeid [...]»¹²⁶

¹²² Ibid.: 302.

¹²³ Ibid.: 314.

¹²⁴ Ibid.: 305.

¹²⁵ Ibid.: 314, 315, 319. I historia om Noreg blir det eksplisitt uttrykt at dårlege økonomiske forhold gjev grobotn til ekstreme ideologiar i samfunnet.

¹²⁶ Ibid.: 531.

Eit anna aspekt ved den økonomiske dimensjonen er at den får ein vilkårleg karakter. Til dømes blir årsakene til mellomkrigstida si økonomiske krise plassert utanfor statleg kontroll: «Det var overproduksjon i jordbruket [...], med hard konkurranse mellom kornprodusenter i Europa, Argentina, USA Canada og Australia».¹²⁷

Eit anna døme er når forfattarane rettar ei direkte åtvaring til elevane i norsk skule:

«I dag krever så å si alle yrker at man har høyere utdanning eller fagbrev. Når det gjelder ufaglært arbeidskraft, er det en økende andel innvandrere som tar slike jobber. Bekymringen er derfor stor når elever dropper ut av videregående opplæring og dermed står i fare for å havne utenfor arbeidslivet. Hovedårsakene til endringene i jobbmarkedet er først og fremst at vi har fått ny teknologi som produserer mer og billigere, og at det er blitt et felles globalisert arbeidsmarked. Mange av forbruksvarene våre blir produsert der lønningene er lavest.»¹²⁸

Her blir fokuset retta mot elevane sin situasjon og samtidig blir handlingsrommet innskrenka ved at årsaken til den nye situasjonen blir lagt utanfor både nasjonen og individet sin kontroll.

Økonomi blir også hovudindikatoren på at ein ny verdsorden tek over for den demokratiske med USA i spissen. Omgrepet «verdsorden» dukkar opp i tittelen på siste kapittelet, men det blir ikkje forklart eksplisitt kva som er den nye eller gamle. Fleire faktorar tyder på at BRIKS-landa med Kina i spissen representerer den «nye verdsorden» verda går mot. Dermed er det nærliggjande at USA og Vesten representerer den gamle. Det er særleg rundt økonomi at Kina og USA blir samanlikna og retningane på landa vurdert. I eit framtidsperspektiv blir dårleg økonomi potensielt svært farleg for det internasjonale samfunnet, medan god økonomi er essensielt for å oppnå ei stabil verd.

Det økonomiske blir ein naturleg føresetnad for eit stabilt og fredeleg samfunn. Dette gjer at den økonomiske dimensjonen blir ein viktig del av framtidsbiletet i denne boka. Økonomisk vekst blir eit openbert mål i forteljinga, medan økonomiske nedgangstider blir ein trussel. Det forfattarane skriv, er at god eller dårleg økonomi blir dermed viktig kunnskap ein kan trekke ut av boka. Samtidig oppstår det ambivalens når økonomisk vekst vert knytt til klimaproblem: «Utslipp blir knyttet til verdens energiproduksjon, og store økonomiske interesser står på spill. Nasjonale regjeringer frykter at næringslivet i deres eget land taper i den internasjonale konkurransen dersom det pålegges høye utslippsavgifer.»¹²⁹

¹²⁷ Ibid.: 313.

¹²⁸ Ibid.: 452.

¹²⁹ Ibid.: 536.

2.5. Religion

Religion blir saman med undertrykkande regimer ein motsetnad til demokratiet. I det innleiande kapitlet møter ein skiljet mellom demokrati og religion for første gang: «Filosofene ble mer opptatt av menneskets forstand enn hva som måtte være Guds vilje, og holdningen var at kunnskap og opplysning bidro til å frigjøre menneskene.»¹³⁰ Det å vere opplyst blir frigjerande i motsetnad til å tru på ein Gud. Gudstru blir implisitt noko undertrykkande.

Når vi nærmar oss vår eiga tid, er det altså i Midausten at religion får spele ei viktig rolle i denne boka. Forfattarane skriv at land som Tyrkia, Iran, Irak, Syria og Egypt på 1950- og 60-talet såg på «vestlige verdier, institusjoner og teknologi [...] som overlegne», i tillegg til at statane fekk «sekulære lovverk».¹³¹ Landa dreia så frå denne vestlege orienteringa mot ei religiøs retning: «Det nye [frå 70-årene] er at religion spiller en viktigere rolle for den velutdannede middelklassen og elitesnes liv. [...] Religiøse tenkere protesterer [...] imot ideen om at et samfunn må vere «vestlig» og sekulært for å vere moderne. De ønsker å utvikle sine egne samfunnsformer, der islam har en sentral plass».¹³² Den religiøse retninga får ein truande karakter:

«Religiøs tro og symboler har fått innpass også i politikken, både av opposisjonelle og maktavere. I flere land er det reist krav om Sharia-lover. Flertallet av de islamistiske bevegelsene vil forandre samfunnet med lovlige midler, men det har også oppstått ekstreme, militante grupper som vil bruke terror for å nå sine mål.»¹³³

I det siste kapitlet snur forfattarane seg mot den arabiske verda att i avsnittet «Stjålne revolusjoner?» som handlar om den arabiske våren. Det blir ein konflikt mellom autoritære regimer, religion og demokrati: «unge og sekulære [som] krevde ytringsfrihet, modernisering og frie valg. De ville kaste autoritære regimer [...] andre krefter enn de som kjempet for sekularisme og liberale verdier, løftet hodet.»¹³⁴

I avsnittet «Religion – en ny konfliktlinje?» spør forfattarane: «Er religion en ny grunnleggende konfliktlinje etter den kalde krigen?» Spørsmålet får ei viss tyngde: «I Vest-Europa betyr religion stadig mindre, mens den får økt betydning i store deler av verden

¹³⁰ Ibid.: 214.

¹³¹ Ibid.: 515.

¹³² Ibid.

¹³³ Ibid.

¹³⁴ Ibid.: 530.

ellers.»¹³⁵ Men det blir ikkje gitt eit endeleg svar: «I praktisk politikk har det likevel vist seg at lands holdninger og opptreden styres mer av økonomiske og nasjonalstatlige interesser enn av religion.»¹³⁶ Sidan spørsmålet blir sett på dagsorden, gir det inntrykk av at dei religiøse kreftene i verda er viktige. Dette er med på å skape polarisering mellom religion og demokrati, som igjen underbyggjer religion som ein mogleg trussel mot demokratiet i framtida.

Forfattarane introduserer også ei tese om at «Verden baserer seg på åtte store regioner basert på religioner og sivilisasjoner, med et stort potensiale for konflikt.»¹³⁷ Eksempelen som blir brukt er George W. Bush som utpeikte «den ekstreme terroristen Osama bin Laden som sin hovedfiende».¹³⁸ Forfattarane forklarar at «nokon» i muslimske land oppfatta dette som «vestlig aggresjon mot islam».¹³⁹ På denne måten blir islam trekt inn i konflikt med Vesten.

Religion som ein framtidig trussel mot demokratiet blir mindre enn den trusselen det autoritære Kina utgjør. I denne læreboka held den truande forma for religion seg i Midtausten. Om religion er ei ny konfliktlinje, skriv forfattarane som ei hypotese, og det blir brukt generelt mindre plass på dette. Likevel er det med på å forme framtidsbiletet. Ifølgje denne boka er det grunn til å vere skeptisk til religion og spesielt islam.

Når forfattarane skriv om Noreg etter andre verdskrig, skildrar dei samfunnet som fleirkulturelt. Først skriv dei at det er gode grunnar til å ta inn flyktningar, og ser det fleirkulturelle samfunnet som ein konsekvens av «konflikter og vanskelige leveforhold» i andre deler av verda.¹⁴⁰ Slik sett kan ein sjå på innvandringa som ein god gjerning frå Noreg si side. Etter dette vert det skriva om ulike problem med integreringa. Forfattarane tek opp auka rasisme, diskriminering, og integrering: «integrering av innvandrere med lave lese- og skrivekunnskaper eller kjønnsdiskriminerende praksis som tvangsekteskap og omskjæring [...]»¹⁴¹ Dette blir ikkje direkte knytt opp til religion, men forfattarane sett ei klar grense ved nokre religiøse praksisar, for kva som er greitt eller kva som ikkje er greitt.

¹³⁵ Ibid.: 535.

¹³⁶ Ibid.: 534.

¹³⁷ Ibid.

¹³⁸ Ibid.

¹³⁹ Ibid.

¹⁴⁰ Ibid.: 451.

¹⁴¹ Ibid.

2.6. Utviklingstrekk forfatterane ser i samtida

I det siste avsnittet «Hva nå?» tek forfatterane føre seg prosessar som dei ser skjer i dag og kjem til å prege verda framover. Samanlikna med dei andre kapitla i boka er dette ein stad for refleksjon som i staden for å summere opp utviklingstrekk forfatterane allereie har lagt fram, skildrar aktuelle problemstillingar som verkar nye og spesifikke for samtida.

«Globalisering og fragmentering» er ifølgje forfatterane to sidestilte prosessar som pregar tida vi lever i. På eine sida blir verda mindre og sterkare knytt saman. Finanskrisa i 2008 blir brukt som døme og viser korleis «de samme problemer og utfordringer gjør seg gjeldende overalt».¹⁴² På den andre sida bli fragmenteringsprosessen konkretisert ved å vise til land i dag som har innbyrdes territoriale konflikthar gjennom at «sterke krefter [vil] løsrive seg», Spania, Canada, Storbritannia og Kina blir brukt som eksempel.¹⁴³ Prosessane blir framstilte som pågåande og impliserer at landegrensene til nokre av dei største landa, slik vi kjenner dei i dag ikkje er stabile i framtida.

Liknande utvikling blir også skildra i avsnittet «Europa preget av motsetninger». Der reflekterer forfatterane rundt utdelinga av Nobels fredspris som vart tildelt EU i 2012. Dei tek igjen opp motstridande krefter, som blir illustrert gjennom at «en krig mellom erkefiendene Tyskland og Frankrike framstår som utenkelig i dag, [...] på grunn av integrasjonen gjennom EU-samarbeidet», på eine sida, og på andre sida stod EU for «press utenfra» som «resulterte i styrket nasjonal identitet og økt oppslutning om det nære og hjemlige».¹⁴⁴ Dette ytre presset frå EU, er krava om kutt i statsbudsjetta som unionen stilte til medlemslanda som hadde behov for lån etter finanskrisa. Forfatterane skildrar dette som eit «urolog kraftfelt mellom integrering og fragmentering».¹⁴⁵ At det som pregar Europa ifølgje læreboka sine avsluttande konklusjonar er uro, er gjerne ikkje overraskande på dette stadiet i forteljninga.

Forfatterane omtaler utfordringar knytt til klimaet som «et kroneksempel på den globale verdens utfordringer.» Bodska er tydeleg: «De færreste bestrider alvoret i problemet [...]. Samtidig har det vist seg å være forbundet med uoverstigelige vanskeligheter å enes om tiltak som gjør det mulig å nå et slikt mål [temperaturauka ikkje overskrider 2 grader].»¹⁴⁶ Forfatterane nemner ikkje i denne samanhengen kva som står på spel ved ei temperaturendring, dei kommenterer berre at situasjonen er alvorlig. Likevel på innleiingssidene med liten skrift, under overskrifta «Dette har skjedd», skriv dei i preteritum:

¹⁴² Ibid.: 534.

¹⁴³ Ibid.

¹⁴⁴ Ibid.: 535.

¹⁴⁵ Ibid.

¹⁴⁶ Ibid.: 536.

«Mot slutten av perioden kom overforbruk og miljøproblemer på dagsorden for fullt. Økonomisk vekst ble stilt opp mot naturvern og økologisk balanse. Økt visshet om at det finnes grenser for klodens ressurser og bærekraft, ga en ny form for usikkerhet.»¹⁴⁷

På same sidene er forfattarane likevel klare på kva som står på spel: «mange land reiser seg fra fattigdom, men klimautfordringene framstår som en trussel mot sikkerhet og stabilitet.»¹⁴⁸

Avsnittet om 22. juli er det einaste i det siste kapittelet som omhandlar Noreg. Hendinga er plassert ved sida av internasjonale fenomen som den arabiske våren, den amerikanske invasjonen av Afghanistan, samt maktforskyving i verda. Der dei sistnemnde hendingane gjerne kan sjåast i samanheng med store utviklingstrekk på internasjonalt nivå, står terroråtaka den 22.juli fram som noko anna. Den representerer ikkje ei ny retning i verda, det verkar heller å vere omfanget av den – at valden var så stor og gjekk så hardt utover sivile - som gjer hendinga minneverdig. Igjen får sivil liding vere med og styre kva som skal vere med og ikkje i læreboka.

2.6.1. Ekstremisme

«Ekstrem» er ein merkelapp som forfattarane introduserer i mellomkrigstida, men som blir knytt til svært ulike fenomen. Mellomkrigstida i Noreg blir skildra som «ekstremismens tidsalder» med ekstreme rørsler på både høgre og venstre side på den politiske skalaen.¹⁴⁹ Hitler og Japan får same stempel: «Det gjorde det mulig for ekstreme politikere som Hitler å spille på misnøye» og overskrifta: «Ekstrem nasjonalisme i Japan».¹⁵⁰ Merkelappen blir også delt med den norske terroristen Anders Behring Breivik: «Både statsvitere og historikere har betegnet Breivik som en typisk høyreekstremist».¹⁵¹ Vidare er islamistiske rørsler også kalla ekstreme: «I Syria utviklet opprøret seg til en blodig borgerkrig [...] hvor [...] ekstreme islamister fisket i rørt vann.»¹⁵² Ordvalet gjer at dei ulike hendingane viser til kvarandre, og på den måten blir dei analogiar. Felles for fenomenene er at dei trer fram som anti-demokratiske og har sått for svært alvorlege overgrep mot sivile. Dette gjer at det som blir omtalt som ekstremt, blir svært farleg, noko som igjen kan legitimere sterke middel mot dei personane

¹⁴⁷ Ibid.: 520.

¹⁴⁸ Ibid.

¹⁴⁹ Madsen et al. 2014: 336.

¹⁵⁰ Ibid.: 304, 319.

¹⁵¹ Ibid.: 533.

¹⁵² Ibid.: 531.

eller gruppene som får tildelt denne nemninga.

2.9. Framtidsforventningar

Den rørsla som i størst grad pregar framtidsbiletet i *Perspektiver*, er at USA er på veg til å miste sin maktposisjon til fordel for Kina. Det er hovudsakleg fordi konflikten mellom USA og Kina kan sjåast på som uttrykk for ein kontinuerleg konflikt mellom det frigjerande demokratiet mot undertrykkande styresettet. Trusselen blir alvorleg fordi Kina har eit autoritært styresett, og kan dermed samanliknast med andre autoritære regimer som kommunisme under den kalde krigen eller eineveldet før revolusjonane. På denne måten blir motsetnaden som er mogleg å følge frå 1700-tallet på ny aktualisert.

Forfattarane nyttar god plass på å skildre Kina som ei stormakt på veg framover. Det blir også brukt plass på USA og tilstanden til landet den siste tida. Her kjem det eksplisitt fram at posisjonen USA har hatt etter andre verdskrig er trua og implisitt at USA er den viktigaste sikringa vi har for demokratiet.

Som nemnt innleiingsvis, er det likskapar mellom korleis forfattarane skriv om demokratiet og Rūsen si trope, *eksemplariske forteljing*. Dei demokratiske verdiane blir moralske og gode gjennom forteljinga ved at dei fungerer til ulike tider på ganske lik måte. Den moralske dimensjonen som demokratiet har blir i møte med konflikten mellom Kina og USA, ein faktor som underbyggjer at skulle USA miste leiarskapet i verda, er dette negativt for demokratiet. Innanfor *eksemplariske forteljingar* er det vanleg å skrive fram døme til etterfølging. Dette skjer berre i ein viss grad i *Perspektiver*, og særleg i forteljinga om Noreg som eg kjem inn på om litt. Den største likskapen mellom tropen og forteljinga er at demokratiet som abstrakt styreform blir eksemplarisk i kraft av at alternativa er undertrykkande. Sjølv om forfattarane kritiserer USA for blant anna å undertrykke den svarte befolkninga, falmar dette i møtet med den ytre autoritære trusselen representert av Kina.

Religion blir også ein del av trusselen mot demokratiet. I *Perspektiver* er det ei rørsle i Midtausten som er religiøs og som ser ut til å breie seg. Men denne trusselen er mindre enn den Kina utgjer. Den er geografisk avgrensa til Midtausten, medan Kina har eit klarare nærvær i verda. Religion som motsetnad til demokrati er ikkje gjennomgåande slik som med undertrykkande regimer. Likevel er det ein viss kontinuitet sidan forfattarane tek det opp i starten av perioden og mot slutten av boka. Det religiøse samfunnet som opplysningstida tok avstand frå, verkar å vere på frammarsj i deler av den arabiske verda.

I det siste kapittelet blir nokre islamistiske grupper kalla ekstreme. Deler av den religiøse retninga i den arabiske verda verkar å vere svært truande. Ekstremisme blir eit slags samleomgrep for noko av det aller verste i denne forteljinga. Om Noreg i mellomkrigstida blir ekstremisme sett direkte opp i mot demokratiet i form av kommunisme og fascisme, forfattarane kalle perioden «ekstremismens tidsalder». I kraft av at forfattarane skriv om 22.juli, 9/11 og den arabiske våren i det siste kapittelet, blir ekstremisme eit fenomen som er aktuelt på verdsbasis.

Ein annan trussel mot demokratiet, men av ein heilt annan karakter er økonomiske nedgangstider. Trusselen er potensielt svært farlig sidan den tidlegare har klart å sette demokratiet til side og skapa grobotn for ekstreme ideologiar. Det å sikre seg økonomisk vekst trer fram som nødvendig for å skape eit fredeleg og stabilt samfunn.

Når forfattarane i forteljinga om Noreg rettar seg mot elevane, skriv dei også at våpenproduksjonen og oljenæringa er område der Noreg har eit fortrinn. Det blir eit slags paradoks sidan forfattarane skriv at demokrati må til for å skape «fred og stabilitet» i Midtausten, og klimautfordringane er «trussel mot sikkerhet og stabilitet».

Våpenproduksjonen er best tent med krig, og oljenæringa er best tent med at staten ikkje grip inn for å hindre klimautslepp.

Økonomisk tryggleik, fred og demokrati verkar å vere sjølvsegte mål for framtida i denne læreboka. Det same med eit inkluderande samfunn med rettar og aksept for minoritetar. Noreg trer fram som nært dette idealet. Eit mål blir dermed å unngå endring. I dei mange skildringane av overgrep mot sivile i verdshistoria, kan ein augne den same logikken: Vi må minnast dette for å unngå det i framtida. Fokuset på endring blir ei oppmoding til omstilling, men ikkje for å skape ei ny framtid, heller for å unngå at samfunnet vi har i dag skal øydeleggast. Ideen om at alt endrar seg blir dermed ein trussel mot samtida.

Samtidig er det mykje å kjempe for på verdsbasis, her er det langt mellom den realiteten forfattarane ser og framtidsvisjonen dei fremmar. Problemet er storleiken på dei utviklingstrekk som pregar verda i dag. Utviklinga er så omfattande at det blir vanskeleg å tenke seg eit realistisk styringsorgan som kan kontrollere ho. Døme på dette er globaliseringa som tvingar fram store endringar for samfunnet, fragmentering innanfor dei største landa i verda (sjølvstenderørsler), økonomisk vekst i Kina osv. Slike krefter er utanfor Noreg sin kontroll og i alle fall utanfor den gjengse mann i gata sin kontroll. Sjølv om forfattarane er klare på at demokratiseringa vart pressa fram av eit folkeleg engasjement, druknar dette handlingsrommet i dei store endringane som skjer særleg etter 1990. Noreg er så nær

framtidvisjonen at det knapt er noko å jobbe for i denne framstillinga, medan avstanden mellom resten av verda og framtidvisjonen er så stor at oppgåva kan synes uoverkommeleg.

Mot slutten av både den norske histoira og verdshistoria blir det vektlagd kor store endringane er. Dette gjer at kunnskap om fortida før 90-talet mister relevans. Det er først og fremst innanfor den digitale sfæren dei største endringane har pressa seg fram: «internett og mobil skaper nye kommunikasjonformer og knytter verden tettere sammen enn noen gang før.»¹⁵³ Eit anna døme er den arabiske våren som ikkje blir samanlikna med andre revolusjonar, men forfattarane påpeiker det nye ved situasjonen: «Omveltningene i Egypt er blitt kaldt verdens første internettrevolusjon.»¹⁵⁴

¹⁵³ Ibid.: 520.

¹⁵⁴ Ibid.: 530.

3. Tidslinjer

Store deler av denne boka er prega av ei kritisk forteljing om det globale økonomiske systemet. Samtidig får demokratiet ein viktig posisjon. I blant blir demokratiforteljinga underlagd den kritiske forteljinga, men ikkje alltid. I eit framtidsperspektiv er det likevel den kritiske forteljinga som blir viktigast, fordi dei største utfordringane vi står overfor ifølgje denne boka, er konsekvensar av dette systemet.

3.1. Ei kritisk forteljing om det økonomiske systemet

I *Tidslinjer* blir det skrive fram ei kritisk forteljing mot kapitalisme og økonomisk liberalisme. Det er i blant vanskeleg å vite nøyaktig kva som ligg i desse omgrepa. Men funksjonen dei har i forteljinga er klarare, omgrepa kapitalisme og økonomisk liberalisme representerer krefter som er urettferdige og bør regulerast. Skilnadar mellom fattige og rike blir viktig i forteljinga og får ein moralsk karakter. Sosialismen er det einaste forfattarane presenterer som ei løysing på problema. Ikkje som i ei radikalt ny retning, men som ein bremsekloss på kapitalismen.

Mot slutten av boka blir det retta fokus mot klimaet. Det skjer i kontekst av at klimaproblema er urettferdige overfor dei fattige i verda, og som ein trussel mot framtida til planeten vår.

Demokratiet spelar ei viktig rolle i *Tidslinjer*, men i denne boka er ikkje demokratiet nok for å bøte på problema verda står overfor. Det er innanfor demokratia at den økonomiske liberalismen har utvikla seg. Likevel er demokratiske ideal og demokratiet som styreform eit mål i denne boka også. Demokratiet blir eit fenomen som har hatt både tilbakeslag og framgang, og som fortida bli vurdert opp i mot.

3.1.1. Starten

Det er nokre forskjellar i strukturen i *Tidslinjer* og *Perspektiver* som er med på å underbygge dei tematiske forskjellane. I førstnemnde lærebok startar perioden for nyare historie med eit eige kapittel om den industrielle revolusjonen etterfølgd av eit kapittel om industriutviklinga i Noreg. I *Perspektiver* derimot opnar perioden med å skildre dei demokratiske revolusjonane, og deretter gir dei plass til den industrielle revolusjonen og utviklinga av nasjonalisme i same kapittel.

Det er altså den teknologiske utviklinga som markerer starten på moderniseringa av samfunnet i *Tidslinjer*. Industrialiseringa blir knytt til framveksten av kapitalisme og utviklinga av ein global økonomi. Industrialiseringa får tidlig ein grotesk karakter, der blant anna trekanthandelen blir ein føresetnad for den økonomiske veksten i Storbritannia, gjennom at slavehandelen genererte rikdom hos britane som dei investerte i «maskiner og fabrikker».¹⁵⁵

Industriutvikling førde med seg urbanisering, forfattarane skildrar dei negative konsekvensane i klartekst:

«Sosiale problemer hadde alltid eksistert, men de ble tydeligere og mer synlige når byene vokste med rekordfart som følge av industrialiseringen. Siden det ikke eksisterte noen fornuftig byplanlegging, ble folk stuet sammen i elendige bygninger utan vann og avløp og uten nødvendige sanitære forhold. Reint vann var nesten umulig å oppdrive. [...] skittent vann og avfall ble kastet ut av vinduer og ned i rennesteinen. Det samme ble blod og innvoller fra slakterbutikkene. På de overfylte kirkegårdene ble kroppar halvt i forråtnelse gravd opp for å gi plass til nye graver.»¹⁵⁶

Dette skil seg frå korleis *Perspektiver* omhandlar temaet. Her blir dei sosiale problema skildra i ei setning: «[...] det var ikke enkelt for myndighetene i byene å holde tritt med den raske folkeveksten. Mangel på politi og mer kriminalitet, vanskelig tilgang på rent vann, samt dårlig kloakk – og søppelsystem var typiske byproblemer.»¹⁵⁷

Innleiingsvis til kapittelet om industrialisering i *Tidslinjer*, skriv forfattarane:

«Etter hvert utviklet den industrielle revolusjonen seg innenfor en kapitalistisk verdensøkonomi som var sterkt preget av den økonomiske liberalismen. Samtidig forårsaket revolusjonen nød og forurensning og skapte et langt meir klassesdelt samfunn enn tidligere. Lovgivingen klarte bare i liten grad å dempe slike virkninger av industrialiseringen.»¹⁵⁸

Den sosiale krisa som *Tidslinjer* skildrar, får med andre ord den økonomiske liberalismen mykje av skulda for. Dette blir stadfesta fleire gonger: «all nøden som den industrielle revolusjonen forårsaket, kalte på politisk handling [...]. Det var lettere sagt enn gjort, for den økonomiske liberalismen krevde at det offentlige grep minst mulig inn i næringsliv og arbeidsmarked.»¹⁵⁹ Medan løysinga kom i form av sosialismen: «Nye fagforeninger og

¹⁵⁵ Eliassen et al. 2011: 246,250,252.

¹⁵⁶ Ibid.: 254.

¹⁵⁷ Madsen et al. 2014: 229.

¹⁵⁸ Eliassen et al. 2011: 242.

¹⁵⁹ Ibid.: 256.

sosialistpartier presset på for å få arbeidervernlover og en sosiallovgivning som innførte trygder og ga hjelp til mennesker som uforskyldt led nød. I dette lå begynnelsen til den moderne velferdsstaten [...]»¹⁶⁰ Menneske blir offer for industrialiseringa i denne formuleringa. At dei blir omtala som uskulldige gjer også at nokon andre blir skuldige.

Forfattarane av *Tidslinjer* skriv fram ei sosial krise rundt den industrielle revolusjonen som knapt eksisterer i *Perspektiver*. Dette opnar opp for at heilt andre motsetningar blir viktige. I *Perspektiver* er det primært demokrati i konflikt med undertrykking som får prege starten av boka. I *Tidslinjer* får den industrielle revolusjonen mykje større sosiale konsekvensar. Desse konsekvensane kunne vore gjort noko med ifølgje forfattarane, men økonomisk liberalisme hindra styresmaktene i å regulere marknaden. Det blir dermed økonomisk liberalisme mot sosialisme i dette kapittelet. Sidan desse negative konsekvensane av industrialiseringa er nærast fråverande i *Perspektiver*, forsvinn også behovet for løysingar som til dømes sosialisme.

I kjølvatnet av industrialiseringa påpeiker forfattarane ei utvikling i relasjonen mellom arbeidsgivar og arbeidstakar. Her brukar dei fortida som kontrast til å identifisere det nye: «Arbeidsgiveren kunne vise faderlig omsorg for sine arbeidere og hjalp dem i nød, men kontrollerte dem strengt. [...] systemet gav en viss forutsigbarhet og materiell trygghet. [...] I industrisamfunnet ville ikke arbeidsgiveren påta seg noe ekstra ansvar for sine arbeidere. Det var kostbart [...] og [...] knapt mulig [...]. Derfor gikk de tradisjonelle og personlige båndene mellom arbeidsgiver og arbeidere i oppløsning.»¹⁶¹ Forfattarane identifiserer starten på det samfunnet vi lever i no som noko nytt. Industrialiseringa slik den utvikla seg tvang fram sosiale endringar som verken arbeidsgivar eller arbeidar hadde kontroll over. Systemet blir urettferdig og omsynslaust.

I *Perspektiver* blir det særlig brukt ironi i omtalen av sosialdarwinismen. I *Tidslinjer* kjem det ein liknande formulering, berre at her er det snakk om fattigdom:

«Fattigdommen ble i mange tilfeller vurdert som selvforskyldt. De raske samfunnsendringene, de mange epidemiene i byenes slumstrøk, flytting av arbeidskraft og arbeidsledighet ble av myndighetene ikke tillagt vekt som årsaker til fattigdom. De fattige hadde selv skylden, het det.»¹⁶²

¹⁶⁰ Ibid.: 257.

¹⁶¹ Ibid.: 255.

¹⁶² Ibid.: 257.

Sitatet impliserer at fattigdom egentlig kom av strukturelle problem i samfunnet. Forfattarane frigjer dermed dei fattige frå å ha skuld i eigen skjebne, og det er nærliggjande å lese dette som eit stikk mot ideen til liberalismen om individets fridom.

3.1.2. Den tidlige industrialiseringa i Noreg

Forteljinga om Noreg startar i samsvar med verdshistoria, med ei teknologisk utvikling som førde med seg sosiale endringar. Som i *Perspektiver* er det ein del likskapar mellom verdshistoria og noregshistoria fram til første verdskrig. I *Tidslinjer* skjedde det same med forholdet mellom arbeidsgivar og arbeidstakar, auka klasseskilje forvitra den tidligare tilknytninga mellom desse: «I store fabrikkar ble lojalitetsbåndene mellom høy og lav gradvis erstattet av gjensidig fiendtlighet og klassebevissthet.»¹⁶³

Likevel hadde industrialiseringa i Noreg stort sett positive konsekvensar. Konkurransen innafor jordbruk førde til effektivisering, og større båtar gjorde at fisket auka i omfang. Omlegginga av jordbruket vart påtvungen utanfrå i *Tidslinjer*: «[...] nyvinningene innenfor transport [ble] en utfordring for bøndene. Fra de enorme jordbruksområdene i Russland og USA strømmet det korn i store mengder [...]. Til gjengeld ble det mindre lønnsomt å produsere i Norge.»¹⁶⁴ Den største forskjellen mellom Noreg og industrialiseringa av Europa er vilkåra til arbeidaren. I Noreg blir det stort sett betre: «De nye fabrikkarbeidsplassene hadde i utgangspunktet ganske høy status blant de lavere klasser. For mange var det bedre betalt å jobbe på fabrikk enn som dagarbeider eller tenestejente.»¹⁶⁵ Medan dei negative konsekvensane av industriutviklinga blir avgrensa til: «Arbeiderklassens boforhold i og rundt byene var ofte elendige. Husbyggingen holdt ikke tritt med befolkningsveksten, og arbeiderstrøkene bar preg av dette.»¹⁶⁶

3.1.3. Kolonisering og økonomiske skilnadar

I *Tidslinjer* er kolonitida dekkja i kapitlet «Imperialismens tidsalder». Her nyttar forfattarane temaet til å forklare økonomiske skilnadar i verda: «I tidlige kapitler har vi sett hvordan den industrielle revolusjonen ga noen land et økonomisk og teknologisk overtak. Her skal vi vise hvordan dette førte til en verden med langt større forskjeller mellom rike og fattige enn noen

¹⁶³ Ibid.: 268.

¹⁶⁴ Ibid.: 266.

¹⁶⁵ Ibid.: 267.

¹⁶⁶ Ibid.: 268.

gang tidligere i historien.»¹⁶⁷ Forteljinga får dermed ei økonomisk ramme som tar føre seg klasseskilje. Eit døme på dette er måten Latin-Amerika blir integrert i kapittelet:

«I Latin-Amerika tok den [europæiske innverknaden] ikke form av nye erobringer slik som i Afrika og Asia, men kom i stedet til å dreie seg om innvandring, investeringer, handel og økonomisk dominans. Ofte er et begrep som frihandelsimperialisme brukt om et slikt forhold.»¹⁶⁸

I *Perspektiver* blir perspektivet om globale skilnader mellom fattige og rike fråverande.

3.1.4. Demokratiutvikling i Noreg, i kontekst av sosiale skilnader

I *Tidslinjer* blir demokratiutviklinga i Noreg på 1800-talet skriva inn i ei forteljing om bønder mot embetsmenn. På denne måten blir det demokratiske elementet knytt til klasseskilja i samfunnet. Dette skil seg frå korleis *Perspektiver* skriv om dei same fenomen og underbyggjer dermed to ulike tyngdepunkt i bøkene. I *Perspektiver* legg forfattarane størst vekt på eit engasjement hos folket i landet som årsak og pådrivar til demokratiutviklinga. I *Tidslinjer* blir den same prosessen i større grad ein klassekamp mellom bønder mot embetsmenn. I sitatet under kan ein sjå korleis forfattarane skriv den demokratiske prosessen inn i ein klassekamp mellom bønder og embetsmenn:

«Politisk bevisste bønder rettet besk kritikk mot embetsmennene og anbefalte samtidig velgerne å stemme inn bønder på Stortinget. [...] Embetsmennene var bekymret over at så mange bønder benyttet stemmeretten til å velge sine egne til landets nasjonalforsamling. Men gjennom de stemmerettsreglene de hadde vært med på å vedta i 1814, hadde de selv lagt til rette for det som på sikt skulle undergrave deres egen sterke posisjon i det norske samfunnet.»¹⁶⁹

Eit anna døme på skilnadane mellom bøkene, er korleis «motkulturanen» blir omtala. I *Perspektiver* heiter det:

«Fra 1840-årene hadde det vokst fram en ny type offentlighet som viser at både menn og kvinner ble mer aktive deltakere i samfunnet. Folkelig engasjement førte til opprettelsen av en rekke foreninger med ulike formål. [...] Gjennom organisasjonene fikk den gjengse nordmann en mulighet til å øve innflytelse på samfunnet. [...] [D]e utgjorde en arena der nye grupper kunne få erfaring og makt ved å delta i diskusjoner, på møter og i styrer.»¹⁷⁰

¹⁶⁷ Ibid.: 331.

¹⁶⁸ Ibid.: 345.

¹⁶⁹ Ibid.: 313.

¹⁷⁰ Madsen et al. 2014: 256.

I *Tidslinjer* kan vi lese om det same fenomenet, men her skjer det innanfor ein kontekst der bøndene var ei spesifikk gruppe som stod i opposisjon til embetsmenna:

«I 1860-årene tok en av lederne for bondeopposisjonen på Stortinget, Søren Jaabæk, initiativ til å stifte bondevennforeningene, som kjempet for å styrke bøndenes sak. [...] bøndene organiserte seg også på andre måter. På landsbygda, og særlig sterkt på Vest- og Sørlandet, dannet det seg såkalte motkulturer som sto i opposisjon til embetsmanns- og bykulturen. [...] I dem ble folk mer vant til å ta ordet i forsamlinger [...].»¹⁷¹

Vidare i *Tidslinjer* under overskrifta «Februarrevolusjon på norsk» blir det skildra eit underklasseopprør, noko som samtidig opnar opp for at ein sosialistisk helt kan komme på banen: «Men i tillegg til de selveiende bøndene fantes det en underklasse av husmenn, tjenere og arbeidere som falt utenfor det politiske Norge. Inspirert av februarrevolusjonen i Frankrike i 1848 [...] reiste de seg under sosialisten og arbeiderlederen Marcus Thrane. [...] [Bevegelsen] er blitt stående i norsk historie som en tidlig forløper for arbeiderbevegelsen i det moderne industrisamfunnet.»¹⁷²

3.1.5. Sosialismen

Ei motstridande kraft til urettferda som kapitalismen fører med seg, kjem i form av sosialismen. Under den industrielle revolusjonen er det sosialisme og fagforeiningar som jobba for menneskja som «uforskyldt led nød».¹⁷³ Sosialistane blir også ei motkraft til nasjonalismen, som forfattarane skriv at gjekk i tre retningar: rasismen, sosialdarwinismen og imperialismen. Nasjonalismen spelte også ei sentral rolle i dei aggressive landa under første verdskrig. Dei same landa som *Perspektiver* skildrar som demokratiske i første verdskrig, får i *Tidslinjer* ei noko anna rolle:

«Da den første verdenskrig brøt ut var den én ideologi som spilte hovedrollen: nasjonalismen. [...] Bare enkelte sosialister i de krigførende landene tok avstand fra en slik tankegang. De var motstandere av både nasjonalisme og krig. Gjennom 1800-tallet hadde liberalisme og demokrati vunnet fram i Europa. Idealer som folkestyre, frie valg, konkurrerende partier, parlamentarisme, borgerrettigheter og en fri presse sto stadig sterkere. Men det var likevel ikke slike idealer statslederne appellerte til da krigen brøt ut. For de allierte var det vanskelig å danne en samlet

¹⁷¹ Eliassen et al. 2011: 315.

¹⁷² Ibid.: 314.

¹⁷³ Ibid.: 256.

ideologisk front for demokratiet så lenge det autoritære tsarstyret i Russland sto på deres side.»¹⁷⁴

Ein viktig forskjell på bøkene kjem fram her. I *Tidslinjer* var det i møte med krigssituasjonen berre enkelte sosialistar som motsette seg krig og nasjonalisme. Demokratiet blir ikkje nok til å hindre krigen i å bryte ut, sosialistar blir utpeika til å vere den einaste gruppa som kunne ha stoppa utviklinga. I *Perspektiver* derimot er sosialismen utelaten, og demokratiet står åleine som den einaste løysninga. Forfattarane i *Tidslinjer* skriv oftare fram kritikkverdige forhold hos dei vestlege demokratiske landa, enn forfattarane gjer i *Perspektiver*. At det berre var nokre sosialistar som var i mot «nasjonalisme og krig» i *Tidslinjer*, kan ein gjerne sjå i samanheng med dette. Når kritikken mot dei demokratiske aktørane ikkje er til stades på same måte, trengs ikkje sosialismen, då er demokratiet nok.

Når forfattarane av *Tidslinjer* skildrar sosialismen på 1800-talet, kjem dei fram til noko som er påfallande likt eit sjølvportrett: «*Sosialismen* rettet i første rekke søkelyset på økonomiske og sosiale spørsmål. Sosialistene mente at det herskende økonomiske systemet var dypt rettferdig og burde legges helt om. De var imot privat eiendomrett, fritt marked, fri konkurranse og økonomisk liberalisme, som etter deres syn bare ledet til sosial ulikhet og elendighet for de lavere samfunnsklassene.»¹⁷⁵ Denne positive krafta som drog i ei anna retning enn urettferd og sosiale skilnadar, mistar ein av syne etterkvart som læreboka nærmar seg vår eiga tid.

3.1.6. Økonomisk utvikling i Vesten etter andre verdkrig

Forfattarane i *Tidslinjer* forklarar omgrepet «den vestlige verden» med at: «nesten alle var allierte med USA under den kalde krigen [...] de var demokratier [...]. En tredje grunn er det kapitalistiske eller markedsøkonomiske systemet de vestlige landene har felles.»¹⁷⁶

Forfattarane framhevar at den vestlege økonomien byrja svært godt etter andre verdskrig. Blant anna la dei vestlege statane til rette for ei slik utvikling gjennom å halde seg til keynesianisme som økonomisk politikk.¹⁷⁷ Men den vestlege økonomien begynte å snu på 1970-talet, i same andedrag skriv forfattarane at også den økonomiske politikken endra seg og gjekk i ei «mer konservativ retning, også kjent som høgrebølga».¹⁷⁸ Det kjem fram at

¹⁷⁴ Ibid.: 369.

¹⁷⁵ Ibid.: 288.

¹⁷⁶ Ibid.: 466.

¹⁷⁷ Ibid.: 467.

¹⁷⁸ Ibid.: 469.

retningsendringa førde med seg både høgare arbeidslause og større skilnadar mellom fattige og rike:

«Mange var tilfreds med at staten ble holdt litt mer i tømme, at reguleringer ble avviklet, og at økt konkurranse ga lavere priser og bedre tenester. På den annen side ble det under denne utviklingen skapt nye problemer. Store og belastende omstillinger kunne ramme den enkelte sterkt. Og det var ikke alltid at private firmaer, som stadig måtte tenke på lønnsomheten, gjorde tingene bedre enn det offentlige. Sett under ett var den økonomiske veksten lavere i 1980- og 1990 årene enn i de foregående, og arbeidsløsheten i vestlige land økte fra noen få millioner i midten av 1960 årene til rundt 40 millioner ved slutten av århundret. [...] resultatet ble at avstanden mellom fattig og rik ble langt større enn før.»¹⁷⁹

I *Tidslinjer* førde den økonomiske utviklinga både til framsteg og forfall. På eine sida fekk folk meir tid og pengar til å rådighet, samt utvikling av eit breitt helsetilbod og stadig fleire fekk utdanning. Til kontrast legg forfattarane vekt på klimaproblem som dei knyter til forbruk og global oppvarming, samt avgrensa naturressursar.¹⁸⁰ I tillegg gjekk forbrukarsamfunnet utover den generelle livskvaliteten til folk:

«Forbrukersamfunnets goder skapte ikke bare lykke for enkeltindividet heller. Et overdådig og usunt kosthold, overdreven bilbruk og mangel på mosjon forårsaket overvekt, hjertesykdommer og andre livsstilssykdommer. Med stigende velstand fulgte også en tendens til at folk ble mer egoistiske, mer opptatt av egen nytelse og selvutfoldelse. Flere følte seg ensome og utenfor i et slikt samfunn. Økende narkotikamisbruk og kriminalitet er symptomer på dette.»¹⁸¹

Ambivalensen som eg var inne på innleiingsvis, kjem til uttrykk her. Når det kritiske ved nyliberalismen blir at han ikkje oppnådde økonomisk vekst, og at han ikkje klarde hanskast med arbeidsløysa, blir sysselsetting og økonomisk vekst indirekte uttrykt som ynskjelege mål. Dette blir igjen truslar mot klimaet som særleg i det siste kapittelet blir framstilt som skjør og sårbar.

Framveksten av velferdsstaten blir skildra som ein aktiv politikk for å imøtekomme kriser og arbeidsløyse, og som hadde tverrpolitisk einigheit i Vest-Europa. Grunnen var «ønsket om å bygge et bedre samfunn enn det som hadde vært hjemsøkt av kriser og arbeidsløshet i mellomkrigstida.»¹⁸² Som i *Perspektiver* blir framveksten av kommunisme og

¹⁷⁹ Ibid.

¹⁸⁰ Ibid.: 468.

¹⁸¹ Ibid.

¹⁸² Ibid.: 473.

fascisme knytt til at folk mista tillit til demokratiets evne til å stabilisere økonomien. Men igjen er det eit større fokus på den sosiale nauda i *Tidslinjer* enn i *Perspektiver*:

«Den store depresjonen blir lett en historie om tall, og da i særlig grad synkende tall: reduserte priser, redusert produksjon [...]. Ett tall fløy imidlertid til værs, og det var tallet på arbeidsløse. [...] Men framfor alt betydde arbeidsløsheten en sosial krise. Folk hadde det vondt. De hadde ikke penger å kjøpe mat og klær for, [...] og de vandret med uforrettet sak til og frå arbeidskontorene.»¹⁸³

Arbeidsløyse og svak økonomisk vekst blir altså til alvorlige truslar mot samfunnet som velferdsstaten var meint å imøtekomme. Nyliberalismen på 70-tallet blir igjen ein ideologisk kjepp i hjula på ei positiv sosial utviklinga: «Først etter 1970-årene, da vi har sett at nyliberalismen gjorde seg gjeldende, ble velferdsstaten utsatt for en mer grunnleggende kritikk.»¹⁸⁴ Ikkje berre går nyliberalismen mot tiltaka for arbeidsløysa, men han får også skulda for sette i gang kriser og auke skilnaden på fattige og rike:

«Resultatet ble at avstanden mellom fattig og rik ble langt større enn før. Det var raske penger å tjene for dem som var heldige med kjøp og salg av aksjer. Men det var alltid en risiko for at høye lån, spekulasjon og feilslåtte investeringer kunne skape «bobler» som brast. Det mest kjente eksempelet på dette i nyere tid er finanskrisen som startet i USA i 2007 [...]»¹⁸⁵

3.1.7. Økonomisk vendepunkt i Noreg

Det er mykje likt mellom *Tidslinjer* og *Perspektiver* i skildringa av perioden etter andre verdskrig i Noreg. 1970-talet blir markert som eit skilje: før 70-talet var det politisk, økonomisk og kulturell stabilitet. Deretter følgde ein periode med liberalisering innanfor alle desse områda. Denne nye utryggheita som retningsendringa bidrog til, blir likevel sett opp mot det faktum at Noreg er eitt av verdas rikaste land: «Takket være olje- og gassindustrien opplevde Norge etter 1970 den sterkeste økonomiske veksten i landets historie.

Levestandarden fortsatte å øke, og Norge er i dag et av verdens rikeste land.»¹⁸⁶ Ein mindre skilnad er at «Høgrebølga» blir omtala som nyliberalisme i *Tidslinjer*, eit ord som ikkje er med i *Perspektiver*. Og det finst nokre meir karikerande formuleringar av den politiske og økonomiske endringa: ««Frislippet», som denne politikken ofte er blitt kalt, førte i første omgang til en voldsom låneboom og en kjøpefest uten like.»¹⁸⁷

¹⁸³ Ibid.: 377.

¹⁸⁴ Ibid.: 474.

¹⁸⁵ Ibid.: 470.

¹⁸⁶ Ibid.: 520.

¹⁸⁷ Ibid.: 532.

På same måte som i *Perspektiver* blir det ikkje knytt ei direkte line mellom nyorienteringa og den påfølgande økonomiske nedgangen, som blir kommentert slik: «Men mot slutten av 1980-årene ble det dårligere tider for norsk økonomi.»¹⁸⁸ Spesielt for *Tidslinjer* er synet på at det er den nye politikken som førde til at dei rikaste vart rikare: «Den nyliberalistiske politikken førte til at banker, børs og aksjemarked kom til å spille en større og mer selvstendig rolle enn tidligere. Folk med mye penger fikk mer makt og innflytelse.»¹⁸⁹

3.1.8. Økonomisk utvikling i Afrika og Asia

Frigjeringa frå kolonimaktene blir også behandla i eit eige kapittel i *Tidslinjer*, som i *Perspektiver*. Temaet blir handsama på mykje av den same måten i begge lærebøkene, men igjen markerer strukturen ein skilnad. Afrika, Sør-Asia representerte av India og Kina, Latin-Amerika og Midtausten er tatt med i *Tidslinjer*. Afrika, som i *Perspektiver*, blir skildra som eit kontinent i stor naud, og årsakane blir til dels skulda dei afrikanske myndighetene sine dårlege val, og dels i konsekvensar av kolonitida. I begge lærebøkene kjem kontinentet dårleg ut når det gjeld framtidsutsikter, men med eit svakt lys i tunellen. I *Tidslinjer* kjem dette med ein bismak:

«Ved overgangen til 2000-tallet var det imidlertid mer vekst og optimisme å spore. Utenlandske selskaper, også fra Kina og andre asiatiske land, investerte mer i utvinning av olje og andre mineraler. Men flere land opplevde deretter et nytt tilbakeslag som følge av den økonomiske verdenskrise som rammet verden fra 2007. Store deler av det afrikanske kontinentet er også svært sårbar for klimaendringer, som påvirker både jordbruk og vannforsyninger.»¹⁹⁰

Igjen kjem ambivalensen med økonomisk vekst opp i mot klimaproblem til uttrykk. I sitatet blir økonomisk vekst til eit ynskjelig mål i Afrika, men det vil også gå utover den afrikanske befolkninga. Dette er gamle koloniar som søker framgang, skal ein ikkje tillate økonomisk rettferd på grunn av omsyn til klimaet? I begge lærebøkene blir Afrika til ein kontrast mot vesten, eit stort kontinent med mykje ressursar, stor sosial liding, og mislukka forsøk på demokrati og økonomisk utvikling.

Mot slutten av kapittelet nyttar forfattarane omgrepet «ny økonomisk verdensordning». Den økonomiske verdsordninga består i *Tidslinjer* av «utviklingslanda» som samla seg i mot vestlege land i FN, med krav om at vestlege land skulle fjerne tollmurar,

¹⁸⁸ Ibid.

¹⁸⁹ Ibid.: 533.

¹⁹⁰ Ibid.: 495.

gi billigare lån, tilgang til ny teknologi og auke innverknaden til utviklingslanda i IMF og Verdsbanken.¹⁹¹ Dette blir sett i samanheng med ei strukturell urettferd der «Vestlige industriland hadde det avgjørende ordet i Verdensbanken og Det internasjonale valutafondet (IMF).»¹⁹² Ifølge forfattarane er dette «organer som ble opprettet mot slutten av den annen verdenskrig, og som var mest opptatt av å styrke den kapitalistiske delen av verdensøkonomien.»¹⁹³ Det blir skapt ein kontrast mellom økonomisk liberalisme og rettferd, samt at sentrale vestlege statar var skulda i å oppretthalde eit slikt system: «Både i USA, Storbritannia og Vest-Tyskland kom nye statsledere til makten, og de hadde større tro på økonomisk liberalisme enn på en mer rettferdig fordeling av godene.»¹⁹⁴ I *Tidslinjer* framstår denne verdsordninga nærast som ein «arbeidarklasse» i verdssamfunnet:

«For de fleste landene i Sør ble 1980- og 1990 –årene ei økonomisk krisetid. I stedet for endringer i maktforholdene til deres fordel, ble det større forskjeller i verdenssamfunnet og vanskeligere å få til utvikling og vekst. [...] For å få hjelp frå Verdensbanken, IMF og ulike giverland ble de [afrikanske og latinamerikanske land] tvunget til å skjære ytterligere ned på offentlige utgifter til helse og utdanning. Det ble krevd at de skulle åpne for økt privatisering og senke tollsatsene, selv om de hadde vanskeligheter med å hevde seg på verdensmarkedet. Mange av disse tiltakene, [...] førte til mer fattigdom og økt avhengighet av utenlandske långivere og storselskaper.»¹⁹⁵

Delar av Asia gjekk i motsett retning av dei fleste afrikanske landa. Fleire land fekk sterk økonomisk vekst «etter japansk modell». Årsaka låg i samarbeid mellom staten og næringslivssektoren, samt at landa beskytta seg sjølv med tollmurar i starten. Altså motsett av liberalisering av økonomien. Forfattarane skriv fram ein økonomisk profil som inneber at staten regulerer økonomien. Her førte dette til at: «Industriveksten bidrog til mindre fattigdom, bedre utdanning og høyere levealder.»¹⁹⁶ Industrialiseringa blir løysinga på dei sosiale problema, samt at statlege inngrep i økonomien gjorde industrialiseringa mogleg.

¹⁹¹ Ibid.: 507.

¹⁹² Ibid.

¹⁹³ Ibid.

¹⁹⁴ Ibid.

¹⁹⁵ Ibid.: 508.

¹⁹⁶ Ibid.

3.1.9. Det økonomiske systemet som trussel mot klimaet

Forfattarane set spørsmålsteikn til om menneskeheten i det heile kjem til å overleve det økonomiske systemet vårt: «Et grunnleggende spørsmål som stadig oftere blir stilt, er om kloden tåler et økonomisk system som driver rovdrift på naturen og dermed truer livsgrunnlaget til framtidige generasjoner.»¹⁹⁷ Sjølv om forfattarane fremmar trusselen som eit spørsmål, liknar formuleringa meir ein konklusjon. Det økonomiske systemet *driv* rovdrift på naturen, livsgrunnlagt til framtidige generasjonar *er* trua. Men det er ikkje berre framtidige generasjonar som må ta støyten av klimaproblema, det skjer allereie, og på ein urettferdig måte:

«Særlig hardt har det gått ut over mennesker i utviklingsland som rammes av oversvømmelser og tørkekatastrofer, og hvor klimaendringene også fører til at flere blir utsatt for malaria og andre tropiske sykdommer. Høyere havnivå utgjør en trussel mot millioner av fattige mennesker som bor i lavlandet langs kysten, [...]. På denne måten må den høyeste prisen betales av dem som har minst ansvar for problemene, og som har dårligst muligheter til å omstille seg eller bøte på skadene.»¹⁹⁸

Det ser ut til at forfattarane ynskjer å fremme visse hjå eleven ved å nytte Noreg som samanlikningsgrunnlag: «I 2010 var for eksempel CO₂-utslippet per innbygger i Norge mer enn hundre ganger høyere enn det som er tilfelle i mange afrikanske land.»¹⁹⁹ Eit anna akutt problem som blir vektlagd er urbaniseringa. Dette er så alvorleg at folk rett og slett slit med å puste: «[...] i utviklingsland fortsetter problemene å vokse i storbyene, der industri, kullfyring og en eksplosiv økning i bilmengden gjør at det er vanskelig å puste.»²⁰⁰

3.1.10. Klimaproblema er urettferdige

Tidslinjer skildrar eit press mot jorda sine avgrensa ressursar. Det er spesielt to utviklingstrekk som har skulda. Det eine er folkeauke utanfor Vest-Europa, og det andre er privat forbruk, der Noreg igjen blir nytta som døme: «I Norge økte det private forbruket med rundt 75 prosent bare mellom 1990 og 2010, mens forbruket av for eksempel møbler og klær vokste enda raskere, og folk reiste stadig oftere med fly.»²⁰¹

¹⁹⁷ Ibid.: 540.

¹⁹⁸ Ibid.: 544.

¹⁹⁹ Ibid.

²⁰⁰ Ibid.: 541.

²⁰¹ Ibid.: 540.

Forfattarane set også mat – og vassmangel på dagsorden. Dette blir fremma som både eit akutt problem og eit problem for framtida: «Men selv om det er mat nok, gjør fattigdommen at mange ikke har råd til å spise seg mette. [...] Etter tusenårsskiftet er spørsmålet blitt reist på nytt om verdens befolkning vil ha nok mat i framtida.»²⁰² Årsakene blir plasserte i «byvekst, industrialisering og jorderosjon.»²⁰³ I tillegg blir mykje av den dyrkbare jorda nytta til å produsere biodiesel. At folk et kjøtt, fører til produksjon av dyremat i staden for mat til menneske, samtidig verkar også havet å vere sårbart: «Også ressursene i havet er truet, noe som skyldes både forurensning og overfiske.»²⁰⁴ Reint vatn er ikkje berre eit «knapphetsgode mange steder i verden [...] vannmangel [kan] bli en alvorlig trussel mot mulighetene til å skaffe nok mat.»²⁰⁵ Denne trusselen får også ein anna dimensjon: «Mange frykter at striden om knappe vannressurser i framtida vil overskygge kampen om olje og andre energikilder.»²⁰⁶

3.1.11. Global økonomi som grådig og ulovlig

Økonomi driv globaliseringa, skriv forfattarane, og det er transnasjonale selskap som leiar an i utviklinga. Slike selskap får stadig større innverknad i verda og blir stadig større: «De største selskapene blir enda større gjennom sammenslutninger og oppkjøp av konkurrenter.»²⁰⁷ Den globale økonomien blir ein del av den kritiske forteljninga om økonomi i denne boka:

«Globaliseringen av økonomien har også ført til at mye penger blir plassert i såkalte skatteparadis, [...] der enorme formuer holdes skjult for skattemyndighetene. Siden mye av dette dreier seg om spekulasjon i håp om raske gevinster, blir det gjerne omtalt som kasinokapitalisme. Spekulasjoner og grådighet var også med og utløste en global finanskrisen i 2008 som verden ikke hadde sett maken til siden mellomkrigstida. En annen bakside ved globaliseringen og liberaliseringen er at det er blitt mye lettere å drive økonomisk kriminalitet og illegal omsetning av våpen og narkotika.»²⁰⁸

Til samanlikning skildrar forfattarane framveksten av velferdsstaten i Vest-Europa som eit påskott for å sikre samfunnet mot kriser og arbeidsløyse. Dagens økonomi ser ut til å gå i ei motsett retning ifølgje *Tidslinjer*. Forfattarane samanliknar krisa i 2008 med krakket i

²⁰² Ibid.: 542.

²⁰³ Ibid.

²⁰⁴ Ibid.

²⁰⁵ Ibid.

²⁰⁶ Ibid.

²⁰⁷ Ibid.: 545.

²⁰⁸ Ibid.

mellomkrigstida, finanskrisa trer fram som svært alvorlig. Det er ikkje berre transnasjonale selskap som får skulda for denne utviklinga: «Regjeringer i mektige industriland[,] Verdensbanken, Det internasjonale pengefondet (IMF) og Verdens handelsorganisasjon (WTO) [har] vært viktige pådrivere for globalisering av økonomien. Dette er organisasjoner som har gått inn for lavere tollsatser og friere spillerom for investeringer og kapital.»²⁰⁹

Forfattarane skriv fram motsetnaden mellom økonomisk vekst og teknologiske utvikling på eine sida og miljøet på andre: «Som vi har sett ovenfor, er spørsmålet også reist om miljøet kan tåle så mye handel og transport som det nå utsettes for.»²¹⁰

Det som kunne vore eit lys i mørke i denne avslutninga, er at økonomisk vekst har lyfta mange ut av fattigdom. Forfattarane ser likevel at dette berre fører til meir urettferd:

*«Veksten i Asia har løftet millioner ut av fattigdom, men har samtidig ført til økende sosial ulikhet. India er et eksempel på et ledende land innenfor datateknologi, men det er flere som sulter der enn i alle afrikanske land til sammen.»*²¹¹

Forfattarane endar med konklusjonen: «[...] de 400 rikeste enkeltpersonene [tjener] like mye som de fattigste 400 millionene. Det er altså ikke mangel på ressurser som forklarer at det fortsatt er så mye fattigdom og ulikhet i verden.»²¹² Sidan det ikkje er manglande resursar som forårsakar fattigdom og sosiale skilnader, blir det manglande fordeling av ressursane, eller ei urettferdig fordeling, som er problemet. Ut frå universet i denne boka er det nærliggjande å tenke at sosialismen kunne bidrege til å rette opp denne urettferda.

3.1.12. Samandrag

I *Tidslinjer* er det ei kritisk forteljing om utviklinga av eit urettferdig økonomisk system. Dette systemet har gått på kostnad av livsvilkåra til arbeidarar og fattige frå den industrielle revolusjon og fram til dagens form for global økonomi. Dei negative konsekvensane av vårt økonomiske system har med andre ord ei lang historie. Denne kontinuiteten gjer at endring verkar å vere lite sannsynleg, spesielt innanfor systemet. At den sosiale krisa under industrialiseringa ikkje vart bremsa, ser forfattarane i samband med den økonomiske liberalismen som råda i perioden og hindra staten å gripe inn. Mot slutten av boka blir den same økonomiske liberalismen skulda for å halde dei fattige landa nede. Rettferd står sentralt

²⁰⁹ Ibid.

²¹⁰ Ibid.: 546

²¹¹ Ibid.: 548

²¹² Ibid.

i denne boka, og den økonomiske liberalismen trer fram som det store hinderet for å oppnå dette.

Demokratiet i *Tidslinjer* blir ikkje nok til hindre ei negativ retning: Det kan på eine sida kan romme både statleg regulering og sosial utjamning i eit land, og på andre sida hard konkurranse og utbytting av dei mindre privilegerte. Det einaste alternativet som kan demme opp for utviklinga, er sosialismen i denne læreboka. Sosialismen kjem likevel på sidelinja når vi nærmar oss vår eiga tid.

Arbeidarar treng arbeid, dei fattige treng hjelp, stabile økonomiske vilkår gagnar alle. Økonomisk nedgang blir ikkje berre skildra som eit sosialt problem, men dannar også eit potensiale for ekstreme politiske rørsler som kan true demokratiet. Samtidig melder eit anna problem seg når økonomisk vekst blir knytt til industrialisering og modernisering. Det legg press på vårt framtidige livsgrunnlag.

I *Tidslinjer* blir industrialisering i den tredje verda ein veg ut av fattigdom for fleire land i Asia. I Afrika held vestlege aktørar fattige land nede i økonomisk avhenge. Men skulle denne urettferda vorte retta opp, inneber det ny industrialisering, og nye forbrukarsamfunn. Planeten blir skildra som skjør - den dyrkbare jorda verker å vere tynnslitt, og dermed går løysinga for urettferda utover livsgrunnlaget i framtida.

3.2. Demokrati

Tidslinjer og *Perspektiver* liknar kvarandre i korleis dei skriv om demokratiet. Likevel får demokratiet ein annan funksjon i *Tidslinjer*. Det kjem frå eit større fokus på dei demokratiske landa si «ikkje-demokratiske» fortid. Det er gjennomgåande eit kritisk blikk mot Vesten. Sjølv om det blir skriva positivt om demokratiet, er det fortsatt ein del av det vestlege prosjektet. Som allereie nemnt blir også delar av det som vert fortalt om demokratiet knytt til ein konflikt mellom samfunnsklassar.

I kapittelet «Demokrati og nasjon» skil *Tidslinjer* seg frå *Perspektiver* i korleis forfattarane strukturerer innhaldet i boka, dette gjer og noko med kommunikasjonen. I *Perspektiver* byrjar perioden for nyare historie med den amerikanske og den franske revolusjonen. I *Tidslinjer* blir desse sidestilt med dei franske revolusjonane i 1830 og 1848, og den russiske revolusjonen i 1905, samt frigjeringsa frå kolonimaktene i Latin-Amerika. Forfattarane peikar på at både i Russland og Latin-Amerika hadde revolusjonane demokratiske element i seg, men dei enda opp, i alle fall på lang sikt, med eit heilt anna utfall. Diktatur i Latin-Amerika og kommunisme i Russland. I *Perspektiver* blir revolusjonane

avgrensa til den franske og amerikanske og på den måten er det dei mest «vellukka» revolusjonane som får plass. I *Tidslinjer* blir dette enkle biletet meir komplekst.²¹³

Likevel blir demokratiet i *Tidslinjer* også eit mål i forteljinga. Ein kan sjå i sitatet under at det er vår samtid si forståing av demokratiet som ligg til grunn. Denne måten å skildre demokratiet på er lik som i *Perspektiver*:

«Frankrike fikk en for samtida svært demokratisk styreform. Samfunnet var blitt mer åpent, med muligheter for ambisiøse og dyktige folk fra alle samfunnslag til å avansere uten standssamfunnets hindringer. [...] Ingen Europeisk nasjon hadde noensinne gjennomgått så omfattende samfunnsendringer på så kort tid. Nå kunne det franske folket ha samlet seg om den nye samfunnsordningen og revolusjonen ha vært over. Men slik skulle det ikke gå.»²¹⁴

3.2.1. Ein uklar demokratisk front i *Tidslinjer*

Det er ein tendens i *Tidslinjer* til å vatne ut den polariseringa mellom demokrati og autoritære regimer som ein finn i *Perspektiver*. Dette skjer primært gjennom å skildre den ikkje-demokratiske fortida til dei demokratiske landa. Mellomkrigstida i *Perspektiver* vart framstilt som ein konflikt, der demokratiet vart utfordra av både fascisme og kommunisme. I *Tidslinjer* blir dei same landa, som i *Perspektiver* implisitt forsvara demokratiet, skildra som veksande kolonimakter: «Kolonimaktens herredømme var aldri truet i mellomkrigstida. Britene og franskmennenes områder var til og med blitt utvidet da de overtok de tyske koloniene og osmanske provinsene [...]»²¹⁵ Dette poenget kjem best fram gjennom ei samanlikning av dei to bøkene, og får ikkje same funksjon om ein berre les ei bok for seg. Samanlikninga syner likevel ulike fokus hjå forfatarane.

Eit anna døme er at demokratiet og kommunismen blir fremma som ein felles front mot fascismen i andre verdskrig: «Den annen verdskrig hadde også en ideologisk side: Fascisme og militarisme sto mot demokrati og kommunisme».²¹⁶ Dette verkar utenkeleg i *Perspektiver*, der forfatarane skil klart det demokratiske frå det autoritære. Det er nærliggjande å sjå denne tendensen i forhold til den kritiske forteljinga. I *Tidslinjer* er verda prega av økonomiske skilnadar som går hardt ut over dei mindre privilegerte og klimaet. Det er kapitalisme og økonomisk liberalisme som er dei primære drivkreftene for denne utviklinga, og det er vestlege demokrati som har satt i gang desse kreftene og bidreg til å

²¹³ Ibid.: 296, 284.

²¹⁴ Ibid.: 281.

²¹⁵ Ibid.: 379.

²¹⁶ Ibid.: 418.

opprethalde dei blant anna gjennom IMF og WTO. Dette opnar for ein meir problematisk relasjon til vestlege nasjonar, enn det ein finn grunnlag for i *Perspektiver*. Eit anna døme på dette kjem i avslutninga på kapittelet «Demokrati og nasjon»:

«I Europa var framgangen for demokratiet størst i Storbritannia og Frankrike, for Storbritannia sin del med røtter tilbake til 1600-tallet, for Frankrikes del til revolusjonen i 1789. Både Storbritannia og Frankrike var koloniriker, men liberalisme og demokrati var ikke ment til å gjelde koloniene. Her gikk det en skarp grense. Briter og franskmenn, som var liberale eller radikale hjemme, var gjerne tilhengere av imperialisme og kolonistyre utenfor Europa.»²¹⁷

Storbritannia og Frankrike trer fram som dobbeltmoraliske, trass i demokratiske tradisjonar.

Trass i eit kritisk fokus på dei demokratiske landa, er det likevel ikkje noko tvil i *Tidslinjer* om at også kommunismen var ein trussel: «[k]apitlet handler om to politiske og ideologiske bevegelser – kommunisme og fascisme – som var motstandere av demokratiet.»²¹⁸ Sjølv om det finnes nokre skilnadar.

3.2.2. Det norske demokratiet i mellomkrigstida

Mellomkrigstida blir handsama ganske likt i *Tidslinjer* og *Perspektiver*. Det utvikla seg rørsler både på høgre og venstre fløy som ville velte demokratiet, men dei klarde det ikkje. I *Tidslinjer* kjem dei anti-demokratiske kreftene i form av eit radikalt Arbeiderpartiet og Fedrelandslaget som seinare vart til Nasjonal Samling. I *Tidslinjer* snur denne farlege situasjonen med ei dreining internt i Arbeiderpartiet, dette fekk positive konsekvensar: «I begynnelsen av 1930-årene ble den økonomiske krisen stadig verre, og Arbeiderpartiet bestemte seg for at det først og fremst gjaldt å overvinne den. [...] Partiet holdt fast ved sosialismen og betraktet det sosialistiske samfunnet som sitt framtidsmål, men oppga tanken om revolusjon.»²¹⁹ Denne forandringa førde til politiske resultat: «Arbeiderpartiets overgang frå et revolusjonært parti til et reformvennlig parti bidro til å dempe de politiske motsetningene i landet [...]. Demokratiet ble styrket, samtidig som det som ofte kalles den sosialdemokratiske epoken i norsk historie, ble innledet.»²²⁰ I *Perspektiver* er det i stor grad lagt vekt på det politiske kompromisset som klarde å balansere ut dei ekstreme retningane i samfunnet, rett nok leia av Arbeiderpartiet. *Tidslinjer* fokuserer meir på Arbeiderpartiet sin utvikling til å bli eit samlande demokratisk parti bygd på sosialisme.

²¹⁷ Ibid.: 301.

²¹⁸ Ibid.: 388.

²¹⁹ Ibid.: 409.

²²⁰ Ibid.

3.2.3. Demokratiet som tradisjon

Eit perspektiv i *Tidslinjer*, som ein ikkje finn i *Perspektiver* er at forfattarane viser til tradisjon som eit argument for kvifor nokre demokrati klarde seg gjennom dei vanskelege åra i mellomkrigstida: I *Tidslinjer* blir tradisjon utpeika som den sentrale faktoren for at nokre land heldt på demokratiet, medan andre ikkje: «Demokratier som hadde hatt en lang og stabil utvikling uten brå skifter, kom seg gjennom mellomkrigstidas krise med folkestyre i behold.»²²¹

Demokratiet står også sentralt i *Tidslinjer*, med formuleringar som: «Demokratiet var kommet styrket ut av den første verdenskrig. Seiersmaktene gikk inn for folkestyre, og det inspirerte fleire land til å innføre demokratiske styreformer.»²²²

3.2.4. Samandrag

Demokratiet har ei anna rolle i *Tidslinjer* enn i *Perspektiver*. I *Tidslinjer* vert den franske revolusjonen motivert av egoisme. Storbritannia og Frankrike blir skulda for dobbeltmoral, demokratiske heime og imperialistiske i utlandet. Demokratiet blir ikkje same grad ein målestokk for suksess i andre deler av verda som i *Perspektiver*, sjølv om ein kan sjå tendensar til det.

Likevel blir demokratiet stilt opp i mot fascisme og kommunisme, det er stadig «statusrapportar» for kva retning demokratiet går i (framover, svekka) i ulike kapittel. At demokratiet ikkje spelar den same rolla i bøkene er nærliggjande å sjå i forhold til den gjennomgåande kritikken av vestlege land som eg var inne på over. Den store urettferda som Vesten har forårsaka oppgjennom historia, har trass alt vore innanfor demokratiet sine rammer, og er det framleis. I den grad ein kan seie at Vesten er hovudaktøren i denne verdshistoria, blir det i så fall ei forteljing med ein skurk i hovudrolla. At skurken går sin undergang i møte mot avslutninga, er berre sørgjeleg sidan det er verre skurkar som er klar til å ta over.

3.3. Nye truslar

Ved sida av det økonomiske systemet er det fleire nyare truslar mot framtida som forfattarane drøftar i det siste kapittelet. Globaliseringa fremmar kulturelle forskjellar som blir ein trussel

²²¹ Ibid.: 398.

²²² Ibid.: 397.

mot fred. Terrorisme gjer at ingen er sikra mot åtak og forfattarane augnar tendensane til ein ny kald krig. Avslutningsvis kjem det også fram i *Tidslinjer* at hegemoniet til USA er på veg til å vere over, til fordel for Asia.

I tillegg til økonomi er også teknologi pådrivar av globalisering. Når det gjeld konsekvensane av dette, ser *Perspektiver* og *Tidslinjer* samkøyrde ut. Verda blir mindre og tvingar dermed fram kulturelle skilnadar, noko som fører med seg eit potensiale for konflikt. I *Tidslinjer* skriv forfattarane:

*«En optimistisk forestilling går ut på at nærhet over landegrensene vil føre til global bevissthet, menneskerettigheter og demokrati. Men fortsatt er det langt fram til en global etikk, der man kjenner like stort ansvar for miljø og menneskers velferd i andre verdensdeler som innenfor egne landegrenser.»*²²³

Men i staden for ein slik optimistisk førestilling som forfattarane peiker på, brukar dei tid på dei negative konsekvensane. Forfattarane skriv at globaliseringa har gitt ei auka oppslutning rundt det nære og kjende. Forfattarane ser dette i samheng med at nasjonalisme og religion har gjort seg gjeldande i politikken i ulike delar av verden: «Økt oppslutning om ytterliggående former for islam»²²⁴, samt «I de siste tiårene ser også kristendommen ut til å ha spilt en viktigere politisk rolle i USA enn før, samtidig som mange velgere i India har støttet hindupartier som mener at landet trues både av islam og økt vestlig innflytelse.»²²⁵

Under overskrifta «En usikker verden» tek forfattarane opp terrorisme. Terrorisme blir presentert som ein ny trussel som kan råke kven som helst: «De dramatiske terroraksjonene på amerikansk jord viste at ikke engang verdens eneste supermakt kunne være trygg mot overraskende angrep.»²²⁶

Ei anna, kanskje vel så truande utvikling er at forfattarane ser ei auke i konfliktnivå som blir samanlikna med den kalde krigen: «De langvarige og kostbare krigene i Afghanistan og Irak førte imidlertid til at militærutgiftene igjen kom opp på nivået fra den kalde krigens dager. Det skyldes også at forsvarsbudsjettene var på vei oppover både i Russland og Kina.»²²⁷ Forfattarane peiker også på at vi lever i eit risikosamfunn, noko som inneber at det ikkje berre er krig mellom statar som truar menneska:

«[...] [F]attigdom, miljødeleggelser, matmangel, sykdommer og epidemier på tvers av landegrensene, menneskesmugling og kriminalitet truer menneskenes

²²³ Ibid.: 546.

²²⁴ Ibid.

²²⁵ Ibid.

²²⁶ Ibid.

²²⁷ Ibid.

sikkerhet like mye som væpnede konflikter. Men sammenlignet med alle de ressursene som brukes til militære formål er det beskjedne midler som settes inn for å bekjempe de andre truslene.»²²⁸

Avslutningsvis i *Tidslinjer* blir USA sin maktposisjon i verda trua av Asia. Som i *Perspektiver* består utfordrarane av fleire maktsentrum. Russland, EU, Kina, India og Brasil blir nemnde. At EU og Japan blir inkluderte i *Tidslinjer*, er med på å vatne ut dei klare konfliktlinjene som ein kan sjå i *Perspektiver*. Kanskje spesielt sidan det demokratiske og vestleg inspirerte Japan blir definert klart vekk frå autoritære Kina i *Perspektiver*. I *Tidslinjer* siglar likevel Asia opp som ein potensiell ny dominerande region: «Mens Storbritannia var den ledende verdensmakten på 1800-tallet, og 1900-tallet er kalt «USAs århundre», er det ikke mangel på spådommer om at 2000-tallet vil bli Asias århundre.»²²⁹

3.4. Noreg

Noreg før andre verdskrig har allereie vore kommentert. Her vil eg sjå nærare på andre verdskrig og tida etterpå.

3.4.1 Andre verdskrig

Kapittelet om andre verdskrig i Noreg er ei forteljing om nazistar mot fridomskjempane norske motstandarar. Det nyanserende elementet i *Perspektiver* som gir nazistane eit menneskeleg andlet, er fråverande i *Tidslinjer*. «Tyskertøser» og «krigsbarn» blir heller ikkje nemnd. Omgrepa syner ei mørk side av etterkrigshistoria i *Perspektiver*: «Fleire enn 10 000 barn ble født med norsk mor og tysk far. Disse uskyldige ungene ble i oppveksten møtt med hat og mobbing.»²³⁰ Eit anna døme på den same skilnaden mellom lærebøkene er korleis dei skriv om «frontkjemparane». I *Tidslinjer* får frontkjemparane ein funksjon i forteljinga som eit bevis frå forfattarane si side om at NS var eit internasjonalt fascistparti og ikkje nasjonalistisk, som partiet sjølv hevda:

«NS knyttet sin skjebne tett til tyskerne. Det var takket være dem at partiet fikk den politiske makten i Norge [...]. NS støttet den tyske krigføringen, og 4500-5000 frivillige sloss på tysk side under krigen, de såkalte frontkjemperne. Den nære tilknytningen mellom partiet og den tyske okkupasjonsmakten gjorde det vanskelig,

²²⁸ Ibid.

²²⁹ Ibid.: 551.

²³⁰ Madsen et al. 2014: 387.

og etterhvert umulig, for NS å framstå som et nasjonalt parti – til tross for partiets nasjonalisme.»²³¹

Medan i *Perspektiver* bidreg fenomenet til det nyanserande elementet:

«Mange av disse [frontkjemparane] soldatene var gutter i tenårene. [...] De som overlevde og kom hjem, ble stort sett dømt som landssvikere. Det gjorde også flere av de norske sykepleierne som hadde vervet seg til tjeneste for det tyske Røde Kors. Opp mot 500 norske sykepleiere jobbet under livsfarlige forhold for å redde tyske liv. Det kom til å straffe seg da krigen var over.»²³²

Desse sjukepleiarane er ikkje nemnde i *Tidslinjer*. At dei aktuelle soldatane blir skildra som gutar i *Perspektiver*, er med på å umyndiggjere dei og det blir mogleg å stille spørsmål om dei egentleg var landssvikarar eller berre lett påverkelege tenåringar, og dermed offer for den historiske situasjonen dei fann seg i. Når det er sagt har eg utelatt skildringa av brutale handlingar som frontkjemparane var med på i *Perspektiver*. Forfattarane tek med begge sider av saken.

Kapittelet om Noreg under andre verdskrig får ein anna funksjon i *Tidslinjer* enn i *Perspektiver*. For det første verkar kapittelet å vere eit unntak frå utviklinga til Noreg i *Perspektiver*, ein stillstand med krig og elendighet, medan i *Tidslinjer* verkar krigen å vere eit tilbakeslag i for det demokratiske Noreg. Dette skjer gjennom ein noko meir einsretta framstilling av nazistane som innleiingsvis tek Noreg militært og deretter avsett demokratiet. Resten av kapittelet blir dermed ein kamp mellom nordmenn mot autoritære nazistar.²³³

For det andre kan ein lese kapittelet om andre verdskrig i *Perspektiver* som ei framferd til etterfølging av forfattarane. Ved å vektlegge nyansane går dei i mot ei polarisering mellom dei gode og dei vonde. Denne måten å hanskast med eiga fortid på verkar forsonande. I motsett tilfelle bidreg *Tidslinjer* til polarisering. Det demokratiske mot det ikkje-demokratiske.

Denne polariseringa får ein funksjon. I *Tidslinjer* er det eit gjennomgåande kritisk blick retta mot Vesten, dette gjeld også Noreg etterkvart. Dette kritiske blikket er fråverande i møte med andre verdskrig. Her opnast det ikkje for tvil: Når Noreg blir angripen av nazistane, er konfliktlinja tydeleg, dei mot oss. Sidan forfattarane stadig kritiserer Vesten, kan det gjerne vere vanskeleg å seie kven som er gode og vonde i verda. Kapittelet om andre verdskrig i Noreg kan gjerne lesast som eit behov for å finne ein stødig grunn å stå på. Ein stad der det ikkje er tvil om kven som har skuld og kven som er offer.

²³¹Eliassen et al. 2011: 436.

²³²Madsen et al. 2014: 384.

²³³Eliassen et al. 2011: 435.

Dette behovet finst ikkje på same måte i *Perspektiver*, kanskje på grunn av at skilnadane mellom det demokratiske og det autoritære allereie er godt etablert. Og dermed kan forfattarane nyansere denne delen av fortida. I *Tidslinjer*, om ein også skulle problematisert konfliktlinja mellom nazistar og nordmenn, kor skal ein då vende seg mot. Det kan gjerne vere greitt å i det minste stadfeste dette, eit demokratisk Noreg er betre enn eit Nazi-Tyskland.

3.4.2. Etter andre verdskrig

I *Tidslinjer* blir Noreg på den internasjonale arenaen skildra som ei utvikling frå å vere nøytrale etter unionen med Sverige og fram til andre verdskrig til å melde seg inn i Vesten. Dette kjem under avsnittet «I den vestlige leir» der Noreg tok i mot Marshall-hjelp i 1947, og var med på internasjonale konflikter i Kosovo og Afghanistan.²³⁴

Vegen til rikdom for landet blir sett i samanheng med klimatrusselen, men det har også vore positivt for landet. Oljeproduksjonen sikra stor økonomisk vekst som har ført til arbeidsplassar, økonomisk stabilitet, skular og helsetilbod. Men baksida er at oljeutvinninga har ført til at «Norge er blant de landene som slipper ut mest klimagasser per innbygger, og at Norge rundt 2010 lå langt etter de klimamål som landet hadde forpliktet seg til. For mange er det også en etisk utfordring at nordmenn tjener seg rike på en energiform som skaper miljø- og klimaproblemer for hele kloden, mens regningen særlig må betales av de fattigste i verden.»²³⁵

I tråd med *Læreplanen* tek også *Tidslinjer* opp utviklinga frå eit «homogent samfunn», som gjekk på kostnad av etniske minoritetar og til eit fleirkulturelt samfunn prega av innvandring. Forfattarane av *Tidslinjer* avsluttar avsnittet med å drøfte ulike posisjonar innanfor innvandringsdebatten: «Noen mener at innvandringen gjør Norge til et meir mangfoldig og fargerikt samfunn, mens andre legger vekt på at integreringen ikke går hurtig nok, slik at mange blir stående «utenfor» det norske samfunnet. [...] Det er også dem som mener at det ikke blir stilt store nok krav til innvandrerne, og at de får ta del i velferdssamfunnets goder uten å yte nok til gjengjeld.»²³⁶

Noreg i perioden etter andre verdskrig er det samfunnet som kjem best ut i begge bøkene i heile perioden for denne undersøkinga. Ein kan seie at det er ein omvendt *u-modell*

²³⁴ Ibid.: 534.

²³⁵ Ibid.: 519.

²³⁶ Ibid.: 524.

forteljing: Forteljinga startar med demokratiutvikling som var starten på ei god utvikling, denne blir blømer rett etter andre verdskrig, men etter det verkar ting å gå dårligare att. Det er likevel tatt med fleire kritikkverdige forhold ved den norske forteljinga enn det er i *Perspektiver*. Til dømes er Jødeparagrafen utelatt i *Perspektiver*, men blir nemnd i *Tidslinjer*. Folket får mykje av æra for sjølvstende og demokratisering i *Perspektiver*, mendan i *Tidslinjer* blir det underlagt utviklinga i Europa og klassekamp.

Sjølv om den norske forteljinga her ikkje er like gullkanta som den i *Perspektiver*, trer ho fram som eit betre alternativ enn for utviklinga i resten av verda. I seg sjølv kan dette lesast som eit forsvar for Noreg, landet er verd å kjempe for. Kanskje ikkje fordi det er eksemplarisk, men det er likevel eit betre alternativ til andre land. Med eit viktig unntak, landet har tent seg rike innanfor eit økonomisk system som held fattige nede, og slepp ut klimagassar i stor stil, noko som allereie går hardt ut over dei fattige. På ei anna side er det vanskeleg å sjå noko alternativ til å vere ein del av dette økonomiske systemet. Økonomiske nedgangstider er trass alt svært farlig, det også.

3.5. Framtidsforventningar

Spesielt for *Tidslinjer* er at forfattarane skriv det siste kapittelet i form av framtidsforventningar: «[...] i det siste kapittelet [skal vi] rette blikket framover».²³⁷ I dette kapittelet er det spesielt klimaet og urettferd i verda som tek størst plass i framtidsbiletet. Begge deler er konsekvensar av det økonomiske systemet. I denne boka blir dette systemet utvikla allereie under industrialiseringa. Kapitalismen skapa klassemedvit og samfunnsskassar som ein kan følgje i store deler av læreboka. Dei negative konsekvensane av det økonomiske systemet er gjennomgåande og kontinuerleg oppgjennom historia.

Eg har allereie kalla denne delen av læreboka for ei kritisk forteljing. Grunnen til det er at den vektlegg dei negative konsekvensane av vårt økonomiske system. Forfattarane trer fram som varslarar om at verda går i ei farleg retning. Tidleg i forteljinga trekkjer dei fram sosialismen som ein slags motpol til dei økonomiske kreftene. Men sjølv om sosialismen verkar å representere von og endring, er den stadig makteslaus. Når Rösen forklarar kva han legg i *kritiske forteljing*, skriv han at slike forteljingar ofte blir til ideologisk kritikk, der fortida primært blir brukt som bevis mot ein ideologi.²³⁸ Forfattarane tilbyr ikkje eit realistisk alternativ til det eksisterande økonomiske systemet, men dei vektlegg negative konsekvensar

²³⁷ Ibid.: 540.

²³⁸ Rösen 2014: 75.

av det. Slik skapast ein identitet om å ta avstand frå noko, snarare enn å vere for noko. Sosialismen sitt nærvær kjem til ei viss grad i strid med denne delen av tropen til Rösen, forfattarane verkar å vere for rettferd og likskap. Dermed er det ikkje ein fullstendig anti-identitet. Overvekta av dei negative konsekvensane gjer likevel at forteljninga ligg nærare denne tropen enn dei andre.

Ein kan seie at det indirekte blir konstruert ein utopi i denne læreboka også, som består av ei rettferdig verd med likskap mellom folk og nasjonar. Men utopien om ei demokratisk og fredeleg verd i *Tidslinjer* trer fram som meir usannsynlig enn utopien i *Perspektiver*. Trass alt er store delar av verda både demokratisk, og enn så lenge fredeleg i *Perspektiver*. I *Tidslinjer* er det større avstand mellom tingenes tilstand og utopien.

Religion, terror, ny kald krig og verdshegemoniskifte blir også teke opp som tendensar i vår tid. Desse truslane mørklegg framtidsbiletet, sidan dei ikkje har den same som konsekvensane av det økonomiske systemet, trer dei ikkje fram som like pregande for framtidsbiletet. Mangel på kontinuitet gjer at dei verkar lettare å endre. I lys av at klimaet er ein altomfattande trussel mot livsvilkåra, blir desse dagsaktuelle fenomena redusert til mindre betydelege. Det hjelper ikkje med fred, sikkerhet eller demokrati i heile verda, om alt går til helvete likevel. Sosialismen verkar å bidra til meir rettferd, men han blir ikkje fremma som noko redning mot klimaet.

Demokratiet blir også mindre relevant for framtida sidan klimautfordringane og urettferda i verda skjer innanfor dei demokratiske rammene. Dette betyr ikkje at forfattarane verkar skeptiske til dei demokratiske verdiane eller på andre måtar ikkje støttar demokratiet. Men på grunn av ein gjennomgåande skepsis til Vesten blir demokratiet si rolle prega av dette. Demokratiet blir ikkje eit middel mot problema verda står overfor.

I *Perspektiver* vart det lagt vekt på endringar, spesielt i det siste kapittelet. Fenomena som prega 90-talet og framover verkar nye. I *Tidslinjer* trer retninga og farten fram som viktigare enn endring. I fleire formuleringar blir farten understreka, til dømes: «Aldri før i historien har folketallet i verden økt så raskt som i den andre halvdelan av 1900-tallet»,²³⁹ det same her: «en eksplosiv økning i bilmengden».²⁴⁰ Retninga verda går i er i utgangspunktet farleg, nytt for den siste tida er at farten akselererer. Dette aukar trusselnivået betrakteleg.

Innleiingsvis i kapittelet reflekterer forfattarane litt rundt det å skrive om framtida: «Vi tar utgangspunkt i noen av de utviklingstrekkene etter tusenårsskiftet som mange mener vil

²³⁹ Eliassen 2011: 540.

²⁴⁰ Ibid.

forme vår nærmeste framtid.»²⁴¹ Avslutningsvis i kapitlet: «Dessuten er det ikke historikernes oppgave å spå om framtida. De har vanskeligheter nok med å finne ut hva som egentlig skjedd i vår fortid, og hvordan historiske begivenheter skal tolkes.»²⁴² Denne formuleringa bidreg til å undergrave Alvorets i det dei nettopp har skrive, men viktigare er kanskje at dei nettopp opnar for at utviklinga kan gå heilt annleis også. Kanskje dette er eit behov som kjem av at i sum verkar det ikkje å vere noko von for framtida, dermed kan det vere greitt å opne for at heilt andre forteljingar om framtida kan vere sanne. Forfattarane avsluttar boka slik: «Det er heller ikke godt å vite hva som vil skje når det gjelder kampen mot terrorisme, bekjempelse av fattigdom og sosial ulikhet eller utsiktene til å løse de alvorligste miljøproblemene. Historien følger sjelden rette linjer.»²⁴³

Sjølv om forteljinga om Noreg er sentral i kraft av at historia tek opp mykje plass i læreboka, trer landet fram som mindre relevant i møte med framtida. Dei store konfliktane skjer på ein arena der Noreg ikkje blir nemnt.

²⁴¹ Ibid.: 540.

²⁴² Ibid.: 551.

²⁴³ Ibid.

4. Alle tiders historie

Alle tiders historie har vore meir utfordrande å lese enn dei andre lærebøkene. Sjølv om det ikkje var enkelt å finne noko som kan ramme inn alt innhaldet i dei ulike lærebøkene, eller finne ei reinskåren hovudforteljing, har det i *Perspektiver* og *Tidslinjer* vore nokre gjennomgåande trekk ved bøkene som har utgjort ulike tyngdepunkt, som igjen har påverka framtidsbileta i dei. Sjølv om ikkje alle delane i bøkene har vore med på å underbygge dei ulike posisjonane, har fenomenene stadig dukka opp i forteljingane.

I både *Perspektiver* og *Tidslinjer* er det eit avsluttande kapittel som tek føre seg større utviklingstrekk som har prega tida etter 1990. Desse avslutningane har vore med på å kasta lys over dei andre delane i lærebøkene, og på denne måten har dei bidrege til å klargjere resten av forteljingane. I *Alle tiders historie* manglar dette avsluttande kapittelet. Dette kan sjåast i samanheng med ein gjennomgåande tendens i boka, nemlig at forfattarane i mindre grad set lesaren inn i ei forståingsramme rundt hendingane, slik som dei andre bøkene har gjort. Dette skal eg komme tilbake til.

Noko som gjerne er eit uttrykk for dette, eller ein konsekvens av det, er at boka manglar ein gjennomgåande konflikt, slik det meir eller mindre er i *Perspektiver* (demokrati mot undertrykking) og *Tidslinjer* (rettferd mot økonomisk liberalisme). Desse konfliktane bidreg til å setje hendingar i fortida inn i ei større tolkingsramme som også er aktuell i dag. Slik blir fortida aktualisert. Ein kan seie at forfattarane av *Alle tiders historie* har ei meir deskriptiv inngang til fortida ved å fokuser meir på hendingsforløpet. Dei andre bøkene trer fram som meir normative, ved at dei tolkar dei historiske hendingane meir. Dermed synleggjer dei ein klarare posisjon i bøkene. Dette er berre meint som graderingar i mellom bøkene for å illustrere skilnadar mellom dei, ikkje for å dømme i kva grad dei er objektive eller normative. Den deskriptive innfallsvinklinga i *Alle tiders historie* resulterer i at boka blir mindre orienterande i tid.

Det som trer fram i *Alle tiders historie* er eit maktperspektiv. Kven som sit ved makta blir ein sentral drivkraft i historia. Demokratiet er også viktig, men kjem stadig i bakgrunnen til fordel for ulike maktreelasjonar. Størsteparten av denne analysen vil handle om dette. Altså at det i mindre grad er forståingsrammer. Dette gjer at hendingsforløpet får stå meir for seg sjølv. Hendingane dreier seg ofte om kven som har politisk makt. Dette er tendensar som blir særlig tydelege under demokratiseringa, mellomkrigstida, den kalde krigen og i det siste kapittelet.

I dei tre siste kapitla innanfor verdshistoria får NATO ein viktig funksjon. Organisasjonen er framstilt i eit godt lys gjennom kapitla, og læreboka avsluttar med eit spørsmål om kor vidt NATO bør gå frå å vere ein forsvarsallianse til å ta meir ansvar rundt om i verda. At dette får avslutte læreboka, markerer ein stor skilnad til dei andre bøkene. Eg meiner det best kan forståast i samanheng med det allereie nemnde makt-perspektivet, der spørsmålet om kven som har makt blir det sentrale. Dette skapar også rom for at NATO kan bli ein slags hovudaktør i forteljinga etter andre verdskrig.

Rüsen skriv at via historiemedvititet får moralske verdiar «ein kropp av tid». Slik som demokratiet i *Perspektiver* trer fram som ein moralsk verdi, blir «kroppen av tid» den eksemplariske forteljinga. Gjennom korleis forfattarane forklarar historiske hendingar som har med demokratiet å gjere, trer dei demokratiske verdiane fram som tidlause verdiar. Ved at dei trer fram som tidlause, vert fortid, samtid og framtid knytte saman. Eg meiner ikkje at forfattarane har meint å skrive ei eksemplarisk forteljing om demokratiske verdiar, men at det finst tendensar til denne måten å halde til desse verdiane på.

Det er nettopp i rammene som forfattarane sett rundt hendingane at desse tendensane kjem fram. Rammene legg opp til ein viss måte å forstå fortida på i forhold til samtida. Eit døme er mellomkrigstida. Forfattarane i *Perspektiver* er klare både i innleiinga av kapitlet og korleis det er inndelt på, at demokratiet blir utfordra frå både kommunismen og fascismen. Ein kamp mellom undertrykking og demokrati blir ei ramme som ein også kan nytte mot slutten av boka då USA kjem i konflikt med Kina. Denne måten å fortelle på legg opp til ein viss måte å knytte fortida til samtida på, og seier dermed indirekte noko om framtida. I *Alle tiders historie* legg forfattarane i mindre grad opp til å danne forståingsrammer rundt hendingane. Nokre gonger skjer det til ei viss grad i innleiingane på kapitla, men det er ikkje alltid det blir følgt opp i teksten. Dette kjem eg nærare inn på gjennom analysen.²⁴⁴

4.1. Eit maktperspektiv

Som nemnt er demokratiet også viktig i *Alle tiders historie*, men formidlinga skil seg frå både *Tidslinjer* og *Perspektiver*. Ein finn ikkje den same måten å behandle dei demokratiske ideala på: Demokratiet blir i mindre grad eit mål å vurdere fortida i forhold til, og dei demokratiske verdiane trer ikkje fram som så universale som spesielt i *Perspektiver*. Korleis dei demokratiske revolusjonane blir skrivne om liknar mest på *Tidslinjer*. Begge bøkene har til felles at demokratiet kjem meir i skuggen av andre fenomen, der demokratiet kjem meir i

²⁴⁴ Rüsen 2004: 67.

forgrunnen i *Perspektiver*. I *Alle tiders historie* er det ikkje eit abstrakt fenomen som kan samanliknast med den globale økonomien i *Tidslinjer*, som overskygga demokratiet. I *Alle tiders historie* er det forteljinga om makt som ligg lengst framme, det er den det handlar mest om.

4.1.1. Eit annleis demokrati

Av dei analyserte lærebøkene er denne boka lengst borte frå ei tradisjonsforteljing om demokratiet. Forfattarane vektlegg avgrensingane i det tidlege demokratiet, samtidig som dei er klare på at den franske revolusjonen var motivert ut frå eit ynskje om makt.

Allereie når forfattarane skriv om opplysningstidas idear er maktmotivet viktig. Om John Lock sine idear om naturrettar skriv forfattarane at det var primært økonomiske motiv som låg bak argumentasjonen: «Locks filosofi inneheldt samstundes også ei klar avgrensing overfor det store fleirtalet i folket. Alle utan privat eigedom var utan politiske rettar. [...] Lock argumenterte først og fremst for å sikre interessene for dei som hadde eigedommar.»²⁴⁵

Thomas Jefferson som blir hylla i *Perspektiver*, kjem godt ned på bakken i *Alle tiders historie*:

«Nyare forskning viser derimot at Jefferson også hadde andre motiv for ikkje å ta opp kampen mot det menneskefiendtelege systemet [slaveriet]. I eit brev frå 1792 skriv han at kvar slave gav 4 prosent årleg avkastning. For å drive Monticello [plantasjen til Jefferson] med overskot var han heilt avhengig av slaveriet. Ideala frå sjølvstendefråsegnen kom altså til kort sett opp mot dei økonomiske interessene hans.»²⁴⁶

I *Perspektiver* blir han skildra på denne måten: «Jefferson må kunne kalles en opplyst mann. Han var utdannet jurist, men i tillegg snakket han fem språk flytende og hadde studert matematikk, naturvitenskap og – ikke minst – filosofi.»²⁴⁷

Forfattarane understreker at den franske revolusjonen sikra interessene til ein ny samfunnselite: «Etter to år hadde revolusjonen endra Frankrike [...]. Så langt hadde den nye middelklassen fått det som han ville. Dei økonomiske reformane og konstitusjonen frå 1791 var på mange måtar skreddarsydd for interessene til borgarskapen.»²⁴⁸

I *Alle tiders historie* blir det klarare uttrykt at demokratiet var annleis før enn i dei andre bøkene. Dette kan sjåast i samanheng med Aronsson si trope *historia gjentar seg ikkje*,

²⁴⁵ Heum et al. 2014: 14.

²⁴⁶ Ibid.: 18.

²⁴⁷ Madsen et al. 2014: 216.

²⁴⁸ Heum et al. 2014: 23.

då var annleis enn no, der kontrasten mellom fortida og notida er essensiell. Indirekte stadfester forfattarane ved sitt fokus på manglane ved det gamle demokratiet, vårt eige demokrati. Til forskjell trekker forfattarane i *Perspektiver* linjer mellom dei demokratiske ideala som kom under revolusjonane, og fram til i dag. Det understreker likskapen heller enn skilnadane mellom det tidlige demokratiet og vårt demokrati.

Trass i at demokratiet kjem i bakgrunnen, er det også viktig i *Alle tiders historie*. I slutten av kapittelet blir demokratiet til ei viss grad ei forståingsramme:

«Revolusjonane i 1848 hadde ført demokratiet viktige steg vidare. Likevel var det framleis langt fram til heile befolkninga fullt ut kunne delta i den politiske prosessen [...]. I Frankrike hadde 1848 tilsynelatande vore ein siger for demokratiet. [...] Paradoksalt nok hadde dei dermed også gitt den nyvalde presidenten myndigheit til å avskaffe viktige demokratiske reformer.»²⁴⁹

Her brukar forfattarane forståingsrammer rundt hendingane. Demokratiet blir ei slik ramme som dei historiske hendingane (revolusjonane i 1848), blir sett i forhold til: «[...] hadde ført demokratiet viktige steg vidare.» Dette underbygger at demokratiet er viktig i denne boka også.

Eit anna aspekt ved sitatet over er korleis forfattarane nyttar desse hendingane til å vise eit paradoks. Til samanlikning blir det i *Perspektiver* eit paradoks at USA undertrykte dei svarte, men sto samtidig fram som forsvararar av demokrati og menneskerettar. I *Tidslinjer* meinte forfattarane at det var paradoksalt av kolonistane å støtte demokratiet på heimebane. Det forfattarane av *Alle tiders historie* finn paradoksalt er at folk stemde på ein president som også kunne avskaffe demokratiske lover. Med andre ord at folket brukte makta si for å gi frå seg makt.

Når forfattarane skildrar demokratiseringa av Noreg, blir det lagt vekt på kampen om makta mellom samfunnsklassar. Det same vert handsama i *Tidslinjer*, men her vart det vektlagd ein klassekamp mellom bønder og embetsmenn, medan i *Alle tiders historie* er det maktkampen mellom den svenske kongen, embetsmenna og bøndene som står i fokus.²⁵⁰

4.1.2. Dei demokratiske ideala under nyimperialismen

I *Alle tiders historie* blir demokratiutviklinga og industrialiseringa sett i samanheng med koloniseringa, som forfattarane kallar «nyimperialismen». På denne måten blir dei demokratiske ideala tømde for eit moralsk innhald på tvers av tid. Dette markerer ein skilnad

²⁴⁹ Ibid.: 38.

²⁵⁰ Ibid.: 344-359.

til *Perspektiver*. I *Alle tider historie* vert demokratiseringa ein interessekonflikt mellom samfunnssklassar. Den nye eliten var også interesserte i koloniar, men dette blir ikkje behandla som noko paradoks av forfattarane:

«I tillegg kom no førestillinga om at den vestlege sivilisasjonen var overlegen alle andre. Ideane frå opplysningstida om fridom, fornuft og framsteg var universelle og hadde mellom anna ført til at slaveriet i Vesten vart oppheva. Industri teknologi og vitskap hadde gitt Europa og USA eit stort forsprang på alle andre verdsdelar. Opplysninga måtte derfor spreiaast til alle mørke krokur på kloden.»²⁵¹

Koloniseringskapitla i dei ulike bøkene får ulik funksjon og markerer ein sentral skilnad mellom dei. I *Perspektiver* kjem demokratiet heilt i bakgrunnen når denne sida av fortida skal skildrast. Dette kan lesast i samanheng med boka sitt elles demokratiske perspektiv. Forfattarane skriv faktisk rett ut at demokrati må til i Midtausten for å få fred i verda, altså ser det ut til at dei ynskjer at demokratiet bør spreie seg rundt i verda. Dette kan forklare at forfattarane ikkje sett opp paradokset med å vere eit demokrati og kolonisere andre verdsdelar. Med denne vinklinga blir det eit poeng at dei europeiske kolonimaktene ikkje hadde dagens gode demokratiske verdiar å spreie.

I *Tidslinjer* blir dette paradokset påpeika og det trer fram som kritikk mot dei europeiske stormaktene. Forfattarane uttrykker tydeleg at det å kolonisere og det å vere for politisk fridom, er motsetnader. Dette kan ein gjerne lese i forhold til boka sitt kritiske blikk mot Vesten. Forfattarane ser også kolonitida i samanheng med utviklinga av globale klasseskilje, den rike delen i nord, og den fattige i sør. Dette er kritikkverdig i forhold til denne boka sitt fokus på likskap i samfunnet.

Forfattarane av *Alle tiders historie* skriv rett ut at kolonimaktene ville spreie demokratiet sidan samtida såg ideala som gode. Her blir det heller ikkje oppretta eit paradoks. I denne boka er det nærliggjande å lese det i samanheng med at det tidlige demokratiet blir identifisert vekk frå vårt samtidige demokrati. Forfattarane viser stadig til andre motiv enn moralske hos dei som kjempa for demokratiet. Dette betyr ikkje at demokratiet ikkje har ein moralsk funksjon i boka, men denne funksjonen kjem til uttrykk ved å fokusere på «det umoralske», det som var annleis i fortida.

Mellomkrigstida i *Alle tiders historie* kan også tene som døme på at lesaren ikkje blir sett inn i ei forståingsramme. I dei andre lærebøkene blir det tydeleg og eksplisitt forklart at demokratiet vart utfordra av kommunismen og fascismen. I *Alle tiders historie* er den einaste indikasjonen på dette i innleiinga til kapittelet: «Da USAs president Woodrow Wilson

²⁵¹ Ibid.: 80.

argumenterte for amerikansk deltaking i den første verdskrigen, hevda han at dette var «krigen som skulle trygge verda for demokratiet». Slik gjekk det ikkje.»²⁵² Kapittelet omtalar kommunismen, fascismen og børskrakket, og ein observant lesar vil kunne skilje dei autoritære kreftene frå dei amerikanske kreftene som demokratiske. Men primært er det altså ei nøktern formidling der hendingsforløpet ikkje blir tolka i særlig grad. Fråværet av tolkningsrammer gjer at makt-perspektivet trer fram.

4.1.3. Kald krig og starten på NATO

Kanskje det klaraste dømet på at den deskriptive fortellermåten i *Alle tiders historie* er kapittelet om den kalde krigen. I *Perspektiver* går forfatarane ved hjelp av SPØKT-skjemaet punktvis til verks, og forklarar skilnadane mellom aust og vest. Dette gjer at kontrastane kjem klart fram. I *Tidslinjer* blir det brukt meir plass på Vesten enn på Sovjetunionen, USA får eigen biografi og forfatarane skriv generelt om samfunnet. I *Alle tiders historie* skriv forfatarane mest om Sovjetunionen, med fokus på korleis kommunistane tok over makta i aust-europeiske land. Lesaren blir ikkje sett inn i ei forståingsramme rundt konflikten, slik som i dei andre bøkene.

Igjen er eit slags unntak introduksjonen på kapittelet. Her vert det presentert ei polarisering: «På den eine sida tvinga Sovjetunionen mange statar til å innføre kommunisme, eller dei støtta kommunistiske geriljarørsler. På andre sida gav USA økonomisk og militær hjelp til land og grupper som ønskte å bevare demokratiet eller å slåst mot kommunismen.»²⁵³ Gjennom denne formuleringa ser ein korleis forfatarane deler ut roller til dei to landa. Sovjetunionen «tvinga» statar, og «støtta geriljarørsler». Medan USA «gav hjelp» rett nok økonomisk og militært, men det var til land som ville «bevare demokratiet». USA blir aktive i form av hjelparar, medan Sovjetunionen blir aggressive. Dette følgjer forfatarane opp i kapittelet, med skilnaden at det blir skriva mindre om USA.

Til samanlikning blir den kalde krigen i *Tidslinjer* innleia ved å forklare forholdet mellom aust mot vest: «De to supermaktene USA og Sovjetunionen stilte seg i spissen for hver sin blokk av stater som sto mot hverandre politisk, militært, og ideologisk. [...] Den kalde krigen var ikke bare en politisk og militær konflikt, men dreide seg også om ideologi og økonomi.»²⁵⁴ Den ideologiske og økonomiske delen av konflikten mellom aust og vest er utelaten i *Alle tiders historie*. Primært handlar kapittelet om maktforholda i Aust-Europa.

²⁵² Ibid.: 171.

²⁵³ Ibid.: 261.

²⁵⁴ Eliassen et. Al 2014: 458.

Demokratiet er ikkje i ein open ideologisk konflikt i *Alle tiders historie*, samanlikna med dei andre bøkene. Det er den politiske forteljinga som er førande, men i bagrunnen kan ein skimte eit forsvar for demokartiet.

4.1.4. Kald krig i *Alle tiders historie* i forhold til *Tidslinjer*:

I *Tidslinjer* får USA eit eige avsnitt som dekker ulike sosiale forhold i landet, samt at landet blir skildra som provokatørarar. USA må til dømes ta deler av skulda for at krigen vart global: «At den kalde krigen ble global, skyldtes også USAs økonomiske og strategiske interesser i store deler av verden. Ikke minst i Latin-Amerika støttet amerikanerne mange militærdiktaturer.»²⁵⁵ Eit anna døme er skildringa av Koreakrigen: «Etter Koreakrigen inngikk USA militærallianser med Australia, New Zealand og en rekke land i Asia, Latin-Amerika og Midtøsten, slik at Sovjetunionen nærmest ble omringet.»²⁵⁶ Det same om Cubakrisa: «Sovjetunionen hadde lenge kjent seg truet av amerikanske atomraketter som kunne nå deres storbyer fra utskytningbasen i Vest-Europa og Tyrkia. I 1962 ble USA for første gang utsatt for det samme da Sovjetunionen begynte å utplassere atomraketter på Cuba.»²⁵⁷

Forfattarane av *Alle tiders historie* forklarar Cubakrisa på denne måten: «I 1962 var faren for krig mellom stormaktene overhengande. Årsaka var Sovjetunionens avgjerd om å utplassere atomrakettar på Cuba.»²⁵⁸ Ein endar rett og slett opp med to ulike provokatørar i desse to bøkene. I *Alle tiders historie* er ikkje amerikanske atomrakettar retta mot Sovjet årsaka til Cubakrisa, heller ikkje dei militære alliansane USA inngjekk etter Koreakrigen som gjorde at Sovjet «nærmest ble omringet». I *Alle tiders historie* blir dette kapittelet primært ein konflikt mellom eit aggressivt og autoritært Sovjet, mot demokratiske land i Europa som får hjelp av USA. Men også i denne boka får USA kritikk, berre ikkje i dette kapittelet.

Faktisk får Stalin mykje av skulda for den kalde krigen i *Alle tiders historie*. I ein bolk som tek føre seg ulike forklaringar på spørsmålet om skuld, avsluttar forfattarane med å sitere historikaren John Lewis Gaddis, som får siste ordet: «Geografi, demografi og tradisjon var nok element i det kjølige forholdet mellom USA og Sovjetunionen etter den andre verdenskrigen, men dei var ikkje avgjerande. Mykje viktigare var dei politiske leiarane sjølve:

²⁵⁵ Ibid.: 460.

²⁵⁶ Ibid.: 461.

²⁵⁷ Ibid.: 462.

²⁵⁸ Heum et al. 2014: 273.

«(...) i særlig grad var utfallet avhengig av Stalins autoritære, paranoide og sjølvopptekne personlegdom.»²⁵⁹

4.1.5. NATO

NATO får ei viktig rolle i dei tre siste kapitla i denne boka. Ikkje berre i kraft av å vere ein sentral maktfaktor, men organisasjonen får også spele ei positiv rolle i forteljinga. Dette skjer blant anna ved å skildre NATO som fremmer demokrati, i same kapittel som EU blir skildra som ein lite demokratisk organisasjon, men også ved at NATO trer fram som eit gjennomføringsdyktig alternativ til FN.

Under den kalde krigen blir NATO oppretta, organisasjonen starta for å komme dei vestlege europeiske demokratia til unnsetning frå trusselen Sovjetunionen utgjorde:

«Marshallhjelpa var eit svar på det politiske trugsmålet som økonomisk kaos og elendige sosiale kår utgjorde mot demokratia. Men det var ikkje noko svar på det militære trugsmålet som Sovjetunionen utgjorde. [...] Regjeringane i vest pressa på for at USA skulle engasjere seg militært i forsvaret av Vest-Europa. Løysinga vart NATO.»²⁶⁰

I kapittelet etter skriv forfattarane om tre fenomen: Sovjetunionens fall, utviklinga av EU og korleis NATO vaks. Det positive biletet av NATO blir vidareført. NATO blir ein pådrivar for både samarbeid mellom bitre fiendar og demokratisering. Dette førde til at: «[...] historiske fiendar som Litauen og Polen eller Polen og Ukraina sette ned kommisjonar som undersøkte korleis samarbeidet på tvers av grensene kunne betrast.»²⁶¹ Til kontrast blir EU omtala med meir skepsis. Forfattarane nyttar ein del plass på å forklare korleis dei nordlige landa i unionen tente på finanskrisa medan dei sørlige tapte. Mot slutten av avsnittet skriv dei om to meiningsdanningar rundt kva finanskrisa i 2008 burde bety for EU. Forfattarane skriv at den eine sida meinte at krisa viste svakheiter med eit tett samarbeid mellom medlemslanda i unionen. Den andre meiningsdanninga argumenterte motsett, at krisa viste at EU burde ha eit tettare samarbeid: «Det [tettare samarbeid mellom EU landa] hadde som føresetnad at EU sentralt fekk myndigheit til å gripe direkte inni dei økonomiske avgjerdene regjeringane tok. Kritkarane meinte at ei slik utvikling ville auke det demokratiske underskotet i EU.»²⁶² Tettare samarbeid betyr meir demokratisk underskot i denne framstillinga.

²⁵⁹ Ibid.: 271.

²⁶⁰ Ibid.: 267.

²⁶¹ Ibid.: 322.

²⁶² Ibid.: 330.

På den andre sida ser ikkje forfattarane noko problematisk verken med eit tett NATO-samarbeid, eller eit aktivt NATO. Forteljinga verkar å argumentere for å utvide mandatet til NATO, frå å vere ein forsvarsallianse til å blir meir aktive på den internasjonale arenaen. Særleg sidan FN ikkje klarar å beskytte uskuldige sivile. Under krigen i Jugoslavia blir NATO framstilt som ein helt som klarde å demme opp for eit veikt FN: «FN klarde derfor ikkje å verne sivilbefolkninga. [...] Den einaste organisasjonen som hadde nok slagkraft til å stanse serberane, var NATO.»²⁶³

4.1.6. Demokrati mot terror og NATOs mandat

Det siste avsnittet, som er det mest framtidretta i denne boka, heiter «Demokrati mot terrorisme». Forfattarane opnar avsnittet med å skrive om kva terrorisme er: «Åtaka på USA 11.september 2001, bomba i Oslo og massakrane på Utøya 22. juli er terrorhandlingar.»²⁶⁴ Seinare i avsnittet utvidar dei definisjonen betrakteleg: «Men vi finn også døme på at staten sjølv brukar terror som verkemiddel. Både Stalin og Hitler gjorde det. Eit nyare døme er Sudan, der regjeringa på 2000-talet væpna nomadar for at dei skulle slåst mot befolkninga i sør.»²⁶⁵ I lys av tittelen på avsnittet er det nærliggjande å tolke at desse døma på terroristar og terrorstatar er motsetningar til demokratiet: «For terroristane er frykt eit mål i seg sjølv. Dersom folk er redde for eit nytt åtak, vil dei lett miste tilliten til at det politiske systemet kan verne dei. Slik verkar terror destabiliserande på demokratiet.»²⁶⁶ I lys av tittelen verkar det å vere opp til demokratia å nedkjempe desse ulike uttrykka for terror.

Etter ei innføring i kva terror er, tek forfattarane føre seg krigen i Afghanistan og Irak. Dei skriv at: «11. september 2001 var første gongen eit NATO-land vart utsett for åtak. Ifølgje NATOs grunnlagsdokument, artikkel V i Atlanterhavspakta, er det det same som eit åtak på alle medlemslanda.»²⁶⁷ Krigane verkar legitime sidan det var krig mot terror: «Krigane i Afghanistan og Irak hadde mellom anna som mål å fjerne dei som trenar og støtta terroristar som slo til mot Vesten.»²⁶⁸ I lys av innleiinga til avsnittet verkar terror å vere den største og mest aktuelle trusselen mot samfunnet vårt.

Men kampen mot terror har også vorte ei utfordring internt for demokratiet: «Etter den verste panikken og frykta for nye åtak hadde gitt seg, var det stilt spørsmål om kva middel ein

²⁶³ Ibid.: 324.

²⁶⁴ Ibid.: 358.

²⁶⁵ Ibid.: 359.

²⁶⁶ Ibid.: 359.

²⁶⁷ Ibid.: 360.

²⁶⁸ Ibid.: 362.

kan nytte for å avverje eit mogleg terroråtak [...]. Mange er villige til å akseptere stor grad av overvaking dersom dei trur at det vernar dei mot terroriståtak, langt færre er villige til å akseptere bruken av tortur. USA brukte tortur etter 11. september.»²⁶⁹ Sjølv om forfattarane reiser etiske spørsmål om metodane, verkar kampen mot terror å vere legitim likevel.

Siste setning i boka er eit spørsmål: «Bør det internasjonale samfunnet gripe direkte inn dersom makthavarar i eit land terroriserer si eiga befolkning?»²⁷⁰ For å svare på spørsmålet set forfattarane opp ein argumentasjon. Dei skriv først at dette er forbode av internasjonal rett. Deretter går dei til fortida:

«Da serbiske styrkar i 1999 var i ferd med å drive bort den albanske befolkninga frå Kosovo, valde NATO å gripe inn for å hindre ein katastrofe, sjølv om FN ikkje godkjende det. «Spørsmålet er om dette var ei enkeltstående hending, eller om humanitær intervensjon vil bli brukt i framtida for å hindre alvorlege brot på menneskerettane? Det er vanskeleg å vinne støtte i FN for slike intervensjonar. Dei landa som sjølv står bak overgrep, er imot ei omtolking av ikkje-intervensjonsprinsippet.»²⁷¹

Eg les dette som at forfattarane er tilhengjarar av å tolke om ikkje-intervensjonsprinsippet. Implisitt skriv dei at landa som ikkje driv overgrep av eige folk, er for dette.

Både i det siste kapittelet og «Europa etter den kalde krigen» verkar forfattarane å støtte NATO. Deler av forteljinga trer fram som eit argument for at alliansen skal ha ei meir aktiv rolle på verdsbasis. *Alle tiders historie* blir dermed den einaste av dei analyserte lærebøkene som aktivt forsvarar ei offensiv rolle når det kjem til militærbruk i utanrikspolitikken.

Den norske historie blir og avslutta med terror. Det er åtaka den 22. juli 2011 som blir skrivne om. Forfattarane tilbakeviser ein ide om rasereinleik på denne måten: «Å være norsk, tysk eller fransk er noko heilt anna i dag enn for 20, 50 eller 100 år sidan.»²⁷² Dette kan sjåast på som eit uttrykk for Rösen si utviklingsforteljing som ser endring som det kontinuerlege i historia. Rösen skriv også at tropene kan eksistere side om side i eit verk: I det første kapittelet om Noreg i denne boka skriv forfattarane fram noko som liknar ei motsetning: «... Noreg [vart] på nytt ein sjølvsendig stat, etter å ha vore underordna partner i ein union med Danmark sidan 1338. I 1814 hadde det gått 277 år sidan Noregsparagrafen i 1537, som førte til at Noreg miste sjølvstendet sitt. Trass i dette hadde landet likevel eksistert som ei eiga

²⁶⁹ Ibid.

²⁷⁰ Ibid.: 363.

²⁷¹ Ibid.: 363.

²⁷² Ibid.: 306.

eining. Det å vere nordmann var også ein klar identitet.»²⁷³ Det å vere nordmann blir her ein klar identitet gjennom 277 år. Her vektlegg forfattarane det kontinuerlege i historia.

Tilbake til terroren 22. juli, også i dette tilfellet blir terror eit generelt åtak på demokratiet i denne boka: «Viktigare [enn at det å vere norsk endrar seg] er det at terroren er eit åtak på demokratiet. Terroren avviser opne diskusjonar, prosessar og avgjerder som reiskapar til å forme samfunnet.»²⁷⁴ Dette er med underbyggje biletet av at terror er hovudtrusselen mot demokratiet i denne boka.

Til skilnad brukar forfattarane av *Perspektiver* statistikk i møte med terrortrusselen. Dei skriv som nemnt at risikoen før å miste livet er «forsvinnende liten». Biletet blir snudd på hovudet. I dette perspektivet blir terror noko ein ikkje treng å bekymre seg over:

«Begivenhetene det første tiåret etter angrepet mot World Trade Center i 2001 kan gi inntrykk av at internasjonal terror er den største trusselen mot internasjonal sikkerhet i dagens verden. [...] et slikt bilde er for enkelt [...] Risikoen for å miste livet i en terroraksjon er statistisk sett forsvinnende liten, uansett hvilket land du bor i.»²⁷⁵

4.2. Framtidsforventningar

Det siste avsnittet «Ikkje-innblandingsprinsippet for fall» tar form som eit framtidsretta dilemma. Det er ein heil del meir behageleg enn å bli åtvare mot klimakrise, store sosiale skilnadar eller at vi går mot slutten av dagens verdsordning. Som norsk elev sit ein rimeleg trygt i den verda som blir skildra i *Alle tiders historie*. Terror er den einaste trusselen som blir retta mot vårt eige samfunn. Trusselen blir alvorsprega i denne boka. Terror råkar elementære demokratiske verdiar. Likevel blir ikkje truselen til ein klar fysisk storleik, den blir ikkje knytt til eit spesifikt land eller ein organisasjon.

Det er eit gjennomgåande fokus på dei som til ei kvar tid har vore ved makta i denne boka. I kombinasjon med korleis NATO blir framstilt som sterke og gode, blir nær framtid ein relativ trygg plass for norske lesarar. Det siste avsnittet «ikkje-innblandingsprinsippet for fall?» er nærliggjande å lese moralsk. Forfattarane tek ikkje eit heilt klart standpunkt, men argumentasjonen går i retning av å utvide mandatet til NATO. Argumentasjonen er først og fremst moralsk grunnfesta og kan sporast til spørsmålet: bør vi nytte makta i NATO til å hjelpe andre?

²⁷³ Ibid.: 95.

²⁷⁴ Ibid.: 306.

²⁷⁵ Madsen et al. 2014: 525.

Sjølv om målet er fred, ser forfattarane dei harde realitetane i kvitauge:

«Rein militær innblanding er ofte berre ei mellombels løysing. Skal grunnlaget for fred skapast, må det skje gjennom å bygge opp att det sivile samfunnet. Det er ikkje mange land som er villige til å betale for eit langsiktig, omstendeleg og ofte farleg forsoningsarbeid i eit område som ligg langt borte.»²⁷⁶

Forfattarane legg til eit nytt kompliserande element som er grunnfesta i økonomi: Kva er vi villige til å betale for? Denne boka trer fram som meir realistisk enn dei andre.

Ein gjennomgåande skilnad på *Alle tiders historie* og dei andre bøkene, har vore fråværet av tolkingar av fortida. Framstillinga trer fram som meir nøktern. Dette kan også lesast som eit meir realistisk tilnærming, der *Perspektiver* og *Tidslinjer* er meir idealistiske. Det er gjerne idealismen i desse to bøkene som får framtida til å sjå mørk ut. I desse bøkene er vi lang frå det ideelle, medan i *Alle tiders historie*, er det ideelle mindre relevant. I denne boka har vi det meste av makt gjennom NATO, vi er rikast, «realistisk sett» ser det lovande ut. Klimaet er heller ikkje ein trussel.

Rolla den økonomiske dimensjonen får i denne boka, liknar meir på *Perspektiver* enn i *Tidslinjer*. Det vert ikkje oppretta ein økonomisk profil som er gjennomgåande slik som i *Tidslinjer*. Det er likevel tendensar til eit syn som er meir høgreorientert. Dette kjem fram i skildringa av liberalisme, og høgrebølga i Noreg. Likevel verkar forfattarane å støtte New Deal-politikken til Roosevelt. Om ein les boka etter ein økonomisk ideologisk posisjon, verkar forfattarane å argumentere for både meir og for mindre statleg innverknad i økonomien. Kanskje dette paradokset gjer at økonomi ikkje trer fram som eit svært viktig fenomen for framtida i denne boka.²⁷⁷

Klimatrusselen er så godt som utelaten i *Alle tiders historie*. I brødtæksten skriv forfattarane om miljøproblem knytte til blant anna oljeutvinning og sur nedbør. Desse problema blir ikkje sett i samheng med klimaet. Det einaste som syner at klimaet er trua, er ei kjelde i ein eigen bolk. Her kjem det fram at Gro Harlem Brundtland leia ein FN-kommisjon. Kjelda er eit utdrag av sluttrapporten til kommisjonen, og her kjem perspektivet om at framtidige generasjonar kan vere trua, fram. Forfattarane nyttar kjelda til å spørje: «Kvifor meinte generalsekretæren at Brundtland var spesielt eigna til å leie FN-kommisjonen for miljø og utvikling?»²⁷⁸ Alvoret i denne kjelda står i skarp kontrast til fråværet av temaet elles i boka. På dette punktet skil boka seg frå dei andre. *Perspektiver* har problematikken

²⁷⁶ Ibid.: 363

²⁷⁷ Ibid.: 57, 180-182, 299

²⁷⁸ Ibid.: 296

med, men forfatterane skriv ikkje om konsekvensane av global oppvarming, berre at det er alvorlig. I *Tidslinjer* blir det sett av ein god del plass til konsekvensane av klimaproblema, både samtidige og framtidige. I forhold til klima blir *Alle tiders historie* og *Tidslinjer* ytterpunkt, verda og framtida ser dermed svært annleis ut i desse to bøkene.

Utviklinga til Noreg har også i denne læreboka vore positiv, gjennom ei forteljing som går mot demokrati, rettar for minoritetar og rikdom. I dette perspektivet blir Noreg til liks med dei andre bøkene, omtala som eit eksempel til etterfølging. Noreg klarar seg betre enn resten av verda i denne boka også. Forfatterane har ikkje den same varme omtalen av Arbeidarpartiet i etterkrigsåra som dei andre bøkene, men det betyr lite sidan det gjekk bra på dei fleste områder likevel.

5. Avslutning

Målet i denne oppgåva er å finne kva framtidsforventningar som lærebøkene legger opp til. I denne avslutninga vil eg sjå på kva desse funna kan bety, ved å dra nytte av analysereiskapane som eg presenterte i innleiinga. Eg vil og sjå bøkene i forhold til eit samtidsperspektiv, og til slutt sjå funna og deler av teorien opp i mot læreplanen.

I *Perspektiver* ber framtida preg av truslar mot demokratiet. Den største trusselen kjem i form av at dei demokratiske landa tapar terreng, særleg økonomisk, medan autoritære land er på veg opp. Samtidig blir religion fremma som ei potensiell ny konfliktlinje. Og økonomiske nedgangstider kan utfordre demokratiet ved å skape politisk uro. I *Tidslinjer* pregast framtida meir av ein kapitalistisk verdsøkonomi som er vanskeleg å kontrollere. Verdsøkonomien er urettferdig ved at den skapar og opprettheld økonomiske skilnader i verda, samtidig blir klimaet og vårt framtidige livsgrunnlag trua av overforbruk. Demokratiet får ikkje same rolla som i *Perspektiver*, då det økonomiske systemet har oppstått og fortsatt utviklar seg innanfor demokratiske rammer. I *Perspektiver* er også klimautfordringane til stades, men dei får mindre betydning enn i *Tidslinjer* fordi forfattarane ikkje vektlegg konsekvensane av det i same grad.

I *Alle tiders historie* ser framtida tryggare ut. Sjølv om demokratiet blir trua av terror, trer NATO fram som ein sterk og god organisasjon som beskyttar sivile. Klimaet verkar ikkje å vere trua som i dei andre bøkene, og frykta for den demokratiske verdas nedgang er ikkje nemneverdig.

Det er i stor grad dei same fenomen og hendingane som går igjen lærebøkene. Men på grunn av skilnadane som nemnt over, får dei ofte ulik funksjon. Eit døme som kan illustrere dette er at Kina blir samanlikna med USA mot slutten av alle bøkene. I *Perspektiver* blir denne samanlikninga alvorsprega på grunn av måten forfattarane elles held seg til demokratiet på. Det siste kapittelet heiter «mot en ny verdensorden?» og kan sjåast som eit uttrykk for dette. I *Alle tiders historie* verkar samanlikninga mellom USA og Kina å vere nærast likegyldig. I denne boka står demokratia sterkare enn i *Perspektiver*, då Kina ikkje blir ein like tydeleg utfordrar til USA. Eit særtrekk ved *Alle tiders historie* er at USA sin økonomi ikkje blir eit eige tema. I dei andre bøkene tek forfattarane føre seg interne problem, spesielt økonomisk i USA og dannar på den måten eit bilete av at stormakta er i fall. I *Tidslinjer* blir USA utfordra frå mange ulike maktsentrum. Kina og USA dikotomien blir ikkje like tydeleg, men mot slutten av boka skriv forfattarane likevel at dette hundreåret kan bli «Asias hundreår». Sjølv om vi får eit klart bilete av ei demokratisk supermakt på veg nedover, blir

ikkje dette like truande som i *Perspektiver*. I *Tidslinjer* er det ikkje den klare konfliktlinja mellom demokrati og undertrykkjande styresett slik som det er i *Perspektiver*. Den vestlege verda representerer, i tillegg til demokrati, gjennomgåande urettferd i verda og eit økonomisk system som driftast av eit farleg forbruk, i *Tidslinjer*.

5.1. Forteljingsomgrepa og arbeidsspørsmål

For å finne framtidsforventningane skreiv eg innleiingsvis at eg ville nytte forteljingsomgrepa frå *Fortalt fortid*. Omgrepet *hovudforteljing* søker å finne ei meiningsbærande forteljing i eit verk. Målet er å finne noko som knytt saman dei ulike delane som verket består av. Det har vore utfordrande å finne ei klar forteljing som kan ramme inn alt innhaldet i bøkene. Likevel har eg funne ulike tyngdepunkt, som er gjennomgåande tendensar i bøkene, og som trer fram som toneangivande for kva bøkene handlar om. I den grad dette kan kallast ei hovudforteljing i lærebøkene, kan ein seie at *Perspektiver* handlar om demokratiet, *Tidslinjer* handlar om det globale økonomiske systemet og *Alle tiders historie* handlar om makt.

Fortalt fortid såg på historiebøker i sine analysar. Ein vesentleg skilnad mellom kjeldegrunlaget deira og mitt er at lærebøkene held seg til læreplanen. Dette kan gjerne forklare at lærebøkene spriker meir, og gjer *hovudforteljingsomgrepet* mindre eigna til denne sjangeren. Likevel har omgrepet bidrege med eit nyttig fokus i analysen av bøkene. Sjølv om lærebøkene har vorte skrivne innanfor den same læreplanen har ikkje dette gjort dei like av den grunn. Og det har vore mogleg å lese ut ulike tyngdepunkt i dei.

Til liks med *hovudforteljingsomgrepet* har det vore vanskeleg å finne ei *grunnforteljing*. Det som likevel kan vere eit felles forteljingsmønster i desse bøkene er at det blir skriva mest om vestlege land, dermed kan ein gjerne seie at Vesten si utvikling kan ramme inn bøkene. Eit anna fellestrekk ved bøkene er at dei held seg til demokratiet på ein måte som understreker at styreforma er viktig for oss.

5.1.1. Arbeidsspørsmål

Innleiingsvis skreiv eg nokre arbeidsspørsmål som kunne vere til hjelp for å finne dei ulike hovudforteljingane. Når det kjem til drivkrefter i forteljingane stikk kampen om makt seg ut i *Alle tiders historie*. I *Tidslinjer* blir den globale økonomien ein viktig pådrivar til urettferd, både innanfor industrialiseringa, kolonitida og i seinare tid. I *Perspektiver* er det ikkje ei drivkraft i forteljinga seg stikk seg ut på same måte. Her blir både demokrati, makt og

økonomi viktig i ulike kapittel. Felles for alle bøkene er at økonomiske nedgangstider kan føre til politisk uro og gi grobunn for anti-demokratiske krefter.

Når det kjem til subjektposisjonar, blir Thomas Jefferson eit illustrerande døme på korleis dei ulike bøkene vektlegg ulike delar av fortida. I *Perspektiver* blir Jefferson skildra som svært dyktig og kunnskapsrik, han trer fram som ein eksemplarisk demokratiforkjempar. I *Alle tiders historie* derimot, skriv forfattarane om slaveriet hans og korleis dette var eit motiv for avgrensingane i sjølvstendefråsegna. Her får han ei rolle som kynisk slavedrivar.

Mot slutten av *Perspektiver*, får Kina ei viktig rolle som utfordrar til den demokratiske verdsorden med USA i spissen. Dette gjer og at USA blir til beskyttar av demokratia. Kina blir skildra som autoritær og i sterk vekst, samtidig som USA verkar å vere på veg nedover. Ein kan seie at desse to rollene blir representantar for skiljet mellom undertrykking og demokrati som er gjennomgåande i boka.

NATO spele ei sentral rolle i *Alle tiders historie*. Organisasjonen blir pådrivar for demokrati, og beskyttar av sivile som lir stor naud. Organisasjonen trer fram som ein moralsk og god organisasjon.

I *Tidslinjer* blir spesielt dei fattige tildelt ei offerrolle. Dette kjem tydelegast fram under den tidlige industrialiseringa, og mot slutten av boka då klimaendringane råkar fattige hardast. Forfattarane er klare på urettferda i dette. Dei fattige har verken skyld i problema på grunn av lavt forbruk, dei er mest sårbare overfor endringane og har minst midlar til å klare seg med. IMF, Verdsbanken og transnasjonale selskap blir store kyniske organisasjonar som pressar på for globalisering av økonomien. Dei trer fram som overgripingar i lys av at dei står i bresjen for den urettferdige globale økonomien. Sosialismen får ei helterolle i *Tidslinjer* då ho fremmar demokrati og motsett seg den økonomiske liberalismen. Men ettersom vi nærmar oss vår eiga tid forsvinn dei ut av biletet.

I *Alle tiders historie* verkar forfattarane å vere meir passive observatørar av det historiske hendingsforløpet. Dei tek rolla som nøytrale formidlarar av det som «eigentleg» skjedde, utan å tolke for mykje inn i det. Ein annan samanheng forfattarane stikk seg ut, er når dei omtalar minoritetar. Her trer dei fram som talerøyr for dei svake si sak. I *Tidslinjer* trer forfattarane fram som varslarar av ein farleg retning verda går i, samtidig som dei rettar kritikk mot den globale økonomien og urettferda i verda. Medan forfattarane i *Perspektiver* trer fram som forkjemparar av demokratiet.

5.2. Forteljingane opp i mot Aronsson og Rösen sine troper

I lærebøkene er det mogeleg å finne fleire av dei ulike tropene som eg nemnde i innleiinga. Eg har allereie skrive at *Perspektiver* kan sjåast i samanheng med ei *eksemplarisk forteljing*, og *Tidslinjer* ligg nærare ei *kritisk forteljing*. *Eksemplariske forteljingar* viser til vår evne til å generalisere. Det er dette som skjer når verdiar, reglar eller prinsipp blir brukt til ulike tider og i ulike situasjonar. Dette liknar måten forfattarane held seg til dei demokratiske verdiane på, i *Perspektiver*. Likevel er det vanskeleg å seie at heile boka kan forklarast ut frå denne tropen. I eit anna perspektiv kan ein seie at heile læreboka er skrive innanfor ei utviklingsforteljing, forfattarane legg vekt på endring og viser korleis samfunnet har utvikla seg til det det er i dag. Desse to måtane å lese boka på ekskluderer ikkje kvarandre. Aronsson sine tropar om utvikling, *gullalder* og *framsteget* kan og sjåast i forhold til *Perspektiver*. På grunn av måten forfattarane generaliserer demokratiske verdiar på, kan den siste tida sjå ut som starten på eit forfall. I dette perspektivet, blir slutten på USA som ei demokratisk dominerande makt starten på ei nedgangsforteljing. Om forfattarane hadde satt punktum på eit litt tidligare tidspunkt, ville denne boka vore meir i tråd med *framstegs*-tropen, sidan dei demokratiske statane har meir eller mindre kontinuerleg breia om seg i verda og fått meir makt. Samtida markerer eit skilje ved at denne utviklinga ser ut til å snu i *Perspektiver*.

I *Tidslinjer* blir mange av utfordringane gjennom historia knytt til framveksten av eit globalt økonomisk system. Dei negative konsekvensane er til stades sidan industrialiseringa i denne boka. Rösen sin *kritiske forteljing* handlar om vår evne til å kritisere og motsette oss tradisjonar og det etablerte. Måten forfattarane held seg til det økonomiske systemet på verkar å vere i tråd med dette. I denne boka blir ikkje samtida eit vendepunkt som i *Perspektiver*, men det kjem fram at situasjonen har forverra seg. I lys av kritikken mot det den globale økonomien kan dette likne tidsaspektet i Aronsson si trope *det skjer intet nytt under sola*. Her er ein innanfor det same historiske rommet heile tida. Kontinuitet blir vektlagd. Den globale økonomien var urettferdig når det kom under industrialiseringa og er urettferdig i samtida og vil truleg fortsette å vere det inn i framtida i denne boka. Endringa som har skjedd når vi nærmar oss vår samtid, er at økonomien har vorte meir global og konsekvensane verre. Det er dei same problema, berre i eit større format.

Alle tiders historie er mindre fortolkande og meir deskriptiv i si framstilling. I forhold til dei to andre bøkene er det mindre forståingsrammer rundt historia i denne boka. Mitt formål er å seie noko om framtida i bøkene. Innleiingsvis skreiv eg på generelt grunnlag at kunnskap om fortida har innverknad på korleis framtida ser ut. Det er ikkje nødvendigvis

automatikk i dette. Når Rösen skriv funksjonen til historia, viser han til korleis kunnskap om fortida kan bidra til utvikling av narrativ kompetanse, altså vår evne til å hekte oss på ein større samanheng utover vår eiga levetid. Forfattarane av *Perspektiver* og *Tidslinjer* sett fortida i større grad inn i ein samanheng som går utover den tida hendingane skjer i. Ved å forklare meir om kva dei ulike hendingane betyr, blir det betre tilrettelagd for at fortida kan sjåast i samanheng med samtida og framtida. På denne måten kan forståingsrammene sjåas på som uttrykk for historiemedvit. I *Alle tiders historie* skjer dette i mindre grad. Fortida trer mindre fram som relevant til samtida, og seier mindre om kva framtid vi kan vente oss, enn i dei andre bøkene. Boka sit på ei mengd kunnskap om fortida, som potensielt kan tre fram som relevant for både samtida og framtida for ein lesar, men det blir meir opp til lesaren å skape samanhengane.

Ein måte å lese denne boka på, er i forhold til tropen *intet nytt under solen*. Frå byrjinga og fram til slutten er det eit kontinuerlig fokus på kven som har makt. Kontinuiteten gjer at det truleg ikkje vil endre seg. I dette perspektivet lever ein til liks med *Tidslinjer* i det same historiske rommet gjennom heile perioden. Makta har skifta hender, men innanfor det same spelet. I samanheng med at Noreg er ein del av NATO, ser ikkje framtida særleg truande ut. Det er kanskje ikkje tilfeldig at denne boka som er minst fortolkande og har det minst truande framtidsbiletet. Kanskje det er truslane mot samtida som kjem fram i *Perspektiver* og *Tidslinjer* som skapar eit behov for orientering i tid?

5.3. Samtida i lærebøkene

Det er ikkje noko nytt at historieskriving blir prega av forfattarane sine oppfatningar om verda. Samtida vil alltid vere til stades i den historia som blir skriva. Å sjå lærebøkene i lys av samtida som eit omdreingspunkt kan vere ein fruktbar måte å forstå dei på.

I dette perspektivet blir historia brukt til å forstå og bekrefte dei fenomena som trer fram som viktige i dag. Framtida i dette perspektivet presenterer ikkje moglegheiter som er betre enn dei vi allereie har i dag.

I *Perspektiver* finnast det eit ynskje om ei demokratisk og fredeleg verd. I *Tidslinjer* er det ein visjon om ei rettferdig og demokratisk verd, der klimaet blir ivaretatt. *Alle tiders historie* er mindre klar på dette. Desse framtidsvisjonane i *Perspektiver* og *Tidslinjer* trer ikkje berre fram som usannsynlege. Forfattarane skildrar samtidig ei verd som går i ei anna retning i bøkene. Særskilt i *Tidslinjer* går verda i motsett retning av visjonen. I begge tilfelle er samtida betre enn det framtida sannsynlegvis har å by på.

I *Perspektiver* blir trusselen i framtida at USA er på veg nedover saman med den demokratiske verdsorden, og at verda dermed blir mindre fri. Demokratiet blir garantist for fridom i denne boka. Dette blir forsterka ved at det autoritære Kina blir skildra som mogleg tronfølgjar i verdshegemoniet. I *Tidslinjer* er samtida mørkare. Verda er prega av urettferd og klimautfordringane går allereie ut over dei fattige. Likevel blir framtida verre. Den pregast av usikkerheit rundt vår eksistens.

På denne måten representerer framtida noko utrygt. Fortida representerer heller ikkje ei betre tid. I *Tidslinjer* er fortida mindre truande enn framtida, men likevel trer ikkje boka fram som nostalgisk, det blir ikkje skriva fram ei glanstid å sjå tilbake på. Likevel er samtida i *Tidslinjer* uholdbar, retninga må endrast. I *Perspektiver* er samtida ein god plass i forhold til framtida. Slik sett er samtida som omdreiingspunkt meir aktuelt for *Perspektiver*. Her blir målet å konservere den verda vi har. I *Tidslinjer* trengs endring.

I *Alle tiders historie* er ikkje framtida like truande. Men terror blir ein fiende mot demokratiet, og refleksjonen om kor vidt vi bør utvide mandatet til NATO, er og eit uttrykk for ein trussel. Men som nemnt er det ikkje ei like klar visjon for framtida i denne boka. Fråværet av tolkingsrammer rundt hendingane i fortida gjer at det blir vanskeleg å vurdere kva retning verda går i.

5.4. Nokre av funna opp i mot læreplanen

I alle bøkene er det uttrykt ein viss skepsis rundt religion. I *Perspektiver* og *Alle tiders historie* er det ein tendens til at dette handlar om islam når vi nærmar oss vår eiga tid. I eit framtidsperspektiv blir det knytt uro til ytterliggåande former for islam i *Perspektiver* og i *Alle tiders historie*. I *Tidslinjer* blir det også uttrykt skepsis til religion, men ved sida av islam, inkluderer forfattarane kristendom i USA og buddhisme i India. Dette motverkar at islam åleine representerer det faretruande ved religion. Som vi såg innleiingsvis står det i læreplanen at faget skal bidra til å «fremme toleranse» og «gjensidig respekt». Når islam blir knytt uro til i *Perspektiver* og *Alle tiders historie*, er det vanskeleg å sjå korleis dette fremmar desse verdiane. Islam kan oppfattast som ein trussel.

I læreplanen står det og at faget skal bidra til «innsikt i demokratiets betydning» for samfunnet vårt. Som nemnt blir demokratiet viktig i alle bøkene. Demokratiet blir i eit framtidsperspektiv noko verd å beskytte og kjempe for. At demokratiet blir nemnt, må vere grunna i eit ynskje frå politisk hald om at framtidige generasjonar også skal einast rundt styreforma. Dette bidreg bøkene til.

Det alvorstunge framtidsbiletet i *Tidslinjer* kan stimulere til meir apati eller desperasjon, enn den meir nøkterne setninga: «engasjement og aktiv deltakelse i samfunnslivet», som står i læreplanen. I denne boka må endring skje raskt, samtidig verkar dette usannsynleg at skal skje. *Alle tiders historie* som har eit meir optimistisk syn på framtida, inviterer lesaren til å ta stilling rundt NATO sitt mandat som avslutning av boka. Det er ein form for engasjement og det trer fram som kontrollerbart og trygt. I *Perspektiver* er det nærliggjande å trekke dette til korleis forfattarane la vekt på eit folkeleg engasjement som drivkraft til demokratiutvikling. Engasjement i samfunnet fungerer i denne forteljinga.

Litteraturliste

- Ammert, Niklas. 2010. «To bridge time: Historical Consciousness in Swedish History textbooks», *Journal of Educational Media, Memory & Society*, Vol. 2, No. 1, side 17-30.
- Angevik, Magne og Bodo von Borries. 2009. *Youth and history: a comparative European survey on historical consciousness and political attitudes among adolescents*, Hamburg: Körber-Stiftung.
- Aronsson, Peter. 2004. *Historiebruk – att använda det förflutna*, Lund: Studentlitteratur.
- Ask, Liv Torild Viland. 2009. *Hvordan sikter lærebøger i historie mot å utvikle historebevissthet- en sammenligning av lærebøker i den videregående skole fra 1976-2007*, masteroppgåve, Universitetet i Stavanger.
- Bøes, Jens Bjarne. 1996. *Historie som identitet – to studier i historiebevissthet*, Stavanger: Høgskolen i Stavanger.
- Carr, David. 2006. «History as Orientation: Rügen on Historical Culture and Narration», *History and Theory*, Vol. 45, Nr. 2, side 229-243
- Eikeland, Halvdan. 2013. «Historie og fremtid: en selvmotsigelse?», *Historie studenternes tidsskrift*, Nr. 4, side 102-111.
- Eliassen, Jørgen, Tore Linné Eriksen, Ola Engelién, Ole Kristian Grimnes, Synnøve Veinan Hellerud, Lene Skovholt, Knut Sprauten, Herdis Wiig og Andreas Øhren. 2011. *Tidslinjer 1+2. Verden og Norge*, Oslo: Aschehoug.
- Heiret, Jan, Teemu Ryymin og Svein Atle Skålevåg (red.). 2013. *Fortalt fortid. Norsk historieskriving etter 1970*, Oslo: Pex Forlag.
- Heum, Trond, Kåre Dahl Martinsen, Tommy Moum, Ola Teige. 2014. *Alle tiders historie. Verden og Norge etter 1750*, Oslo: Cappelen Damm.
- Jensen, Bernhard Eric. 2004. «Den Fortsatte kamp om det historiedidaktiske historiebegreb», i *Historiedidaktikk i Norden 8*, Trondheim: NTNU.
- Karlsson, Klas-Göran og Ulf Zander (red.). 2009. *Historien är nu. En introduktion till historiedidaktiken*, Lund: Studentlitteratur.
- Kvande, Lise og Nils Naastad. 2013. *Hva skal vi med historie? Historiedidaktikk i teori og praksis*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Knutsen, Ketil. 2006. *Historier ungdom lever – en studie av hvordan ungdommer bruker historie for å gjøre livet meningsfullt*, dr.philos. Universitetet i Bergen.
- Madsen, Per Anders, Inger Hilde Killerud, Hege Roaldset, Ane Bjølgerud Hansen og Eivind

- Sætre. 2014. *Perspektiver. Historie vg2 – vg3*, Oslo: Gyldendal Undervisning.
- Paulssen, Christian. 2011. *Historiebevissthet: Erfaringsnært, men teorifjernt*, masteroppgåve, NTNU.
- Rüsen, Jörn. 1987. «Historical Narration: Foundation, Types, Reason». *History and Theory*, Vol. 26, No. 4, side 87-97.
- Rüsen, Jörn. 2004. «Historical Consciousness: Narrative Structure, Moral Function, and Ontogenetic Development», i *Theorizing Historical Consciousness*, redigert av Peter Seixas, side 63-85, Toronto: University of Toronto Press.
- Ryymän, Teemu. 2017. *Historie og politikk. Historiebruk i norsk politikkutforming etter 1945*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Stugu, Ola Svein. 2009. «Frå undervisningslære til teori om historiemedvit og historiekultur – nokre nyare utviklingslinjer i historiedidaktikken». *Småskrifter fra Historisk institutt*, nr. 1, Trondheim: NTNU.
- Sæle, Christian. 2013. *Den rette historien. Lærebokkritikk som historiepolitisk redskap*, Ph.D.avhandling, Universitetet i Bergen.
- Utdanningsdirektoratet 2015. *Generell del av læreplanen*. Henta frå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/generell-del-av-lareplanen/innleiing/>
- Utdanningsdirektoratet 2009. *Læreplan i historie – fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram*. Henta frå: <https://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/Formaal>